

## **Møteinnkalling**

**Møtedato:** 04.09.2014  
**Møtestad:** Møterom i bankbygget  
**Møtetid:** Kl. 11:00

**Innkalling:** Faste medlemar i utvalet, Revisor er kalla inn i sakene 016-017/14

[Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no](mailto:arva@sekom.no)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

### **Sakliste**

| <b>Sak nr.</b> | <b>Saktittel</b>                                                                                           |
|----------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 014/14         | Godkjenning av innkalling og sakliste                                                                      |
| 015/14         | Skriv og meldingar                                                                                         |
| 016/14         | Forvaltningsrevisjonsprosjekt: Sjukefråvær og system for oppfølging                                        |
| 017/14         | Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsrapport: Vurdere bemanninga og ressursbruken på ulike tenestekområde |
| 018/14         | Oppfølgingsliste 3-2014                                                                                    |
| 019/14         | Eventuelt                                                                                                  |

Med helsing

Rune Steinsund  
Leiar

# ***SEKOM-sekretariat***

|                                         |                               |                         |
|-----------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|
| <b>Saksgang</b><br>Solund kontrollutval | <b>Møtedato</b><br>04.09.2014 | <b>Saksnr</b><br>014/14 |
|-----------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|

|                                                 |                      |                               |
|-------------------------------------------------|----------------------|-------------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b><br>Audhild Ragni Vie Alme | <b>Arkiv:</b><br>FE- | <b>Arkivsaknr.:</b><br>14/188 |
|-------------------------------------------------|----------------------|-------------------------------|

## **Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Vedlegg:**

### **Tilråding:**

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# SEKOM-sekretariat

|                                         |                               |                         |
|-----------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|
| <b>Saksgang</b><br>Solund kontrollutval | <b>Møtedato</b><br>04.09.2014 | <b>Saksnr</b><br>015/14 |
|-----------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|

|                                                 |                         |                              |
|-------------------------------------------------|-------------------------|------------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b><br>Audhild Ragni Vie Alme | <b>Arkiv:</b><br>FE-033 | <b>Arkivsaknr.:</b><br>14/93 |
|-------------------------------------------------|-------------------------|------------------------------|

## Skriv og meldingar

### Vedlegg:

| Dok.dato   | Tittel                                                                          | Dok.ID |
|------------|---------------------------------------------------------------------------------|--------|
| 09.07.2014 | Kommunestyresak 015-14 Kommunerekneskap 2013 Solund kommune, handsama 19.6.2014 | 115    |
| 10.07.2014 | Kommunestyresak 016/14 Tertialrapport 2014 nr 1, handsama 19.6.2014             | 122    |
| 10.07.2014 | Tertialrapport nr 1 år 2014                                                     | 123    |
| 09.07.2014 | Kommunestyresak 018/14 Årsmelding 2013 Kontrollutvalet, handsama 19.6.2014      | 116    |
| 22.08.2014 | Kommunestyresak 019/14 Godkjenning innkjøpsstrategi Solund kommune              | 328    |
| 22.08.2014 | Innkjøpsstrategi Solund kommune                                                 | 329    |

### Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

...



## Sakspapir

| SAKSGANG                  |         |            |               |
|---------------------------|---------|------------|---------------|
| Styre, utval, komite m.m. | Saksnr. | Møtedato   | Sakshandsamar |
| FORMANNSKAP               | 035/14  | 13.06.2014 | KJEMON        |
| ADMINISTRASJONSUTVAL      | 002/14  | 13.06.2014 | KJEMON        |
| KOMMUNESTYRE              | 015/14  | 19.06.2014 | KJEMON        |

|                                        |                      |                   |
|----------------------------------------|----------------------|-------------------|
| <b>Avgjerd av: Solund kommunestyre</b> | <b>Arkiv: K1-212</b> | <b>Arkivsaknr</b> |
|                                        | <b>Objekt:</b>       | 13/178            |

### KOMMUNEREKNESKAP 2013 SOLUND KOMMUNE

#### ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunerekneskapen for 2013 vert vedteke slik den ligg føre.  
Revisjonsberetninga og kontrollutvalet sine vedtak og presiseringar vert tatt til etterretning.

Drifta syner eit rekneskapsmessig resultat på kr. 0, etter strykningar.

Investeringsrekneskapen syner eit rekneskapsmessige mindreforbruk på kr. 32.787,97.  
Mindreforbruket vert avsett til generelt ubunde kapitalfond 2 53 99 700 spes. 8000.

#### **13.06.2014 ADMINISTRASJONSUTVAL**

##### *Votering*

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

#### **A-002/14 VEDTAK:**

Kommunerekneskapen for 2013 vert vedteke slik den ligg føre.  
Revisjonsberetninga og kontrollutvalet sine vedtak og presiseringar vert tatt til etterretning.

Drifta syner eit rekneskapsmessig resultat på kr. 0, etter strykningar.

Investeringsrekneskapen syner eit rekneskapsmessige mindreforbruk på kr. 32.787,97.  
Mindreforbruket vert avsett til generelt ubunde kapitalfond 2 53 99 700 spes. 8000.

## **13.06.2014 FORMANNSKAP**

### *Votering*

Administrasjonsutvalet sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

### **FOR-035/14 VEDTAK:**

Kommunerekneskapen for 2013 vert vedteke slik den ligg føre.

Revisjonsberetninga og kontrollutvalet sine vedtak og presiseringar vert tatt til etterretning.

Drifta syner eit rekneskapsmessig resultat på kr. 0, etter strykningar.

Investeringsrekneskapen syner eit rekneskapsmessige mindreforbruk på kr. 32.787,97.

Mindreforbruket vert avsett til generelt ubunde kapitalfond 2 53 99 700 spes. 8000.

## **19.06.2014 KOMMUNESTYRE**

*Representanten Irene Sanden ber om at kommunestyret vurderer hennar habilitet i saka.*

Representanten deltek ikkje i eiga vurdering og trær i frå, vararepresentant kjem til.

Kommunestyret vurderer representanten etter KommuneLOVA § 40, 3. ledd bokstav b, siste setning og finn representanten samrøystes habil til å fatte vedtak i saka.

### *Votering:*

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KOM-015/14 VEDTAK:**

Kommunerekneskapen for 2013 vert vedteke slik den ligg føre.

Revisjonsberetninga og kontrollutvalet sine vedtak og presiseringar vert tatt til etterretning.

Drifta syner eit rekneskapsmessig resultat på kr. 0, etter strykningar.

Investeringsrekneskapen syner eit rekneskapsmessige mindreforbruk på kr. 32.787,97.

Mindreforbruket vert avsett til generelt ubunde kapitalfond 2 53 99 700 spes. 8000.

**DOKUMENTLISTE:**

| <b>Nr</b> | <b>T</b> | <b>Dok.dato</b> | <b>Avsender/Mottakar</b>           | <b>Tittel</b>                                                                                      |
|-----------|----------|-----------------|------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1         | I        | 10.04.2013      | KRYSS REVISJON                     | REVISJONSUTTALE TIL<br>KOMPENSASJON AV<br>MEIRVERDIAVGIFT TIL SOLUND<br>KOMMUNE FOR 1. TERMIN 2013 |
| 2         | I        | 10.06.2013      | KRYSS REVISJON                     | REVISJONSUTTALE TIL<br>KOMPENSASJON AV<br>MEIRVERDIAVGIFT TIL SOLUND<br>KOMMUNE FOR 2. TERMIN 2013 |
| 3         | I        | 20.08.2013      | KRYSS REVISJON                     | REVISJONSUTTALE TIL<br>KOMPENSASJON AV<br>MEIRVERDIAVGIFT TIL SOLUND<br>KOMMUNE FOR 3. TERMIN 2013 |
| 4         | I        | 15.10.2013      | KRYSS REVISJON                     | REVISJONSUTTALE TIL<br>KOMPENSASJON AV<br>MEIRVERDIAVGIFT TIL SOLUND<br>KOMMUNE FOR 4. TERMIN 2013 |
| 5         | I        | 10.12.2013      | KRYSS REVISJON                     | REVISJONSUTTALE TIL<br>KOMPENSASJON AV<br>MEIRVERDIAVGIFT TIL SOLUND<br>KOMMUNE FOR 5. TERMIN 2013 |
| 6         | I        | 23.01.2014      | Helsedirektoratet                  | KOMMUNAL MEDFINANSIERING<br>AV SPESIALISTHELSETENESTA                                              |
| 7         | I        | 10.02.2014      | KRYSS REVISJON                     | REVISJONSUTTALE TIL<br>KOMPENSASJON AV<br>MEIRVERDIAVGIFT TIL SOLUND<br>KOMMUNE FOR 6. TERMIN 2013 |
| 8         | I        | 07.04.2014      | Fylkesmannen i Sogn og<br>Fjordane | INNSENDING AV REKNESKAP<br>2013                                                                    |
| 9         | I        | 13.05.2014      | KRYSS REVISJON                     | REVISJONSMELDING 2013                                                                              |
| 11        | I        | 11.06.2014      | SEKOM-sekreteriat                  | KONTROLLUTVALET SI SAK<br>010/14 ÅRSREKNESKAPEN 2013<br>SOLUND KOMMUNE                             |

**VEDLEGG I SAKA:**

| <b>Nr</b> | <b>T</b> | <b>Dok.dato</b> | <b>Avsender/Mottakar</b> | <b>Tittel</b>                                                          |
|-----------|----------|-----------------|--------------------------|------------------------------------------------------------------------|
| 9         | I        | 13.05.2014      | KRYSS REVISJON           | REVISJONSMELDING 2013                                                  |
| 11        | I        | 11.06.2014      | SEKOM-sekreteriat        | KONTROLLUTVALET SI SAK<br>010/14 ÅRSREKNESKAPEN 2013<br>SOLUND KOMMUNE |

**AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER M.M.:**

Kommunelova m/rekneskapsforskrifter

*Vedlegg i saka Rekneskap 2013 Solund kommune*

**KVA SAKA GJELD:**

Solund kommune sin endelege årsrekneskap for år 2013.

## SAKSUTGREIING:

Det vert i det alt vesentlege vist til Solund kommune sin Årsrekneskap og Årsmelding for år 2013.

Revisjonen har gjennomført sine revisjonshandlingar og dei har ikkje framført nokon merknader til kommunerekneskap og årsmeldinga for driftsåret.

Det er i revisjonsmeldinga kome ei presiseringar på 2 felt.

- 1) manglande prosjektrekneskapar i driftsåret
- 2) frist for rekneskapsavlegging

Det kan her nemnast at ein har forsøkt å arbeide inn uløyste oppgåver og hente inn tidstap på prosessar som skulle godt føre seg i driftsåret, og ein har lukkast å koma nærare målet. Men nokre oppgåver har ein måtta lagt til sides inntil ein har kome i takt med dei viktige økonomiske prosessane som skal gå føre seg.

Presiseringane er heilt på sin plass og ein vonar å få løyst opp i dette i dette og neste driftsår.

### Positivt driftsresultat

Sitat frå årsmeldinga si innleiing:

*Drifta syner for år 2013 eit positivt netto driftsresultatet på 2,3 mill. Dette utgjer 2,6% av samla driftsinntekter og er ei betring på 0,9% frå året før.*

Rekneskapen vart avslutta med eit 0-resultat.

Held ein utanom pensjon- og premieavviksoppgjeret, ville netto driftsresultat vorte betra, medan det rekneskapsmessige resultatet ville vore det same. Dette fordi ein då ville ha satt det overskytande pensjons- og premieavviket til disposisjonsfondet, i tråd med det reviderte budsjettet.

### Om avvika i drifta

Sjølv om rekneskapen er i balanse, har det vore ein del avvik i den daglege drifta. Avvika fordelte seg slik:

|                                                            | R – 2013          | RB – 2013         | Avvik       |
|------------------------------------------------------------|-------------------|-------------------|-------------|
| <b>Ansvar 900 – Overordna driftsinntekter- og utgifter</b> | <b>1 168 796</b>  | <b>1 175 000</b>  | <b>-6</b>   |
| <b>Ansvar 899 – Premieavvik/pensjonsoppgjer–</b>           | <b>389 034</b>    | <b>-200 000</b>   | <b>589</b>  |
| <b>Ansvar 901 – Moms frå investeringar</b>                 | <b>-1 036 837</b> | <b>-65 000</b>    | <b>-972</b> |
| <b>Ansvar 100, 120, 130, 410, 420</b>                      | <b>12 027 589</b> | <b>11 791 000</b> | <b>237</b>  |
| <b>Ansvar 210</b>                                          | <b>9 547 330</b>  | <b>9 722 000</b>  | <b>-175</b> |
| <b>Ansvar 211</b>                                          | <b>1 063 985</b>  | <b>1 098 000</b>  | <b>-34</b>  |
| <b>Ansvar 271</b>                                          | <b>4 065 083</b>  | <b>4 097 000</b>  | <b>-32</b>  |
| <b>Ansvar 310,312,315,360,370,371,372,373</b>              | <b>23 433 372</b> | <b>23 090 000</b> | <b>343</b>  |
| <b>Ansvar 400, 600, 601, 620</b>                           | <b>7 183 653</b>  | <b>7 026 000</b>  | <b>158</b>  |
| <b>Anvar 800</b>                                           | <b>0</b>          | <b>305 000</b>    | <b>-305</b> |
| <b>SUM</b>                                                 | <b>58 561 632</b> | <b>58 758 000</b> | <b>-196</b> |

Det går også fram av rekneskapen ovanfor at avvika er ulikt fordelt ved avdelingane. Alle vesentlege avvik er kommentert i årsmeldinga og det vert vist til denne for ytterlegare kommentarar.

### **Avvik i investering:**

Det er høvesvis små og få avvik i investeringsrekneskapen. Resultatet syner eit mindreforbruk på om lag 32.787,97. Dette skuldast først og fremst tilbakeført mva. frå investeringar og buffer på netto avdrag på utlån.

Hovudavviket på investeringsrekneskapen er at ein ikkje har fått gjennomført mange av dei politiske prioriterte prosjekta.

Dette vert ei prioritert oppgåve å få løyst i dette driftsåret så vel som for dei neste.

### **VURDERING:**

Administrasjonssjefen ser 0-resultatet som positivt og netto driftsresultat syner ei klår betring frå året før.

Ein ser at ein til ein viss grad har lukkast i det å tilpasse drifta til nye rammevilkår.

Avvika vert vurdert til ikkje å skuldast mangel på ansvarlegdom og/eller vanskjøtte.

Budsjettet var svært stramt og administrasjonssjefen har vore restriktiv med å tilrå auke på rammene når behov har meldt seg. Midlar har i staden vore kanalisert til ramme 800 – tilleggsløyvingar.

Dei aller fleste avvika var signalisert på førehand og/eller vart først kjent etter at det var mogleg å få gjort tiltak for å oppnå balanse. Fleire store avvik er rett og slett knytt til svært seine vavrekningar for leverte statlege tenester frå året før.

Utfordringa frametter er dei store grep som kanskje må gjerast for å tilpassa drifta til framtidige økonomiske rammevilkåra. Dette gjev negativ verknad på folketalsutviklinga.

Administrasjonssjefen vil fortsatt måtta halda trykket oppe i arbeidet med å halda budsjettkontrollen.

Samstundes må det setjast fokus på å skape nye inntekter til kommunen, framfor å einsidig ha fokus på utgiftsreduksjonar,

Det er naturleg å tilrå at mindreforbruket frå investeringane, vert avsett til eit ubunde investeringsfond, all den tid at ein til hausten har ambisjonar om å setja fokus på investeringsprosjekta og investeringsrekneskapen for Solund kommune.

### **KONKLUSJON:**

Administrasjonssjefen tilrår at Kommunerekneskapen for 2013 vert vedteke slik den ligg føre. Revisjonsberetninga og kontrollutvalet sine vedtak vert tatt til etterretning.

Drifta syner eit rekneskapsmessig resultat på kr. 0, etter strykningar.

Investeringsrekneskapen syner eit rekneskapsmessige mindreforbruk på kr. 32.787,97. Mindreforbruket vert avsett til generelt ubunde kapitalfond 2 53 99 700 spes. 8000.

**ETTER ENDELEG VEDTAK UTSKRIFT TIL:**



## Sakspapir

| SAKSGANG                  |         |            |               |
|---------------------------|---------|------------|---------------|
| Styre, utval, komite m.m. | Saksnr. | Møtedato   | Sakshandsamar |
| ADMINISTRASJONSUTVAL      | 003/14  | 13.06.2014 | KJEMON        |
| FORMANNSKAP               | 036/14  | 13.06.2014 | KJEMON        |
| KOMMUNESTYRE              | 016/14  | 19.06.2014 | KJEMON        |

|                                 |                          |                      |
|---------------------------------|--------------------------|----------------------|
| Avgjerd av: Solund kommunestyre | Arkiv: K1-210<br>Objekt: | Arkivsaknr<br>14/246 |
|---------------------------------|--------------------------|----------------------|

### TERTIALRAPPORT 2014 NR 1

#### ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tertialrapport nr. 1 for Solund kommune år 2014 vert tatt til vitande.

#### **13.06.2014 ADMINISTRASJONSUTVAL**

##### *Votering*

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

#### A-003/14 VEDTAK:

Tertialrapport nr. 1 for Solund kommune år 2014 vert tatt til vitande.

#### **13.06.2014 FORMANNSKAP**

##### *Votering*

Administrasjonsutvalet sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

#### FOR-036/14 VEDTAK:

Tertialrapport nr. 1 for Solund kommune år 2014 vert tatt til vitande.

## **19.06.2014 KOMMUNESTYRE**

*Representanten Irene Sanden ber om at kommunestyret vurderer hennar habilitet i saka.*  
Representanten deltek ikkje i eiga vurdering og trær i frå, vararepresentant kjem til.

Kommunestyret vurderer representanten etter KommuneLOVA § 40, 3. ledd bokstav b og finn representanten samrøystes inhabil til å fatte vedtak i saka.

*Votering:*

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KOM-016/14 VEDTAK:**

Tertialrapport nr. 1 for Solund kommune år 2014 vert tatt til vitande.

## **DOKUMENTLISTE:**

| <b>Nr</b> | <b>T</b> | <b>Dok.dato</b> | <b>Avsender/Mottakar</b> | <b>Tittel</b> |
|-----------|----------|-----------------|--------------------------|---------------|
|-----------|----------|-----------------|--------------------------|---------------|

## **VEDLEGG I SAKA:**

| <b>Nr</b> | <b>T</b> | <b>Dok.dato</b> | <b>Avsender/Mottakar</b> | <b>Tittel</b> |
|-----------|----------|-----------------|--------------------------|---------------|
|-----------|----------|-----------------|--------------------------|---------------|

## **AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER M.M.:**

Kommunelova m/rekneskapsforskrifter

Sak om Budsjett 2014 / Økonomiplan 2014-2017

Sak om årsrekneskap og årsmelding for år 2013

Sak om budsjettendringar tertial nr. 1 år 2014

Revidert nasjonalbudsjett / Kommuneøkonomiproposisjonen

KS sin prognosemodell

Kommuneopplegget – Fylkesmannen sitt rundskriv

Oversikt over lån, avdrag og renter

*Vedlegg i saka Tertialrapport nr 1 år 2014*

## **KVA SAKA GJELD:**

Det er i økonomireglementet lagt opp til at det skal presenterast ein rapport over driftsstatus for kvart tertial i driftsåret. Rapporten skal vise noko om status og forventa avvik frå rammer og mål som er fastsett. Den skal også skissere tiltak for å oppnå budsjettbalanse og konsekvensar av dei tiltaka som vert foreslått.

## **SAKSUTGREIING:**

Dei frie inntektene vert redusert monaleg. Denne rapporten skisserer årsakene og konsekvensane dette får for drifta.

Tilpasningar til den nye røynda vert gjort fortløpande i drifta..

Denne rapporten inneheld også ein fullstendig i oversikt over alle vedtekne investeringar. Dei investeringsprosjekt som har restløyvingar frå tidlegare år er også lista opp. Desse vert tilrådd overførast til driftsåret 2014 og vert ein del av arbeidsgrunnlaget ved neste rullering av økonomiplanen.

Det vert presentert ein del avvik, årsaker til desse, framlegg til tiltak og konsekvensar av desse, om dei har avgjerande betydning for tenestetilbodet og brukarane av tenestene i kommunen.

Det vert vist til vedlagte tertialrapport for vidare kommentarar om drift og investering.

**VURDERING:**

Sjølv om dei frie inntektene får ein vesentleg knekk ved framlegging Revidert Nasjonalbudsjett og Kommuneøkonomiproposisjonen, så er det gledeleg at dei lokale skatteinntektene har ei så positiv utvikling.

Samstundes skjer det ei vesentleg reduksjon i tilrettelagte tenester i kommunen, som bidreg til å dekkja opp tap i frie inntekter og ekstra utgiftsvekstvekst ved Solundheimen

Det burde vera mogleg å fortsatt levere eit godt tenestetilbod og samstundes koma i balanse ved årsslutt med dei rammevilkåra som ligg føre.

.

**KONKLUSJON:**

Tertialrapport nr. 1 for Solund kommune år 2014 vert tatt til vitande.

**ETTER ENDELEG VEDTAK UTSKRIFT TIL:**

# **TERTIALRAPPORT NR. 1 ÅR 2014**

## **Budsjett 2014**

## **Økonomiplan 2015 -2018**



### **Kams**

**Fiskarbonden i Solund sin lokale «nasjonalrett»**

## INNHALD:

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |           |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------|
| <b>Innleiing</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                | <b>3</b>  |
| <b>Endringar i dei økonomiske rammevilkåra – frie inntekter</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 | <b>3</b>  |
| <b>Ein vesentleg betra skatteinngang lokalt</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 | <b>6</b>  |
| <b>Samla endringar i frie inntekter i høve Solund sitt vedteke budsjett</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | <b>7</b>  |
| <b>Vidare gjennomgang av eksterne og interne rammeføresetnader</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              | <b>8</b>  |
| <b>Eigedomsskatt</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | <b>9</b>  |
| <b>Sum frie disponible inntekter</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | <b>9</b>  |
| <b>Renteutgifter- og inntekter</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              | <b>10</b> |
| <b>Avsetnader og bruk av avsetnader</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         | <b>11</b> |
| <b>Til fordeling drift</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | <b>12</b> |
| <b>Om Solund kommune sine målformuleringar</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | <b>12</b> |
| <b>Kommentarar til den daglege drifta</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       | <b>15</b> |
| <div style="display: flex; justify-content: space-between;"> <div style="width: 45%;">                     Ansvar 100, 120, 130, 410 og 420<br/>                     Ansvar 210, 211<br/>                     Ansvar 271<br/>                     Ansvar 300<br/>                     Ansvar 310, 312, 315, 360, 370, 371, 372 og 373<br/>                     Ansvar 400, 600, 601 og 620<br/>                     Ansvar 800<br/>                     Ansvar 899<br/>                     Ansvar 900<br/> <br/>                     Ansvar 901                 </div> <div style="width: 45%;">                     - Administrasjon, stabs- og støttefunksjonar<br/>                     - Solund barne- og ungdomsskule<br/>                     - Solund barnehage<br/>                     - NAV Solund<br/>                     - Helse- og omsorg<br/>                     - Plan- og utvikling<br/>                     - Tilleggsløyvingar<br/>                     - Pensjon og premieavvik<br/>                     - Løyvingar til Solund Sokneråd<br/>                     Andre overordna inntekter og utgifter<br/>                     - Momsrefusjonar frå drift                 </div> <div style="width: 10%; text-align: right;">                     16<br/>18<br/>20<br/>21<br/>21<br/>22<br/>25<br/>26<br/>26<br/><br/>26                 </div> </div> |           |
| <b>Sum alle ansvarsområde – fordelt til drift</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               | <b>27</b> |
| <b>Utvikling i sjukefråvær</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | <b>27</b> |
| <b>Investeringar</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | <b>28</b> |
| <b>Fullstendig investeringsplan</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             | <b>29</b> |
| <b>Finansiering av investeringane</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | <b>33</b> |
| <b>Epilog</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   | <b>34</b> |

### Innleiing:

Framlegg til revidert nasjonalbudsjett (RNB) / kommuneøkonomiproposisjon vart presentert medio mai d.å., og gjev signal og framlegg som påverkar kommunen sine rammevilkår for år 2014

Dette gjev grunnlag for justeringar av inneverande års budsjett.

Samstundes vert det gjeve signal for kva kommunane kan forvente av inntektsutvikling dei komande 4 åra. Dette dokumentet gjev også grunnlag for å rullere økonomiplanen i same vende.

Kommunane er dynamiske organisasjonar. Det vil difor oppstå avvik på tildelte rammer i eit driftsår; - positive som negative. Administrasjonssjefen har gjennomgått drifta etter 1. tertial for å finna dei avvik som kan forrykka den økonomiske balansen ved årsslutt.

Fokus har også vore å finna inndeckning for reduksjonen i frie inntekter som følge av RNB.

Denne tertialrapporten tek berre tak i avvik som vert rekna som vesentlege, og som ikkje er så rett fram å løysa innafør dei einskilde rammeområda i kommunen.

Saman med denne saka, vert det lagt fram ei eiga sak om budsjettendringar etter 1. tertial, slik at ein kan få eit mest mogleg samsvar mellom budsjett og rekneskap, og dermed eit mest mogleg realistisk budsjett å styra etter, resten av driftsåret.

Det vert elles vist til sak om Kommunerekneskap og Årsmelding 2013, samt til sak om Budsjett 2014 for detaljar omkring korleis drifta er organisert og tenkt løyst.

### Endringar i økonomiske rammevilkår – frie inntekter:

#### Framlegg til endringar i RNB 2014:

I RNB-14 vert dei frie inntektene til kommunesektoren nedjustert med om lag 0,4 mrd. i høve det som vart lagt til grunn i vedteke statsbudsjettet (des.-13). Dette skuldast følgjande nye/endra forventningar:

- Skatteinntektene i landet vart 0,5 mrd. lægre i år 2013 enn det Statsbudsjettet for 2014 la opp til. Dette har ført til at regjeringa har nedjustert skatteprognosen for år 2014. For Solund kommune gjev dette ein redusert prognose for skatt- og inntektsutjamning for år 2014, sidan folketal pr. 1/1 i driftsåret (815 stk.) vert lagt til grunn for prognosane.
- Regjeringa legg til grunn at folketalet veks mindre enn forventa på nasjonalt nivå i år 2014. Kommunesektoren treng såleis ikkje så mykje utgiftsdekning som opphavleg stipulert. Dette slår inn som redusert rammetilskot, først i år 2015. Dette fordi det er folketalet pr. 1/7 i året før driftsåret (829 stk.) som vert lagt til grunn for utrekning av utgiftsutjamning, innbyggjartilskot, m.m. Det vart likevel gjort ei mindre justering av det samla omfordelte innbyggjartilskotet i saldert statsbudsjett (des- 2013) for år 2014. Dette som følge av berekningar knytt til tilleggsproposisjonen frå den nye regjeringa.
- Prognosen for lønsoppgjeret er justert ned i år 2014 med 0,2% (3,5%-3,3%). Gjennomsnittleg løns- og prisvekst (deflatoren) er som følge av dette justert ned med 0,1% (3,1%-3,0%). Dette får effekt allereie i år 2014; - herunder på skatteveksten i landet.
- Avvikling av øyremerkte midlar til refusjonsordning for mindreårige asylsøklarar og flyktningar har ingen relevans for Solund kommune pr. dags dato.
- Tilskot til utleigebustader vert auka og tilskot til bustader for flyktningar vert prioritert.

**Effektar frå RNB for Solund kommune i år 2014:**

Nasjonale trendar og prognosar for befolkningsvekst, skatteinntekter, lønsoppgjær m.m., som vert utarbeidd både i departement og av KS, fører til justeringar av frie inntekter til kommunesektoren., Effektane av dei sentrale endringane er vanskeleg å berekne, sidan det er gjennomsnittsprognosar for landet som vert lagt til grunn for justeringar av kommunesektoren sine tildelingar.

Kommunane er som kjent ulikt skrudd saman på både vekstprognosar og alderssamansetnad, og eit sentralt lønsoppgjæret sin lønsvekstprognose kan slå skeivt ut lokalt, fordi det er store ulikskapane på både gjennomsnittsalder og ansiennitet i den einskilde kommunale organisasjon.

Desse folketalsdata vert lagt til grunn for utmåling/justering av Solund kommune sine frie inntekter:

Folketal pr. 1/7 2012 = 851

Folketal pr. 1/1 2013 = 842

Folketal pr. 1/7 2013 = 829

Folketal pr. 1/1 2014 = 815

Statsbudsjettet sin prognose pr. 1/1 2014 = 811

Prognosar for skatt og inntektsutjamning vert direkte påverka av folketeljingsdata pr. 1/1 i driftsåret. Prognosar for utgiftsutjamninga vert påverka av folketeljingsdata pr. 1/7 året før.

I oktober 2013 vart det i framlegg til statsbudsjettet lagt fram ein prognose for Solund sin skatt og inntektsutjamning for år 2014, basert på eit forventa folketalsnivå pr. 1/1-14 (811). Prognosen vart basert på landsgjennomsnittleg skattevekst, samt ein forventa nedgang i folketalet i Solund på 27 personar frå 1/1 året før. Denne prognosen vart lagt til grunn for kommunestyret sitt budsjettvedtak.

Endeleg folketal (815) vert lagt til grunn for RNB sin nye skatteprognose for år 2014. Korleis Solund sine skatteinntekter utviklar seg lokalt, vert ikkje tatt omsyn til i denne nye prognosen.

Ved å samanlikna desse to prognosane, og samstundes tek høgd for «bommen» i den sentrale prognosen for folketalsutviklinga siste halvår, så finn ein omtrentleg kva effekt RNB gjev på Solund kommune sine frie inntekter.

*Samanlikninga syner at Solund kommune har får berekna ein reell netto skattereduksjon på om lag - 0,6 mill. som følgje av regjeringa sine grep i framlegg til RNB.*

*Reduksjon i folketalet 2. halvår 2013 (frå 829 til 815) gjev ein ytterlegare reduksjon i prognosen for skatteinntekter på om lag -0,5 mill., vel å merka så lenge ein vel å leggja til grunn sentrale prognosar for landsgjennomsnittleg skattevekst / folketalsvekst / utviklingstrekk, m.m.*

Redusert utgift som følgje av redusert lønsoppgjær:

Effekten av eit forventa redusert lønsoppgjær, gjev ein utgiftsreduksjon på om lag +0,125 mill. Dette er igjen basert på at Solund kommune får landsgjennomsnittlege effektar.

*Samla sett vil dette seie at Solund kommune må finne inndecking for nærare 1,0 mill. i netto inntektssvikt, som følgje av framlagt RNB / redusert folketal.*

I denne summen er nedjusteringa frå saldert statsbudsjett frå des-13 inkludert tatt med (kr. 56').

**Signal om endringar frå år 2015 (henta frå Kommuneøkonomiproposisjonen):**

Av den frie inntektsveksten som er stipulert for kommunesektoren (4,2-4,5 mrd.), er auken til kommunane stipulert til 3,75-4,25 mrd. Denne veksten skal dekke:

- Auka utgifter knytt til demografisk utvikling (folketals- og folkesamansetnadsutvikling). Kostnaden på nasjonalt nivå er stipulert til om lag 2,7 mrd.
- Veksten i pensjonspremiar som er stipulert til om lag 0,5 mrd.
- Det vert forventa ein ekstra vekst på om lag til:
  - Helsestasjon- og skulehelsetenesta (m.a. heilårseffekt av endring i år 2014)
  - Utgifter knytt til rusavhengige og personar med psykiske lidningar
- Øyremerkt leirskuletilskot (og tilskot til gjeldsrådgjeving) vert innlemma i rammetilskotet
- Kommunal medfinansiering knytt til Samhandlingsreforma vert avvikla frå år 2015. Tilbakeføringa av frie inntekter frå kommunane til helseføretaka, skjer etter faktisk utgiftsnivå
- Det er i tillegg signalisert endringar i inntektssystemet:
  - Veksttilskotet vert auka ved tilsvarande trekk i innbyggjartilskotet
  - Distriktstilskotet vert endra frå å nytte soneinndeling til bruk av distriktsindeks. Korleis dette vil slå ut for kvar kommune, vert først presentert ved framlegging av Statsbudsjettet til hausten. INGAR (INnteksGARantisystemet) vil verta nytta til å kompensere for uforutsette tap
- Kontantstønadordninga skal gjennomgåast for å få vurdert om justeringa i rammetilskotet for år 2014 gav ynskjeleg effekt
- Rullering av inntektssystemet i år 2016/2017 – jf. kommunereformarbeidet

Realveksten for kommunesektoren er etter dette rekna til å verta på om lag 1,5% for komande år.

**Effektar for Solund kommune for år 2015 – 2018:**

Endringar i demografien (folketal/folkesamansetnad) frå 1/7-12 til 1/7-13 lokalt (frå 851 til 829), gjev negative effektar for kommunen sine inntekter frå og med 1/1 2015. Inkludert i berekningsgrunnlaget, er den sentrale reduksjonen i utgiftsdekninga, som nemnt under avsnittet om effektar knytt til RNB. I tillegg er skatteprognosen nedjustert noko, som følgje av sentrale prognosar for landsgjennomsnittleg vekst. Grunnlaget for utrekninga av Solund sin skatt er fortsatt folketeljing pr. 1/1 2014 (815).

Auka satsing på helsestasjon / skulehelseteneste og barnevern, gjev ein ekstra inntektsvekst på «særskilte fordelingar» på kr. 133'.

*Netto nedjustering av frie inntekter frå år 2014 til 2015, er berekna til om lag - 0,4 mill. for Solund.*

**Oppsummert endra rammevilkår i RNB / Kommuneøkonomiproposisjonen:**

- Reduserte frie inntekter = - 1,1 mill.
- Redusert lønsoppgjær = +0,125 mill.
- I år 2015 ver inntektene ytterlegare redusert med -0,4 mill.

Såleis sett får ikkje Solund kommune noka del i den signaliserte realveksten på 1,5%.

Det er berre å konstatere at dagens inntektssystem straffar ei negativ folketalsutvikling svært hardt.

## Ein vesentleg betra skatteinngang lokalt:

Som det går fram av tabellen under har Solund kommune hatt ei svært god utvikling i sine skatteinntekter i 1. tertial år 2014 samanlikna med både landet og fylket elles.

Med 4,4% endring frå same periode i fjor, så er Solund på 4.plass i Fylket på skatteutviklinga. Sidan folketalet er gått ned er veksten pr. innbyggjar endå større.

I år 2013 hadde Solund ein skatteinngang på om lag 85% av landsgjennomsnittet. For 1.tertial i år 2014 er den på heile 97,6% .

| Skatteinngang - Jan-apr 2014 |            |        |        |                                         |                           |           |                                                  |
|------------------------------|------------|--------|--------|-----------------------------------------|---------------------------|-----------|--------------------------------------------------|
| Nr.                          | Kommune    | Innb.  | Totalt | Endring<br>periode frå<br>2013 til 2014 | Av lands-<br>gjennomsnitt | Pr. innb. | Endr. periode.<br>pr. innb. frå<br>2013 til 2014 |
| 1417                         | Vik        | 2 688  | 27 943 | 19,5 %                                  | 133,5 %                   | 10 395    | 21,4 %                                           |
| 1438                         | Bremanger  | 3 950  | 39 273 | 9,9 %                                   | 127,7 %                   | 9 943     | 9,8 %                                            |
| 1426                         | Luster     | 5 089  | 66 384 | 9,4 %                                   | 167,6 %                   | 13 045    | 8,4 %                                            |
| 1413                         | Hyllestad  | 1 391  | 10 384 | 7,7 %                                   | 95,9 %                    | 7 465     | 10,6 %                                           |
| 1412                         | Solund     | 815    | 6 191  | 4,4 %                                   | 97,6 %                    | 7 596     | 7,9 %                                            |
| 1416                         | Høyanger   | 4 183  | 40 492 | 3,7 %                                   | 124,3 %                   | 9 680     | 4,6 %                                            |
| 1431                         | Jølster    | 3 070  | 22 310 | 3,8 %                                   | 93,3 %                    | 7 267     | 4,1 %                                            |
| 1419                         | Leikanger  | 2 268  | 16 971 | 3,6 %                                   | 96,1 %                    | 7 483     | 3,0 %                                            |
| 1439                         | Vågsøy     | 6 091  | 43 279 | 4,2 %                                   | 91,3 %                    | 7 105     | 4,7 %                                            |
| 1432                         | Førde      | 12 685 | 93 588 | 3,4 %                                   | 94,8 %                    | 7 378     | 2,4 %                                            |
| 1411                         | Gulen      | 2 315  | 18 209 | 2,1 %                                   | 101,0 %                   | 7 866     | 1,7 %                                            |
| 1401                         | Flora      | 11 779 | 88 936 | 2,3 %                                   | 97,0 %                    | 7 550     | 1,6 %                                            |
| 1445                         | Gloppen    | 5 694  | 38 675 | 5,2 %                                   | 87,2 %                    | 6 792     | 4,8 %                                            |
| 1429                         | Fjaler     | 2 853  | 16 186 | 3,0 %                                   | 72,9 %                    | 5 673     | 3,7 %                                            |
| 1443                         | Eid        | 5 926  | 37 484 | 1,8 %                                   | 81,2 %                    | 6 325     | 1,7 %                                            |
| 1430                         | Gaular     | 2 928  | 17 489 | 1,8 %                                   | 76,7 %                    | 5 973     | 1,6 %                                            |
| 1449                         | Stryn      | 7 134  | 45 292 | 1,9 %                                   | 81,5 %                    | 6 349     | 1,5 %                                            |
| 1424                         | Årdal      | 5 496  | 60 229 | 0,7 %                                   | 140,8 %                   | 10 959    | 1,2 %                                            |
| 1420                         | Sogndal    | 7 623  | 52 021 | 2,3 %                                   | 87,7 %                    | 6 824     | 0,3 %                                            |
| 1441                         | Selje      | 2 782  | 17 843 | 0,0 %                                   | 82,4 %                    | 6 414     | 0,3 %                                            |
| 1428                         | Askvoll    | 3 011  | 18 051 | -1,3 %                                  | 77,0 %                    | 5 995     | -1,1 %                                           |
| 1422                         | Lærdal     | 2 174  | 28 136 | 0,9 %                                   | 166,2 %                   | 12 942    | 1,0 %                                            |
| 1433                         | Naustdal   | 2 776  | 16 578 | 0,4 %                                   | 76,7 %                    | 5 972     | -1,9 %                                           |
| 1444                         | Hornindal  | 1 223  | 6 994  | -4,3 %                                  | 73,5 %                    | 5 719     | -3,1 %                                           |
| 1418                         | Balestrand | 1 306  | 10 290 | -4,5 %                                  | 101,2 %                   | 7 879     | -2,2 %                                           |
| 1421                         | Aurland    | 1 715  | 37 142 | -4,4 %                                  | 278,2 %                   | 21 657    | -4,4 %                                           |

Landsgjennomsnittet vart opphavleg budsjettert med 3,3% vekst og er no nedjustert til 3,0%.

I RNB er det stipulert ein negativ skattevekst for Solund kommune på -3,5%.

Med ein skattevekst for Solund på 4,4% resten av året også, vil meirinntekter på skatt verta +1,5 mill. i høve statleg prognose. Samstundes mistar kommunen om lag -1,0 mill. i stipulert inntektsutjamning. At tapet er så høgt, skuldast at Solund får 90% kompensert for skatteinntekter som er under 90% av landsgjennomsnittet og 60% for inntekter som ligg mellom 90%-100% av landsgjennomsnittet.

Men så langt er det berre 2 av 6 hovud-skatteterminar som er inntektsført i år 2014. Det er såleis for tidleg å seie om denne veksten vil halde same nivå resten av året.

Med ein skattevekst på nivå med landsgjennomsnittet (3,0%) vil netto meirinntekt på skatt verte 0,3 mill. Dette burde vera eit forsiktig, men realistisk anslag.

### Samla endringar i frie inntekter i høve Solund sitt vedteke budsjett:

|                                           | RB - 14        | ØP - 15        | ØP - 16        | ØP - 17        | ØP - 18        |
|-------------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Innbyggjartilskot                         | -18 915        | -18 909        | -18 909        | -18 909        | -18 458        |
| Justering RNB                             |                | 451            | 451            | 450            |                |
| Utgiftsutjamning                          | -14 059        | -14 039        | -14 039        | -14 039        | -14 110        |
| Justering RNB                             |                | -71            | -71            | -71            |                |
| Overgangsordningar (INGAR)                | -799           | -799           | -799           | -799           | -799           |
| Særskilte fordelingar                     | -200           | -200           | -200           | -200           | -333           |
| Justering RNB                             |                | -133           | -133           | -133           |                |
| Småkommunetilskot                         | -5 316         | -5 316         | -5 316         | -5 316         | -5 316         |
| Fylkesmannen sitt skjønstilskot           | -2 800         | -2 800         | -2 800         | -2 800         | -2 800         |
| Ekstra skjøn - revidert inntektssystem    | -100           | -100           | -100           | -100           | -100           |
| Endring statsbudsjett                     | 56             |                |                |                |                |
| Salderingspost – tusenavrunding           | 44             | 14             | 14             | 15             | 14             |
| <b>Sum Rammetilskot</b>                   | <b>-42 089</b> | <b>-41 902</b> | <b>-41 902</b> | <b>-41 902</b> | <b>-41 902</b> |
| Inntektsutjamning                         | -1 553         | -1 553         | -1 553         | -1 553         | -1 687         |
| Justering RNB                             | -144           | -134           | -134           | -134           |                |
| Skatt på inntekt og formue                | -19 115        | -19 115        | -19 115        | -19 115        | -17 811        |
| Justering RNB                             | 1 201          | 1 304          | 1 304          | 1 304          |                |
| Forventa netto meirinntekter skatt        | -300           | -200           | -200           | -200           | -200           |
| <b>Sum skatt og inntektsutjamning</b>     | <b>-19 911</b> | <b>-19 698</b> | <b>-19 698</b> | <b>-19 698</b> | <b>-19 698</b> |
| <b>Sum framlegg rammetilskot og skatt</b> | <b>-62 000</b> | <b>-61 600</b> | <b>-61 600</b> | <b>-61 600</b> | <b>-61 600</b> |
| <b>Opphavleg budsjett</b>                 | <b>-62 800</b> | <b>-62 800</b> | <b>-62 800</b> | <b>-62 800</b> | <b>-62 800</b> |
| <b>Redusert rammetilskot og skatt</b>     | <b>800</b>     | <b>1 200</b>   | <b>1 200</b>   | <b>1 200</b>   | <b>1 200</b>   |

Dei gule felte er endringar som følgje av RNB / Kommuneøkonomiproposisjonen.

Det brunraude feltet er endringa frå saldert budsjett frå des-13.

Dei lyseblå felte er dei ekstra netto skatteinntektene som vert tilrådd nytta som saldering av kommunen sitt budsjett.

At dei reduserte frie inntektene er 0,1 mill. betre enn det som er skrive ovanfor, er at det i det her vert samanlikning mot kommunen sitt vedteke budsjett. Der hadde ein lagt inn tala frå statsbudsjettet med avrundingar nedover i alle ledd.

## Vidare gjennomgang av eksterne og interne rammeføresetnader

**Tabell som gjev oversikt over andre statstilskot med framlegg til endringar:**

|                                                          | RB - 14       | ØP - 15       | ØP - 16     | ØP - 17       | ØP - 18       |
|----------------------------------------------------------|---------------|---------------|-------------|---------------|---------------|
| Prosjektskjøn / e.o. skjønsmidlar (FM)                   | -300          | -300          |             |               |               |
| Grunnskulereform 1997                                    | -50           | -50           | -50         | -50           | -50           |
| Rentekompensasjon Sokneråd                               | -11           | -12           | -13         | -14           | -14           |
| Rentekompensasjon Sokneråd - 2014 ff.                    | -5            | -13           | -24         | -35           | -36           |
| Rentekompensasjon rehabilitering skulebygg               | -100          | -100          | -100        | -100          | -100          |
| Rentekompensasjon rehabilitering skulebygg - 2014 ff.    | -12           | -40           | -75         | -103          | -105          |
| Ombygging Solundheimen                                   | -637          | -637          | -637        | -637          | -637          |
| Redusert marknadsrente (i høve prognose)                 | 50            |               |             |               |               |
| Bustadtilskot ført på ansvar 310                         | -100          | -100          | -100        | -100          | -100          |
| Tilskot Næringsfond ført på ansvar 400                   | -600          | -600          | -600        | -600          | -600          |
| Oppstillingsmessig endring - frå stats til fylkestilskot | 600           | 600           | 600         | 600           | 600           |
| <b>Sum andre generelle statstilskot</b>                  | <b>-1 165</b> | <b>-1 252</b> | <b>-999</b> | <b>-1 039</b> | <b>-1 042</b> |

### Prosjektskjøn – fullelektronisk arkiv

Fylkesmannen har tildelt 0,3 mill. til projektet fullelektronisk arkiv.

Arkivtenesta vil saman med Fylkesarkivet, syter for at prosessen går forsvarleg for seg.

Målet er å få på plass ein ny og godkjent arkivplan som skal gjelda for alle einingar i heile kommunen innan 31/10 2015.

Det er engasjert ein prosjektleiar for prosjektperioden.

Økonomikontoret er også sterkt involvert for å få på plass fullelektroniske økonomi- og fagsystem i heile organisasjonen, der målet er at arbeidsflyten skal gå føre seg utan bruk av papir.

Det er søkt om ytterlegare projektskjønsmidlar til denne delen av arbeidet.

Det vert forventa at Fylkesmannen følgjer opp med projektskjønsmidlar til føremålet også i år 2015.

*Prosjektskjønstilskot kan aukast med 300' for driftsåra 2014 og 2015.*

*Jf. tilsvarende utgiftsføring ved ansvar 100.*

### Nedjustering rentekompensasjonsmidlar:

Mange «andre generelle statstilskot» er rentekompensasjonsmidlar som følgjer Husbanken si fastrentebane. Denne renta er fortsatt låg, tilliks med renta for budsjetterte renteutgifter.

Investeringane ved skulen er utsett og forventa rentekompensasjon derifrå kjem ikkje i år 2014, slik som budsjettert.

*Det er behov for å redusera forventa tilskot med om lag 50'.*

### Endra føring av tilskot til Næringsfond – oppstillingsmessig justering

Budsjettert tilskot (600') skal førast som Fylkeskommunalt tilskot. Ikkje som eit statstilskot.

Dette fører til at tilskotet skal ut av Budsjettskjema 1A. Det er såleis ikkje lenger trong for å ta omsyn til dette tilskotet ved avstemming av skjema 1B.

Det er ikkje trong for budsjettjustering for denne endringa. I tabellen under er aktuelle celler markert med raudbrun farge.

#### Samla oversyn over andre overordna statlege tilskot med endringar:

#### Eigedomsskatt:

I skrivande stund held eigedomsskattenemnda på med kontroll av grunnlagsdata og prøvetaksering. Inntektsmålet til kommunestyret er 1,22 mill. Dette målet kan syne seg å verta vanskeleg å nå, sidan alle eigedomar som vert taksert etter formuesgrunnlagsmetoden (bustader som er registrert som heilårsbustader) får ein reduksjon i skattegrunnlaget på 33% første takseringsår. Neste år er reduksjonsfaktoren 20%.

*Skattesetlane vert skrivne i slutten av månaden og det vil verta orientert nærare om kor mykje skatt som faktisk vert utskrive for år 2014 i Kommunestyremøte.*

Eigedomsskatteemnda har signalisert at dei kan hende vil oversenda til eigedomsskattekontoret nokre gnr/bnr. som dei ber Kommunestyret vurdere om skal få fritak for eigedomsskatt etter §7 i eskl.

#### Sum frie disponible inntekter:

Etter at det er tatt høgð for alle eksterne og interne inntektsføresetnader, samt eigedomsskatteinntektene, vert sum disponible frie inntekter følgjande:

|                                                   | 2014           | ØP - 15        | ØP - 16        | ØP - 17        | ØP - 18        |
|---------------------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>Sum frie disponible inntekter des-13</b>       | <b>-64 385</b> | <b>-64 022</b> | <b>-63 769</b> | <b>-63 809</b> | <b>-63 783</b> |
| <b>Sum frie disponible inntekter mai-14</b>       | <b>-65 535</b> | <b>-65 572</b> | <b>-65 619</b> | <b>-65 659</b> |                |
| <b>Oppstillingsmessig justering (næringsfond)</b> | <b>-600</b>    | <b>-600</b>    | <b>-600</b>    | <b>-600</b>    |                |
| <b>Reduksjon frie inntekter</b>                   | <b>550</b>     | <b>950</b>     | <b>1 250</b>   | <b>1 250</b>   |                |

Her er ikkje reduserande utgiftseffektar av lønsoppgjeret tatt med.

Årsaka til endringa mellom år 2015 og 2016 er opphøyr av prosjektskjønsmidlar. Tilsvarande reduksjon skjer då med reduksjon av prosjektkostnaden til fullelektronisk arkiv.

#### Korleis dekke inn reduksjonen i frie inntekter:

Administrasjonssjefen har tidlegare gjeve uttrykk for at det ikkje lenger er vesentlege strukturelle grep å ta i Solund kommune. Samstundes vil ein gjennomgå ein organisasjonsutviklingsprosess for å sjå om det er mogleg å optimalisera drifta innafor dei strukturar som no er etablert.

I det vidare vert det sett på om det er mogleg å finna inndeckningar i netto finansutgifter og ved justeringar i avsetnadsnivået, før den daglege drifta eventuelt vert saldert.

## Renteutgifter- og inntekter:

Rentenivået pr. år i gjeldande budsjett/økonomiplan vart fastsatt til følgjande:

| RB - 13 | OB - 14 | ØP - 15 | ØP - 16 | ØP - 17 |
|---------|---------|---------|---------|---------|
| 2,50 %  | 2,75 %  | 3,00 %  | 3,25 %  | 3,75 %  |

Det var i budsjettet lagt inn ein margin på renta i høve Kommunalbanken sitt forventa rentenivå på om lag 0,5% for år 2014 og med jamn auke med 0,25% kvart år fram mot år 2017. I år 2017 er budsjettet lagt opp med 3,5% rente

Kommunalbanken sine forventningar pr. i dag, vert speila i dagens tilbod om fastrentebinding:

| Renteregulering: | 1 ÅR   | 2 ÅR   | 3 ÅR   | 4 ÅR   | 5 ÅR   | 6 ÅR   | 7 ÅR   | 8 ÅR   | 10 ÅR  |
|------------------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Nominell rente:  | 2,21 % | 2,25 % | 2,36 % | 2,54 % | 2,72 % | 2,90 % | 3,05 % | 3,20 % | 3,37 % |
| Effektiv rente:  | 2,22 % | 2,27 % | 2,37 % | 2,55 % | 2,74 % | 2,92 % | 3,07 % | 3,22 % | 3,40 % |

Renta på Solund kommune sine løpande lån i kommunalbanken er framleis om lag på 2,25%. Renteekspertane gjev ingen signal om at denne renta skal gå opp dei første åra iflg. denne tabellen.

Sidan det no er gått ½ år med eit rentenivå under 2,25%, og sidan signala er same fastrentenivå i 2 år frametter, så er det rom for å redusera grunnlagsrenta med inntil 0,5% for både 2014 og 2015. Det er då igjen ein margin frå flytande- til fastrentenivå for 2014 og +0,25% margin i 2015.

For driftsåret 2016 er det utfrå tabellen mogleg å redusere budsjettert rente med inntil 0,5% og likevel halde ein margin på om lag 0,50%.

For driftsåret 2017 aukar marginen ytterlegare ved å gjere same grep. Dersom ein legg inn ei rente på 3,25% i år 2018, legg ein seg tett opp mot kva som er mogleg å oppnå på å binde renta i 10 år. Det skulle vera ei god forsikring i å gjere det slik.

*Det vert tilrådd å justera renta til følgjande nivå:*

|                                                     |                  |               |
|-----------------------------------------------------|------------------|---------------|
| 2014 = 2,25% Ny margin = flytande- vs. fast         | Endring = -0,50% | Effekt: -250' |
| 2015 = 2,50% Ny margin = flytande- vs. fast + 0,25% | Endring = -0,50% | Effekt: -275' |
| 2016 = 2,75% Ny margin = flytande- vs. fast + 0,50% | Endring = -0,50% | Effekt: -250' |
| 2017 = 3,00% Ny margin = flytande- vs. fast + 0,58% | Endring = -0,75% | Effekt: -400' |
| 2018 = 3,25% Ny margin = flytande- vs. fast + 0,75% |                  |               |

### Om renteinntekter:

Sjølv om budsjettert rentenivå vert redusert, ligg det inne ein god margin på budsjetterte renteinntekter (dvs. godt under faktiske renteinntekter i år 2013).

*Det vert tilrådd å halde renteinntektsnivået uendra ved denne korsvegen*

Tabell som gjev oversikt over renter og avdrag og tilrådte endringar:

|                                       | RB - 14      | ØP - 15      | ØP - 16      | ØP - 17      | ØP - 18      |
|---------------------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Renteinntekter                        | -350         | -375         | -400         | -450         | -494         |
| Renteinntekter ført på ansvar 400     | -20          | -20          | -20          | -20          | -20          |
| Utbyte                                | -550         | -550         | -550         | -550         | -550         |
| Renteutgifter m.m.                    | 1 954        | 2 143        | 2 286        | 2 545        | 2 219        |
| Justerte renteutgifter                | -250         | -275         | -250         | -400         |              |
| Avdrag på lån                         | 3 071        | 3 288        | 3 433        | 3 545        | 3 627        |
| Tusenavrunding                        | -2           | 7            | 0            | -5           | 5            |
| <b>Netto finansutgifter/inntekter</b> | <b>3 854</b> | <b>4 217</b> | <b>4 499</b> | <b>4 665</b> | <b>4 788</b> |

### Avsetnader / bruk av avsetnader:

Dei ekstraordinære skjønsmidlane frå Fylkesmannen som vart tildelt hausten 2013 (1,0 mill.), og som vart avsett til disposisjonsfond same år, var frå Fylkesmannen si side meint skulle nyttast i år 2014.

Bruken vart fordelt på år 2014 og 2015 med 0,5 mill. kvart år.

I tillegg vart det vedteke ein avsetnad på 0,5 mill. kvart år i heile planperioden

For å unngå for tøffe endringar i drifta, bør Kommunestyret vurdere sitt avsetnadsnivå.

Det vert difor tilrådd å redusere den netto avsetnader for perioden som tabellen under syner.

|                                               | RB - 14     | ØP - 15    | ØP - 16    | ØP - 17    | ØP - 18   |
|-----------------------------------------------|-------------|------------|------------|------------|-----------|
| Til disposisjonsfond                          | 500         | 650        | 500        | 225        |           |
| Justert avsetnad                              | -250        | -300       | -375       | -225       |           |
| Avsetnad tilskot Dalesund - Tangenes/Leirvika |             | 90         | 180        | 180        | 180       |
| Til bundne fond                               | 400         | 400        | 400        | 400        | 400       |
| Bruk av tidl. års mindreforbruk               |             |            |            |            |           |
| Bruk av disposisjonsfond                      | -500        | -500       |            |            | -150      |
| Bruk av bundne avsetnader                     | -400        | -400       | -400       | -400       | -400      |
| <b>Netto avsetnader</b>                       | <b>-250</b> | <b>-60</b> | <b>305</b> | <b>180</b> | <b>30</b> |

## Til fordeling drift:

Etter at endringar i dei overordna rammeføresetnadane og inndekningsframlegg er tatt omsyn til, vert det følgjande endringar i finansieringsbehovet i drifta:

|                                                   | 2014           | ØP - 15        | ØP - 16        | ØP - 17        | ØP - 18        |
|---------------------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>TIL FORDELING DRIFT DES-13</b>                 | <b>-59 860</b> | <b>-58 695</b> | <b>-57 545</b> | <b>-57 545</b> | <b>-57 545</b> |
| <b>TIL FORDELING DRIFT MAI-14</b>                 | <b>-60 520</b> | <b>-59 695</b> | <b>-58 770</b> | <b>-58 770</b> |                |
| <b>Oppstillingsmessig justering (næringsfond)</b> | <b>-600</b>    | <b>-600</b>    | <b>-600</b>    | <b>-600</b>    |                |
| <b>Auka finansieringsbehov i drift</b>            | <b>60</b>      | <b>400</b>     | <b>525</b>     | <b>525</b>     |                |

Samla sett har ein nærast funne inndekning for reduksjon i frie inntekter ved dei grep som er gjort. I denne tabellen er ikkje nedjustert lønsoppgjer medrekna (om lag -125'). Det gjev ein naturleg justering i kommunen sine driftsutgifter, utan reduksjon i tenestetilbodet.

Før framlegg til justeringar / inndekning i dagleg drift vert presentert, vert det orientert litt om mål og ev. endra målsetjingar for den daglege drifta.

## Om Solund kommune sine målformuleringar

I kommuneplanen er det formulert konkrete mål for 16 satsingsområda som er nemnt under:

- 3.1 Folketalsutvikling
- 3.2 Bumiljø, innbyggjarengasjement og trivsel
- 3.3 Næringsutvikling
- 3.4 Natur og kulturlandskap
- 3.5 Miljøvern og berekraftig utvikling
- 3.6 Kultur og identitet
- 3.7 Idrett og friluftsliv
- 3.8 Samferdsel og infrastruktur
- 3.9 Ung i Solund
- 3.10 Barnehage og skule
- 3.11 Helse og omsorg
- 3.12 Beredskap og tekniske tenester
- 3.13 Kommunen som organisasjon
- 3.14 Kommunen som arbeidsgjevar
- 3.15 Interkommunalt samarbeid
- 4.0 Arealforvaltning

I Budsjettsaka for 2014 vart følgjande formulert:

*Administrasjonssjefen tilrår at ein våren 2014 køyrer ein prosess med fokus på målformuleringar.*

*Det er her heilt naturleg at resultata av eit eventuelt omdøme- og profileringsarbeid vert tatt med i vurderingar og målformuleringar vidare.*

*Ved å fastsetja både klåre effektmål (kva vi søker å oppnå) og resultatmål for den kommunale drifta, vil ein også i ettertid lettare kunna vurdere om måla vert nådd.*

*For driftsåret 2014 framstår det som viktigare enn nokon gong å setja folketalsvekst som eit av dei viktigaste overordna resultatmåla. I kommuneplanen er det sett eit vekstmål på 2%,*

*For Solund kommune som organisasjon handlar det sjølvsagt om å ha sterk fokus det å oppretthalda- og utvikla vidare, eit godt tenestetilbod.*

*I tillegg må ein forsøka å setja større fokus på tilrettelegging for utvikling av både eksisterande verksemder, så vel som for nyskapningar. Ein må forsøka saman å bryta den vonde sirkelen som har oppstår ved stadig å måtta tilpassa drift til reduserte økonomiske rammevilkår.*

Det var meininga å starte opp ein grundig målformuleringsprosess ved rulleringa av denne økonomiplanen. Av grunnar som t.d. uforutsett sjukefråvær og fullt fokus på eigedomsskatteutskrivinga, får ikkje administrasjonen førebudd dette arbeidet godt nok og tilrår at dette arbeidet heller vert starta hausten 2014 og slutført i samband med neste rullering av økonomiplanen desember 2014.

Det er likevel sett sterkt fokus på det som er nemnt i budsjettsaka som fokusområde i 1. tertial.

### **Om Folketalsvekst +2%**

Dette målet rår ein ikkje med på kort sikt, men ein kan arbeide systematisk mot å snu trenden på lengre sikt.

Sidan det har vore uråd å køyre ein grundig rulleringsprosess ved dette rapporteringspunktet, så bør/dette få hovudfokus i budsjett- og økonomiplanprosessen til hausten, og ved neste rullering av kommuneplanen til neste år.

### **Om det å Oppretthalda tenestetilbod**

Skiftande rammevilkår gjev stadig nye utfordringar.

For å kunna oppretthalda det svært gode tenestetilbodet som faktisk finst i Solund kommune, er det viktig med jamne og føreseielege rammevilkår. Stendig nedjusteringar av frie inntekter, vert difor ei utfordring, og stel mykje fokus i samband med presentasjon av økonomiske saker til politisk nivå.

I budsjett 2014 fant ein løysingar for dei tyngste økonomiske utfordringane som der vart lista opp:

- Ressurskrevjande brukarar – opphøyr øyremerkt tilskot
- Auka kostnader samhandlingsreforma
- Flate kutt frå gjeldande økonomiplan

Nokre justeringar mellom rammer, innafor same programområde (t.d. 310-373), har tvinga seg fram.

I denne tertialrapporten gjev nedjustert skatteanslag frå sentralt hald samt nedjustert netto skatteinntekt og utgiftsutjamning som følgje av nye folketeljingar, den største utfordringa.

Og utfordringa vart større enn venta, i og med den ekstra sentrale nedjusteringa av frie inntekter.

Det vert vist til innleiande kapittel for detaljar omkring dette temaet.

Manglande inndekning etter oppjustering av lokalt skatteanslag og reduksjon i rentenivå, må ein løysa ved å finna inndekning i den daglege drifta.

### **Om tilrettelegging for utvikling av både eksisterande verksemder, så vel som for nyskapningar**

I budsjettsaka vart det nemnt nokre prioriterte fokusområde som alle har samanheng med tilrettelegging for utvikling:

- Fokus på å få ein grunnmur på plass for å kunna ivareta tilretteleggingsrolla
  - Fullelektronisk arkiv innan hausten 2015; - herunder digitalisering av økonomirutinar- og arbeid.  
Fører m.a. til raske og tidsriktige leveransar til innbyggjarar / næringsliv og er også eit rekrutterings- og omdømetiltak
  - Gjennomføre ein heilskapleg organisasjonsutviklingsprosess  
Fører m.a. til optimalisering av drift / fører til heilskapstenkning / skaper entusiasme og kreativitet / godt omdøme
- Fokus på samfunnsutviklingsrolla
  - Rullering av kommuneplan  
Fører m.a. til raske og gode avgjersleprosessar / skaper eit godt, samanhengande og sjølvforklarande målhierarki i kommunen
  - Klargjere konkrete bustad-, industri- og næringsområde  
Fører m.a. til at konkrete førespurnader om etablering vert løyst, utan lange føregåande politiske og administrative prosessar
- Fokus på omdøme- og samfunnsutvikling
  - Omdøme og profilering  
Fører m.a. til auka samhald og bulyst i bygda / legg til rette for felles merkevarerbygging / bidreg til å skape positive botnliner i det lokale næringslivet
  - Prosjektfokus  
Fører m.a. til eit fokus på auka inntekter i staden for fokus på å redusere utgifter. Små prioriterte midlar, veks til større satsingsområde

### **Tidlegare års bestillingar frå politisk nivå:**

|                                   |                                                                                                                                        |
|-----------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Kulturskule                       | - er under oppstart til hausten                                                                                                        |
| Utvida SFO-tilbod                 | - er under oppstart til hausten                                                                                                        |
| Vedlikehaldsplan                  | - ein har ikkje fått fram eit godt nok grunnlag for handsaming                                                                         |
| Realistisk investeringsplan       | - heng saman med arbeidet med vedlikehaldsplanen                                                                                       |
| Organisasjonsutvikling            | - prosess med administrativ organisering er under oppstart                                                                             |
| Oversikt interkommunale samarbeid | - kostnader med desse er presentert.<br>Det vert arbeidd med å finna løysingar på å få ned kostnader på alle økonomisystem / fagsystem |

### **I vedtak for Budsjett 2014 pkt. 13, er følgjande bestilling gjort frå politisk nivå:**

- Framlegging av sak om korleis arbeide vidare med bru over Ytre Steinsund
  - Nytt adhoc-utval er oppretta og i drift. Kommunestyret vil verta løpande orientert om arbeidet som går føre seg med denne saka
- Ei vurdering av korleis kome vidare med uteområde ved Solundheimen (inkl. tilkomst)

- Det vert i desse dagar arbeidd aktivt med uteområde sør.
- I samband med rullering av økonomiplan – vurdering/kostnadsoverslag for innspel frå felles eldreråd og råd for funksjonshemma sine innspel til planen
  - Det vert arbeidd med å få fram eit avgjerslegrunnlag for dette.  
Fordi hovudrulleringa av økonomiplanen skjer i haust, vil innspela verta vurdert og innarbeidd i den prosessen

Det ligg også mange bestillingar og prioriteringar i budsjettet, som følgje av vedteke investeringsplan. Investeringar skal vanlegvis gjere ein kommune i stand til å løysa alle lovpålagde oppgåver og bidra til at kommunen når dei mål som er sett.

## **Kommentarar til den daglege drifta**

I det vidare vert det kommentert ein del avvik i drifta pr. 1. tertial.  
Det er berre avvik som er over kr. 25' som vert kommentert.  
Går drifta som normalt, vert det ikkje rapportert noko.

Ein del av dei avvika som vert presentert, vart allereie kjend ved detaljbudsjetteringa.  
For å halde budsjettbalansen på kvart rammeområde, vert desse no tilrådd justert. Justeringane går berre mellom ansvarsområde med same budsjettansvarleg. Det må ikkje gjerast endringar i drift og/eller tenestetilbod som går utover budsjettføresetnadane, som følgje av desse justeringane.

Regjeringa har lagt til grunn at lønsveksten vert 0,2% lægre enn opphavleg forventa.  
Det er 4 rammeområde som har høge lønskostnader. Reduksjonen av lønsutgifter vert fordelt høvesmessig på desse rammeområda. Fordelinga vert slik:

|            |          |
|------------|----------|
| Ansvar 100 | kr. -25' |
| Ansvar 210 | kr. -35' |
| Ansvar 271 | kr. -25' |
| Ansvar 370 | kr. -50' |

|            |                  |
|------------|------------------|
| <b>Sum</b> | <b>kr. -135'</b> |
|------------|------------------|

Det skjer ei vesentleg endring for kommunen sitt samla behov for å yte tilrettelagte tenester. Dette gjer det mogleg å finna løysingar for inndekningsbehov i drifta, utan reduksjon i tenestetilbodet elles.

Det reviderte budsjettet stramt, men inneheld likevel det forskriftsmessige kravet til at det skal vera fullstendig, realistisk og i balanse.

Det er all grunn til å tru at både innbyggjarar og brukarar, også etter denne revisjonen, vil nyte godt av eit svært godt tenestetilbod i Solund kommune.

Det er eit forskriftsmessig krav til endring av økonomiplan, når det vert vedteke endringar i driftsåret som påverkar seinare planår. Dette er eit svært godt og sunt prinsipp og ved denne tertialjusteringa skjer det mange endringar som påverkar rammene for påfølgjande år.

Økonomiplanen vert såleis samstundes rullert i samband med denne tertialrapporteringa.

**Ansvar 100, 120, 130, 410 og 420****Politikk og administrasjon****Stabs- og støttefunksjonar; - herunder Bibliotek og Frivillegsentral m.m.****Føresetnader for budsjettbalanse var slik:**

- Politisk aktivitet vert på same nivå som opphavleg planlagt
- Innføring av E-handel gjev effektiviseringseffektar allereie frå innføringstidspunktet
- Naturlege avgangar og omstillingar i administrasjonen fører til permanent redusert bemanning
- Vakansar løysar den kortsiktige økonomiske utfordringa i høve det flate økonomiske kuttet
- For å kunna starta opp og lukkast med prosessar og prosjekt som planlagt, er ein avhengig av ekstraressursar og ekstra ekstern finansiering.

Under følgjer tabell som syner tilrådde endringar. Nokre utfyllande kommentarar følgje deretter.

|                                                      | OB - 14 | RB - 14    | ØP - 15 | ØP - 16     | ØP - 17 | ØP - 18 |
|------------------------------------------------------|---------|------------|---------|-------------|---------|---------|
| <b>Administrasjon, politikk, fellesutgifter m.m.</b> |         | <b>575</b> |         | <b>300</b>  |         |         |
| Fullelektronisk arkiv (jf. prosjektskjøn)            |         | <b>300</b> |         | <b>-300</b> |         |         |
| Redusert refusjon frå NAV                            |         | <b>50</b>  |         |             |         |         |
| Verdibrev ungdom                                     |         | <b>50</b>  |         |             |         |         |
| Opphøyr internsalg mot PLOMS                         |         | <b>200</b> |         |             |         |         |
| Kompensasjon prisvekst                               |         | <b>-25</b> |         |             |         |         |

|                                           |  |             |  |  |  |  |
|-------------------------------------------|--|-------------|--|--|--|--|
| <b>Rådgjevar skuleadm. m.m.</b>           |  | <b>-150</b> |  |  |  |  |
| Reduserte skyssutgifter (jf. 100 og 410)  |  | <b>-70</b>  |  |  |  |  |
| Auka inntekter framandspråklege (jf. 100) |  | <b>-80</b>  |  |  |  |  |

|                                 |  |           |  |  |  |  |
|---------------------------------|--|-----------|--|--|--|--|
| <b>Biblioteksjef</b>            |  | <b>50</b> |  |  |  |  |
| Auka kostnader (frå ansvar 120) |  | <b>50</b> |  |  |  |  |

Det er engasjert ein prosjektleiar som skal leia prosjekt fullektronisk arkiv. Inntektene er ført på «andre statlege tilskot» og er kommentert under avsnitta for frie inntekter. Når prosjektet opphøyrer i år 2015, vert løyvinga redusert i år 2016.

Det har vore gjennomført eit internkjøp av administrative tenester frå Helse- og omsorg til Servicekontoret. Dette salet opphøyrde i år 2013 og rammene har ikkje vorte justert for tapte inntekter ved Servicekontoret, medan reduserte kostnader er gjennomført i den store omorganiseringsprosessen som har gått føre seg ved Helse- og omsorgsavdelinga dei siste åra. Resterande justering skjer i eit nullsumspel mellom ansvar 100, 120 og 410.

Tapte inntekter frå NAV og auka kostnader til verdibrev, samt auka driftskostnader ved Biblioteket, vert dekkja ved reduserte kostnader til skuleskyss og forventa auka inntekter på framandspråklege. Sistnemnde inntekter vart redusert i år 2013, grunna teljetidspunkt. Det er å vone at dette slår betre ut for Solund kommune for inneverande år.

Det er store omstillingar på gang ved administrasjonen. Arbeidet med innføring av eigedomsskatt og prosjekt fullelektronisk arkiv / økonomikontor krev også etter kvart involvering av heile organisasjonen. Det er utarbeidd ein prosjektplan for fullelektronisk arkiv / økonomikontor. Fylkesarkivet vil vera aktiv med som faginstans, særleg på utarbeiding av ny arkivplan.

Skal ein lukkast må ein også gjere ein god del investeringar som skal virke slik at arbeidsflyten vert optimal og papirflyten minimal. Det er difor søkt om ytterlegare prosjektmidlar for å få på plass meir ressursar / investeringsmidlar til å få ein vellukka prosess innafor tidsfristane.

Det vert forventa at Fylkesmannen følgjer opp og bidreg med tilskot til fullføringa av prosessen i år 2015.

BULYST-prosjektet er i god driv og ein har lukkast med å generere store inntekter til kommunen, m.a. gjennom Tettstadformingsprosjektet og Skateboardpark, og til Klatrepark om ein søker neste år. Som ein del av tilskotet til Tettstadforminga, vert ein deltids prosjektleiarstilling også finansiert.

Det vert arbeidd med korleis ein kan vidareføre ei slik stilling, og då basert på prosjektretta utviklingsarbeid. Fleire prosjekt kan gje finansiering til fleire deltidsprosjektleiarstillingar.

Det har vore stabilt omkring sjukefråvær og vakansar dette tertialet. Det kan verte trong for å styrkja rammeområde, sidan situasjonen lukkelegvis betrar seg.

## **Ansvar 210**

### **Solund barne- og ungdomsskule**

Under følgjer ein aktivitetsrapport for dette ansvarsområde:

#### **AKTIVITETSRAPPORT:**

Ein skule med mangfald:

Den siste tida har skulen fått merksemd for eit aukande mangfald i elevgruppa. Både presseoppslag og ministerbesøk gjorde at ein vart merksam på at vi som skule og lokalsamfunn heile tida er i endring. Dette mangfaldet bidreg til ei flott elevgruppe, men også at vi som skule heile tida må drøfte korleis praksisen vår er i høve desse endringane som skjer.

#### **Korleis arbeider ein med å skape ein god skule?**

Skulen sitt formål er å skape eit godt læringsmiljø for den einskilde elev. Dette handlar om både trivsel og om kvalitet på opplæringa. Ein organisasjon som arbeider systematisk med dette er viktig for å nå desse måla. Vi har det siste halvåret i større grad nytta lærarane si fellestid til målretta fagleg fordjuping, og har arbeidd med m.a. digital kompetanse og lesestrategiar. Gjennomgang av Nasjonale prøvar og oppfølging av desse har vore ein del av dette. 4 lærarar har delteke på vidareutdanning, og ein lærar fullfører godkjent lærarutdanning før sommaren.

Frå komande skuleår skal skulen inn i den nasjonale ungdomsskulesatsinga ”ungdomstrinn i utvikling” ”Klasseleiing” blir eit av fokusområda i denne satsinga, og heile lærarkollegiet skal delta. Neste skuleår vil ein legge ”trykket” på den skulebaserte vurderinga gjennom dette prosjektet.

Skulen har i vår også utarbeidd ein kompetanseplan for komande skuleår der dette er omtala.

#### **Trivsel og skulemiljø:**

Når det gjeld skulemiljø, ser vi av elevundersøkinga at vi har nokre utfordringar som vi heile tida må arbeide med. Ein prøver å ta tak i problemstillingar så snart dei oppstår, og har som målsetjing å løyse saker i tett dialog med heimen.

#### **Personalsituasjonen:**

I denne perioden har ein hatt fleire langtidssjukmeldingar, fleire av desse på full tid. Skulen prøver å leggje til rette for at arbeidstakarar skal kunne kome raskt tilbake i arbeid, og prøver å ta dei omsyn som er mogleg for å lukkast med dette.

Erfaringar frå inneverande skuleår viser elles at det er viktig å ha tilsette som går i ein viss stillingsstorleik. Det er eit auka krav til samarbeid og felles planlegging i skulen, noko som kan vere ei utfordring dersom ein har mange timelærarstillingar.

#### **HMS:**

Det er gjennomført vernerunde, og det er retta opp i fleire påpeika manglar. Det vart i denne samanheng også peika på behovet for å fylgje opp planane for rehabilitering av bygg og fasade.

#### **Rekruttering:**

Ledige stillingar vart utlyst i februar, og ein fekk 11 søkjarar, 5 av desse med godkjent utdanning. Ein er no i sluttfasen av tilsetjingsprosessen, og sjølv om ein ikkje har nådd målsetjinga om godkjent utdanning hjå alle tilsette, ser det ut til at ein før sommaren vil ha på plass ”lærarkabalen”.

#### **Økonomi:**

Ressursmessig held ein seg innafor vedteke budsjett, men grunna fleire langtidssjukemeldingar, har vikarutgiftene vorte større enn berekna. Refusjonane er venta å dekke inn det aller meste av dette. Ein har også avgrensa vikarbruken så mykje det let seg gjere. Samla sett reknar ein med å kome i balanse ved utgangen av året.

#### Administrative vedtak:

Det er gjort 4 administrative vedtak, alle gjeldande elevpermisjonar.

#### Skuleområde/skulebygg:

Det er ikkje sett i gang planlagde investeringstiltak på bygningar denne perioden. Dette skuldast manglande ressursar og avklaringar av prosjektleiing. Det er stor trong for å kome vidare med desse planane.

#### Framlegg til endringar på ramme 210:

Som følge av ein nyleg signalisert reduksjon i behovet for tilrettelagte tiltak, kan ramma reduserast med ein heilårskostnad på om lag 0,65 mill.

Samstundes er det vedteke auka SFO-opningstid frå hausten. Heilårsverknaden er rekna til å kosta om lag kr. +125'.

Regjeringa har lagt opp til at øyremerkt tilskot til Leirskuleopphald vert lagt inn i rammetilskotet fr år 2015. Ramma vert kompensert for reduserte inntekter.

|                                            | OB - 14 | RB - 14     | ØP - 15     | ØP - 16 | ØP - 17 | ØP - 18 |
|--------------------------------------------|---------|-------------|-------------|---------|---------|---------|
| <b>Solund barne- og ungdomsskule</b>       |         | <b>-285</b> | <b>-250</b> |         |         |         |
| Ekstrakostnader ressurskrevjande brukar    |         | <b>-300</b> | <b>-350</b> |         |         |         |
| Auka SFO-tilbod - frå Tilleggslyyvingar    |         | <b>50</b>   | <b>75</b>   |         |         |         |
| Opphøyr øyremerkt tilskot leirskuleopphald |         |             | <b>25</b>   |         |         |         |
| Kompensasjon prisvekst                     |         | <b>-35</b>  |             |         |         |         |

## Ansvar 211

### Ytre Solund Oppvekstsenter

Det er ingen drift ved Ytre Solund Oppvekstsenter.

## **Ansvar 271 – Solund barnehage**

### **Status i drifta:**

- Solund barnehagen har pr i dag 30 born fordelt på tre avdelingar
- Ny avdeling åpna i underetasjen i januar 2014
- Positivt for både barn og vaksne at ein no er ferdig med ombygginga og har teke i bruk nye, lyse lokaler
- Arbeidsrom til dei tilsette er på plass. Dette vil lette arbeidssituasjonen til dei tilsette då alle pedagogar / avdelingar har gode arbeidsplassar.

### **Sjukefråvær:**

- Arbeid med arbeidsmiljø og jobbnærvær har fortsett med gode resultat.
- Sjukefraværet er lågt. Det er mest korttidsfravær. Eininga har to langtidssjukemeldingar

### **Investering:**

- Det er sett av midlar til uteområdet i Solund barnehage. Eininga har starta med arbeidet og er i planleggingsfasen for å få eit flott og brukarvenleg uteområde.

### **Avvik i drifta:**

- Eininga drifter noko høgt på løn. Å drifte med tre avdelingar krev fleire vaksne. Det at ein denne våren har mange små barn krev og fleire vaksne.
- Eininga vil truleg kunne rette dette opp til hausten då barnetalet går ned og ein berre skal drifte med to avdelingar.

### **Utvikling av tenestetilbodet – ynskje om å ha ein jamn bemanningsfaktor:**

Solund barnehage ynskjer å yte gode tenester til brukarane, samstundes som det skal vere ein god og trygg arbeidsplass. Å vere i utvikling, drive kompetanseutvikling og å sjå framover er viktig for oss. God voksentettleik og stabil personalgruppe er ein medverkande faktor til å halde kvaliteten oppe.

Hausten 2014 vil ein ut frå økonomiske rammer, og ein nedgang i barnetal, måtte nedbemanne. Eininga har arbeidstakerar som er inne på midlertidige kontraktar, det er eit stort ynskje å kunne behalde desse. Ein veit at barnetalet svingar mykje, dette gjer det vanskeleg å ha ei «fast» bemanning. Å kunne gie arbeidstakarane ein forutsigbar kvardag er av stor betydning. Dette må ein sjå på i ein personalpolitisk prosess. Det er sær ynskjeleg for Solund barnehage å kunne ha ei god grunnbemanning som ikkje svingar frå år til år.

### **Forventa resultat:**

Det vert ikkje tilrådd endringar ved dette rammeområde utover den naturlege reduksjonen som følgje av redusert lønsoppgjer. Ein reknar her med balanse ved årsslutt. Føresetnaden er at det vert drifta med 2 avdelingar til hausten.

**Ansvar 300****NAV Solund**

Det er meldt om at drifta går som normalt og det vert ikkje lagt opp til endringar ved dette rammeområde.

**Ansvar 310, 312, 315, 360, 370, 371, 372, 373****Helse- og omsorg**

Alle desse ansvarsområde har same overordna leiarskap. I dei siste driftsåra er det gjennomført store endringar i sektoren og ressursane vert ofte nytta fleksibelt innafør den totale ramma for helse- og omsorg. Det har såleis vore vanskeleg å vurdere om rammeløyvingane er tilstrekkelege innafør kvart rammeområde.

Frå å drifte i fjor med ledig kapasitet på plassar ved institusjonen, har ein no ein auka dekningsgrad igjen. Det betyr betre utnytting av ressursane, men likevel samla sett høgare netto lønsutgifter.

Den største einskildendringa er at PU-tenesta har gått frå 3 brukarar i 2013, til at ein no forventar berre ein brukar frå 1. juli. Justeringane er såleis vesentlege mellom PU-tenesta og Solundheimen, og mange arbeidstakarar har som følgje av dette, fått endringar i sitt daglege arbeid.

Dernest har det synt seg vanskeleg å rekruttere fagpersonell og ein har måtta engasjere vikarbyrå i 1. halvår. Dette er ei kostbar og ikkje-budsjettert ekstraavgift.

**Føresetnad for budsjettbalanse i opphavleg budsjett:**

- Lækjarvaktsamarbeidet kan ikkje verta så kostbart som opphavleg signalisert.
- At lækjarvaktsamarbeidet gjev redusert vaktgodtgjersle i eigen kommune, slik at det flate kuttet kan løysast.
- At etablering av augneblink hjelpeteneste vert fullfinansiert gjennom auka frie inntekter eller som øyremerkt tilskot.

Dette er ikkje oppfylt slik som ynskjeleg. Difor må ramme 310 styrkjast noko.

Likeins er ramme Helsesøster (312) og Barnevern (360) styrkja, i tråd med statlege prioritering (jf. innleiinga om frie inntekter).

**Tabell over tilrådde endringar ved alle desse rammeområda.**

|                                                | OB - 14 | RB - 14    | ØP - 15    | ØP - 16 | ØP - 17 | ØP - 18 |
|------------------------------------------------|---------|------------|------------|---------|---------|---------|
|                                                |         |            |            |         |         |         |
| <b>Leiar helse- og sosial</b>                  |         | <b>100</b> |            |         |         |         |
|                                                |         |            |            |         |         |         |
| Svikt i føresetnader - overført frå PU-tenesta |         | <b>100</b> |            |         |         |         |
|                                                |         |            |            |         |         |         |
| <b>Helsesøster</b>                             |         |            | <b>100</b> |         |         |         |
|                                                |         |            |            |         |         |         |
| Statleg prioritering iflg. RNB                 |         |            | <b>100</b> |         |         |         |

|                                         | OB - 14 | RB - 14     | ØP - 15     | ØP - 16    | ØP - 17 | ØP - 18 |
|-----------------------------------------|---------|-------------|-------------|------------|---------|---------|
| <b>Leiar PU-tenesta</b>                 |         | <b>-525</b> | <b>-175</b> | <b>125</b> |         |         |
| Ytterlegare reduksjon tal brukarar      |         |             | <b>-175</b> | <b>125</b> |         |         |
| Overført til transport helsepersonell   |         | <b>-75</b>  |             |            |         |         |
| Overført til lækjartenesta              |         | <b>-100</b> |             |            |         |         |
| Overført ressursar til Solundheimen     |         | <b>-350</b> |             |            |         |         |
| <b>Leiar interkommunalt barnevern</b>   |         |             | <b>25</b>   |            |         |         |
| Statleg prioritering iflg. RNB          |         |             | <b>25</b>   |            |         |         |
| <b>Leiar Helse- og omsorg</b>           |         | <b>400</b>  | <b>-200</b> | <b>-50</b> |         |         |
| Ekstraavgifter vikarbyrå                |         | <b>300</b>  | <b>-150</b> | <b>-50</b> |         |         |
| Ekstraavgifter vikarar / overtid        |         | <b>100</b>  | <b>-50</b>  |            |         |         |
| Auka brukarbetalingar                   |         | <b>-150</b> |             |            |         |         |
| Overført ressursar frå PU-tenesta       |         | <b>350</b>  |             |            |         |         |
| Endringar i turnus / vakanse leiar      |         | <b>-150</b> |             |            |         |         |
| Kompensasjon prisvekst                  |         | <b>-50</b>  |             |            |         |         |
| <b>Leiar heimebaserte tenester</b>      |         | <b>75</b>   |             |            |         |         |
| Auka kostnader transport helsepersonell |         | <b>75</b>   |             |            |         |         |

## Ansvar 400, 600, 601 og 620 – Plan- og utvikling

Desse ansvarsområda er underlagt same leiar.

### Aktivitetsrapport:

#### **Overordna merknad til den daglege drifta av eininga:**

Drifta har vore prega av eit høgt aktivitetsnivå.

Arbeidsstokken gjer eit godt arbeid med å løysa oppgåvene og dermed syte for at måla for avdelinga kan verte nådd.

Ein har prøvd å finna løysingar som skal syte for betre budsjettmessig balanse i år 2013.

#### **Personalsituasjonen: (sjukmeldingar og hms)**

Det var større utskiftingar i arbeidsstokken i 2013. Innan landbruk har vi framleis ei mellombels stilling i berre 30%. Her vert lagt fram sak der ein skal vurdere om ein skal samarbeid med andre kommunar. Stillinga som fagarbeidar/vaktmeister vert besett frå sommaren 2014.

Eininga har hatt to tilsette som har vore sjukmelde i ein periode våren 2014. Dette har gått ut over aktiviteten ved eininga. Ein vonar denne situasjonen vil løyse seg.

**Punktvis avvik i planlagt aktivitet:**

Det er noko avvik i framdrift for planarbeid i høve vedteken planstrategi. Dette skuldast bemanningssituasjonen og sjukmeldingar. I tillegg har eininga sett av vesentlege ressursar til arbeidet med innføringa av eigedomsskatt. Ein del av aktiviteten i drifta får derfor noko forskyving i tid og vil ikkje belasta budsjettet før i 2. halvår. Det kan vere investeringar som vert noko seinare gjennomført enn planlagt.

**Eventuelle andre hendingar/aktivitet som har tyding for den daglege drifta:****Økonomisk rapport:****Avvik i høve talmaterialet:**

Grunna sjukmeldingar har ein noko avvik i gebyrinntekt. Dette vert noko kompensert med refusjon av sjukepengar. Gebyr 1. halvår vert utsett av same årsak.

Ein har hatt noko mindre vintervedlikehald enn normalt, men det er heller ikkje budsjetttert for eit normalår. Slitasjen på vegane har vore tilsvarande større m.a. grunna nedbør og flom. Det er derfor ikkje grunnlag for å redusere utgiftpostar her.

Grunna mange interne føringar m.a. mot prosjekt er det vanskeleg å ha eit godt oversyn over kap 400 så tidleg i driftsåret.

Ein reknar med at ansvar 600 vil gå mot balanse. Eventuelle avvik innan VA-områdetl vert avrekna mot bundne VA-fond.

**Årsak til avviket:**

Ein har hatt noko vakanse i stilling som fagarbeidar/vaktmeister. Dette vil gå med til auka utgift i samband med m.a. kurs og opplæring av nytilsett.

**Korleis korrigere avviket:**

Ikkje grunnlag for korrigering så tidleg i budsjettåret.

**Investering:***Aksjon Skuleveg:*

Vert utarbeidd plan for fortau Hardbakke i samarbeid med konsulent og lyst ut på tilbod.

*Adresseprosjektet:*

Proessen er igangsetting og formannskap og kommunestyre vil handsame sak om adresseforskrift og namnenemnd i juni 2014.

*Veg Tangenes:*

Under arbeid. Entreprenøren er framme ved steintaket ved ca. 1200 meter.

*Oppgradering kommunale vegar:*

Dette er under planlegging. Gjennomføring 2. halvår.

*Bustadfelt Hardbakke:*

Klart for utlysing på anbod, men det føreset sal av ei tomt før tiltaket kan gjennomførast.

**Under følgjer framlegg til endringar ved desse rammeområda.**

**Derneast kommentarar der dette er påkravd:**

|                                                      | OB - 14 | RB - 14     | ØP - 15    | ØP - 16 | ØP - 17 | ØP - 18 |
|------------------------------------------------------|---------|-------------|------------|---------|---------|---------|
| <b>Plan og utvikling</b>                             |         | <b>75</b>   |            |         |         |         |
| Auka kostnader /reduserte inntekter (jf. ansvar 620) |         | <b>75</b>   |            |         |         |         |
| <b>Plan og utvikling</b>                             |         | <b>-175</b> | <b>175</b> |         |         |         |
| Vakansar i år 2014                                   |         | <b>-175</b> | <b>175</b> |         |         |         |
| <b>Bygg og anlegg</b>                                |         | <b>-200</b> | <b>125</b> |         |         |         |
| Vakansar m.m. i 2014                                 |         | <b>-125</b> | <b>125</b> |         |         |         |
| Reduksjon tilleggsføring (til ansvar 400)            |         | <b>-75</b>  |            |         |         |         |

Det har vore drifta med 1 vaktmeister dette første halvåret. Samstundes har det vore ei langtidssjukemeldingar ved avdelinga, utan at det har vore nytta vikar. Dette har ført til lægre aktivitet og ditto lægre utgifter. Men dette kan også føre til lægre inntekter.

Vinteren har også vore mild, noko som kan gje grunnlag for å redusere vintervedlikehald, straum, m.m. No er berre halve året gått med, så ein skal vera forsiktig med å redusere desse utgiftene. Det vart også tilført ekstra vedlikehaldsmidlar til ramma i opphavleg budsjett, for å løysa akutt vedlikehaldsbehov i påvente av at ein vedlikehaldsplan er ferdigstilt.

Alt dette gjev grunnlag for å redusere dei samla utgiftene med om lag 0,3 mill. for inneverande år, mot tilbakeføring av midlar på neste år.

Ved ansvar 400 har det i fleire år vore budsjettert med for høge inntekter på prosjektarbeid. Det gjev grunnlag for ei permanent overføring frå tilleggsføringa ved ansvar 620 på om lag kr. 75'.

Ein har ikkje fått tilsett ein prosjektmedarbeidar som skulle lønast over investeringsbudsjettet til no. Ein har von om å få gjort dette i neste halvår.

## ANSVAR 800 - Tilleggsøyvingar

Under følgjer ein tabell som syner endringsbehovet. Dernest nokre kommentarar til desse.

|                                                 | OB - 14 | RB - 14     |             |  |             |  |
|-------------------------------------------------|---------|-------------|-------------|--|-------------|--|
|                                                 |         |             |             |  |             |  |
| <b>Tilleggsøyvingar/prosjekt - Kommunestyre</b> |         | <b>-125</b> | <b>-150</b> |  |             |  |
|                                                 |         |             |             |  |             |  |
| Reduksjon behov SFO - spesialtiltak             |         | <b>-75</b>  | <b>-75</b>  |  |             |  |
| Tilleggsøyving til ansvar 210                   |         | <b>-50</b>  | <b>-75</b>  |  |             |  |
|                                                 |         |             |             |  |             |  |
| <b>Tilleggsøyvingar/prosjekt - Formannskap</b>  |         |             |             |  |             |  |
|                                                 |         |             |             |  |             |  |
| Handlingsplan profil og omdømeoprosess          |         |             | <b>200</b>  |  | <b>-200</b> |  |
| Tilskot til prosessleiing                       |         |             | <b>-200</b> |  | <b>200</b>  |  |
|                                                 |         |             |             |  |             |  |
| <b>Tilleggsøyvingar/prosjekt - Ordførar</b>     |         |             |             |  |             |  |
|                                                 |         |             |             |  |             |  |
| K-styrevedtak 058/13                            |         |             | <b>10</b>   |  |             |  |
|                                                 |         |             |             |  |             |  |

SFO-tilbodet vart foreslått auka i haust. Dette galdt både for ordinært og tilrettelagt tilbod. Endringa trer i kraft frå hausten av, men berre for det ordinære tilbodet. Tilleggsøyvinga kan såleis i sin heilskap gå ut.

Det har vore arbeidd godt med profil / omdømearbeidet i kommunen dette året. Løyvinga vert såleis nytta som forutsatt og det vert utarbeidd ein handlingsplan med ein strategidel.

Det vert såleis trong for å legge ei tilleggsøyving til sjølv gjennomføringa av handlingsplanen som no vert utarbeidd. Den vert lagt opp til å vare i om lag 2 år (2015 og 2016)

Dersom ein nyttar kommunal eigeninnsats saman med ei tilleggsøyvinga, kan det vera mogleg å få utløyst eit tilskot som tilsvarar det auka tilleggsøyvingsbehovet.

Kommunestyret reduserte ordføraren si løyving ved budsjetthandsaminga. Det vert lagt opp til å legge den tilbake til opphavleg nivå til neste år.

Løyvinga til fullelektronisk arkiv 2014/2015, vert foreslått overført til ansvar 100 når det vert klårt kor mykje skjønsmidlar denne løyvinga har utløyst.

Arbeidsmiljøtiltaksmidlar (herunder investeringsmidlar) vert i desse dagar utlyst for interne søknader. Tildeling vil skje av arbeidsmiljøutvalet.

Sommarjobb-løyvinga synte seg å verte vel anvende midlar. Ein har fått tildelt sommarjobbar til mange fleire ungdomar no, enn om desse midlane ikkje eksisterte. Dette gjev god tilknytnad mellom skuleungdom og heimkommunen.

Det er også lyst ut etter stilling som Kulturskulerektor. Men tilleggsøyvinga som er til Kommunestyret sin disposisjon til dette føremålet vert tilrådd budsjettjustert ved neste tertialjustering.

Det er ikkje registrert søknader som går mot formannskapet si tilleggsøyving.

## Ansvar 899 – Pensjonsoppgjer og premieavvik

Avviket ved rekneskapsavslutninga har ført til at administrasjonen har lagt inn eit høgare pensjonstrekk ved kvar avdeling.

Nivået på dette trekket er slik at det er meint å klare å dekke opp årets pensjonskostnader / premieavvik, det amortiserte premieavviket samt den signaliserte veksten i pensjonskostnader.

Igjen snakkar vi no om eit område som det rår stor usikkerheit omkring.

Det er lagt inn ein vekst på kr. 50'kvart år utover den kommunale deflatoren. Dette skal dekke meirauken i pensjonskostnader som er signalisert skal koma kvart år.

## Ansvar 900

### Løyvingar til Solund Sokneråd

#### Andre overordna inntekter og utgifter

Solund Sokneråd driftar no med ein vakanse og det er von om at dette kan bidra til å få balanse ved årsslutt og at alt akkumulert underskot kan verta dekkja inn.

Planen vert følgt og det er opp til Solund Sokneråd å gjera sine prioriteringar innafør tildelt ramme.

**Det er elles ingen endringar å melde på dette rammeområde**

## Ansvar 901

### Momsrefusjoar frå investeringar

Det er grunn til å heise flagget og feire, sidan denne ordninga og dette ansvarsområde opphøyre frå og med driftsåret 2014.

Det vert heretter i langt større grad mogleg å samanlikna netto driftsresultat mellom kommunane, når desse ikkje vert påverka av store eller små investeringar.

## Sum alle ansvarområde - Fordelt til drift

Etter at alle midlane er fordelt på dei einskilte rammeområda, vert sum midlar fordelt til drift slik:

|                          | OB - 14       | RB - 14       | ØP - 15       | ØP - 16       | ØP - 17       | ØP - 18       |
|--------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
|                          |               |               |               |               |               |               |
| <b>Fordelt til drift</b> | <b>59 800</b> | <b>59 740</b> | <b>58 575</b> | <b>57 425</b> | <b>57 425</b> | <b>57 425</b> |


Årsaka til avviket «Fordelt til drift»(frå skjema 1B) og «Til fordeling drift» (på skjema 1A) på kr. 120', er interne finansieringstransaksjonar som må førast på sine oppstillingsmessige forskriftsmessige plassar. Dette har ingen resultatmessige konsekvensar.

## Utvikling i Sjukefråvær


NAV utarbeider statistikkar for lækjarmeldt sjukefråvær pr. kvartal, men desse er i skrivande stund ikkje tilgjengeleg pr. kommune.

For å gje ein viss indikasjon på korleis utviklinga har vore i 1. tertial, er det utarbeidd 2 tabellar, basert på faktiske refusjonar knytt til sjukefråvær og fødselspermisjonar. Desse er grovkorna og forhold seg til dei største ansvarsområda. Dermed er desse nokså anonymisert, i høve ein gjennomiktig organisasjon. Som ein ser av tabellane, så er utviklinga rimeleg god samla sett.

### Utvikling i sjuke- og svangerskapsrefusjonar 1. tertial for åra 2011- 2014:



### Grov fordelinga av sjukefråværet i organisasjonen i år 2014:



## Investeringsplan

Det var ynskjeleg å køyre ein grundig prosess på investeringsplanen for Solund kommune denne våren.

Som grunnlag for arbeidet var det meininga å arbeide med målformuleringar og bruke ein vedlikehaldsplan og ein realistisk framdriftsplan. Dette skulle gje grunnlag for gode prioriteringar. Uforutsette hendingar hindra administrasjonen i å få til ein god prosess på dette no.

Denne grundige rulleringa av investeringsplanen og dermed også økonomiplanen vert starta i haust.

Det har i driftsåret kome til ein del ekstra investeringsbehov og det er abeidd godt med ein del prosjekt som har utløyst tilskot og som igjen gjev grunnlag for å vurdere vidare satsing og budsjettendringar; - både i inneverande budsjett så vel som for påfølgjande økonomiplanår.

Under følgjer ein fullstendig investeringsplan, der framlegg til endringar er markert med gul farge. Det er då grunnlag for å gjera vurderingar som også kan kome til nytte i planarbeidet til hausten.

I vurderingane som er gjort, har det vore overordna viktig å halda på vedteke lånenivå.

Ein har forsøkt funne dekning frå prosjekt som det er stor grunn til å tru vert utsett oppstart på eller ikkje vert starta opp i det heile.

### Det er innmeldt 1 nytt behov som det er trong for å finne dekning for:

- Mobil-/fiberprosjekt – etter anbudsopning og forhandlingsrundar

Innmeldt behov er kr. 340.000 som skuldast auka anleggskostnader / anleggsbidrag på Mobilmast. Kverhella kr. (100.000), samt auka kostnader for fiberprosjektet på Hardbakke (kr. 240.000)..

Inndekning vert foreslått frå følgjande prosjekt:

- |                                            |                                           |
|--------------------------------------------|-------------------------------------------|
| • Omdøme-, profilerings-, og planmaterieil | ( -50` ) – Oppgåva løyst med ½ løyving    |
| • Forprosjekt næringshage                  | ( -50` ) – Ikkje konkrete planar på gang  |
| • Kloakkløysing Håneset                    | ( -50` ) – Kostnaden er uansett symbolsk  |
| • Vassforsyning Kolgrov                    | ( -50` ) – Uaktuelt når skulen er nedlagt |
| • Kvalitetssystem SYS IKT                  | (-140`) – Ikkje oppstarta del av prosjekt |

### Dernest er det kome inn 1 søknad som administrasjonen tilrår å stetta:

- Veg til Skarnagel – søker om framskunding av projektkostnad

Løyvinga er gjort på år 2017 med 0,4 mill.

Det vert søkt om å flytte denne løyvinga primært til 2015, sekundært til 2016.

Søklar ynskjer oppstart i år 2014. Søklar har tilbode å betale projekteringskostnaden.

Om kommunen held fast på løyvinga og er byggherre, stiller søklar med 1,8 mill. og det vert signalisert eksterne tilskot på kr. 50`.

### *Framlegg til justering:*

- Auka løyving på kr. 60` i år 2014. Finansiering med privat tilskot.
- Auka løyving på 2,25 mill. fordelt 50%/50% på 2015 og 2016. 1,85 mill. vert finansiert med private tilskot og 0,4 mill. med allereie budsjettett løyving

### *Finansieringa av framflyttinga av prosjektet:*

- Reduksjon løyving til veg Skarnagel i år 2014 med 0,4 mill. Gjev sparde rente- og avdragskostnader med kr. -30` i år 2018
- I drift er det innbakt kr. 20` i auka finansieringskostnader for år 2016 og ytterlegare auke med kr. 15` i år 2017 (mot reduksjon med kr. -30` i år 2018)

**I tillegg har det som følge av BULYST-arbeidet har/vil det kome inn mange nye tilskot som medfører behov for budsjettendringar og justeringar av økonomiplanen. Dette gjeld:**

- **Klatrepark**
  - Ny forventa løyving på tippemidlar med 0,25 mill. i år 2015. (Sparebanken har **tidlegare løyvd 0,25 mill. til prosjektet). Prosjektet er då fullfinansiert**
  - Framlegg til justering:
  - Auka løyving frå 0,25 mill. til 0,5 mill.
  - Finansiering vert auke i fylkeskommunalt tilskot (dersom søknad vert innvilga).
- **Skateboardpark**
  - Ny løyving tippemidlar med 0,3 mill.
  - Framlegg til justering
  - Auka løyving frå kr. 50` til 0,35 mill.
  - Finansiering vert nytt Fylkeskommunalt tilskot med 0,3 mill.
- **Tettstadformingsprosjekt**
  - Ny løyving av Fylkeskommunale midlar med 0,9 mill.
  - Totalprosjektet kan no leggest opp med 2,25 mill.
  - Finansieringsbehov på eigne midlar er
    - 2014 = kr. 112,5`
    - 2015 = kr. 200`
    - 2016 = kr. 137,5`
    - Sum = 0,45 mill.
  - Finansiering vert gjort ved omdisponering av midlar:
  - Løyving i år 2015 (netto 0,2 mill.) og 2016 (netto 0,35 mill.) til «Gangveg Hardbakke» er ein integrert del av det midlane er løyvd til frå Fylkeskommunen
  - Kr. 112,5` i år 2014 vert finansiert ved reduksjon av «El installasjonar ved Solundheimen, som enno ikkje har blitt analysert eller vurdert prosjektkostnad på. Kr. 50` av desse vert tilrådd tilbakeført i år 2015, mot tilsvarande reduksjon i «Brannsyn 2015»
  - Finansiering av 2015 og 2016 skjer ved implementering av «Gangveg Hardbakke»-løyvingar
  - Eigeninnsatsen er stipulert til 0,5 mill. og utløyser 0,2 mill. i tilskot aleine.

**Fullstendig investeringsplan inkl. endringsframlegg for perioden 2014-2018 m/finansiering:**

|                                             | Overf.<br>Løyving | OB - 14  | RB - 14  | ØP - 15   | ØP - 16   | ØP - 17 | ØP - 18 |
|---------------------------------------------|-------------------|----------|----------|-----------|-----------|---------|---------|
| Oppgradering FØYS                           |                   | 50 000   |          |           |           |         |         |
| Kvalitetssystem - SYS IKT                   |                   | 225 000  | -140 000 |           |           |         |         |
| EHF reiserekningsmodul                      | 96 676            |          |          |           |           |         |         |
| E-handel                                    |                   |          |          | 150 000   |           |         |         |
| Fullelektronisk arkiv – søknad nr. 2        |                   |          | 350 000  |           |           |         |         |
| Samhandlingsprosjekt telefoni og mobil      |                   | Avslutta |          |           |           |         |         |
| Politikarportal                             |                   | Avslutta |          |           |           |         |         |
| Mobilutbygging Kverhella                    | 74 714            |          |          |           |           |         |         |
| Auka kostnader – anleggsbidrag              |                   |          | 100 000  |           |           |         |         |
| Mobilutbygging Strand – egne midlar         | 213 348           |          |          |           |           |         |         |
| Mobilutbygging Strand - løyvd tilskot       | 175 000           |          |          |           |           |         |         |
| Mobiltelefoni Hersvik                       | 300 000           | 300 000  |          |           |           |         |         |
| Mobiltelefoni Hersvik - løyvd tilskot       | 300 000           | 300 000  |          |           |           |         |         |
| Fiberprosjekt Hardbakke                     | 464 375           | 563 000  |          |           |           |         |         |
| Auka kostnader etter anbud                  |                   |          | 240 000  |           |           |         |         |
| Fiberprosjekt Hardbakke - løyvd tilskot     | 563 000           | 563 000  |          |           |           |         |         |
| Arbeidsmiljøtiltak                          |                   | 50 000   |          | 50 000    | 50 000    | 50 000  | 50 000  |
| BULYST – Omdøme, Profileringsplanmaterieill |                   | 100 000  | -50 000  | 100 000   | 100 000   |         |         |
| BULYST – Klatrepark (tilskot)               |                   | 250 000  |          | 250 000   |           |         |         |
| BULYST – Skateboardpark (tilskot)           |                   | 50 000   | 300 000  |           |           |         |         |
| BULYST - Tettstadforming (tilskot)          |                   | 150 000  | 281 250  | 475 000   | 368 750   |         |         |
| BULYST - Tettstadforming (NF)               |                   |          | 37 500   | 62 500    | 50 000    |         |         |
| BULYST - Tettstadforming (lån)              |                   |          | 112 500  | 200 000   | 137 500   |         |         |
| BULYST – Eigeninnsats (løyser auka tilskot) |                   |          |          |           |           |         |         |
| Rehabilitering adm.hus                      | -29 386           | 100 000  |          | 350 000   |           |         |         |
| Flytting barnehage/bibliotek                |                   | Avslutta |          |           |           |         |         |
| Bibliotek / møtelokale                      |                   | 100 000  |          | 200 000   |           |         |         |
| IKT-skule                                   | 19 061            | 120 000  |          |           |           |         |         |
| IKT-skule/barnehage                         | 28 500            |          |          |           |           |         |         |
| Nykabling/nyinnkjøp via SYS-IKT             |                   | 170 000  |          |           |           |         |         |
| Leikeapparat - (etter pålegg)               |                   | 130 000  |          |           |           |         |         |
| Rehabilitering skule – rentekompensasjon    |                   | 861 000  |          | 1 000 000 | 1 060 000 |         |         |
| Byggeleiling / intern ressursinnsats        |                   | 100 000  |          | 100 000   | 100 000   |         |         |

# TERTIALRAPPORT 1. ÅR 2014

|                                             | Overf.<br>Løyving | OB – 14  | RB – 14  | ØP - 15 | ØP - 16 | ØP - 17   | ØP - 18   |
|---------------------------------------------|-------------------|----------|----------|---------|---------|-----------|-----------|
| Ombygging skulekjøken til klasse-/grupperom | 240 000           |          |          |         |         |           |           |
| Oppussing klasserom 5                       | 140 000           |          |          |         |         |           |           |
| Oppstart rehab. møte-/pauserom kjøken       | 40 000            |          |          |         |         |           |           |
|                                             |                   |          |          |         |         |           |           |
| Utviding kapasitet barnehage                |                   | Avslutta |          |         |         |           |           |
| Inventar barnehage                          |                   | Avslutta |          |         |         |           |           |
| Uteområde barnehage                         | 168 357           | 100 000  |          |         | 150 000 |           |           |
|                                             |                   |          |          |         |         |           |           |
| Nye omsorgsbustader – netto                 | 16 641            |          |          |         |         | 2 823 000 | 1 100 000 |
| Uteområdet Solundheimen                     |                   |          |          |         | 100 000 |           |           |
| Ny heis Solundheimen                        | 793 200           |          |          |         |         |           |           |
| Ny heis Solundheimen - løyvd tilskot        | 556 000           |          |          |         |         |           |           |
| Ny heis Solundheimen – fond                 | 35 000            |          |          |         |         |           |           |
| Auka kostnader                              |                   |          |          |         |         |           |           |
| Solundheimen - 4-t.EKG / maskinpark vaskeri |                   | 100 000  |          |         |         |           |           |
| El-installasjonar Solundheimen              |                   | 250 000  | -112 500 | 50 000  |         |           |           |
|                                             |                   |          |          |         |         |           |           |
| Utvikling Hersvik                           |                   | 250 000  |          |         |         |           |           |
| Utvikling Solund Prestegård                 | 76 904            |          |          |         |         |           |           |
| Utvikling av næringsareal                   | 100 000           | 150 000  |          |         |         |           |           |
|                                             |                   |          |          |         |         |           |           |
| Forprosjekt næringshage                     | 50 000            |          |          |         |         |           |           |
| Til fiberprosjekt                           |                   |          | -50 000  |         |         |           |           |
| Eigedomsskatt                               |                   | 350 000  |          |         |         |           |           |
| Forskottert bruk av løyving i år 2013       | -93 369           | -80 000  |          |         |         |           |           |
|                                             |                   |          |          |         |         |           |           |
| Geovekstprosjekt                            |                   | 100 000  |          | 100 000 | 100 000 | 100 000   | 100 000   |
| Adresseprosjekt                             | 226 495           | 275 000  |          | 175 000 |         |           |           |
| Brannsyn                                    | 9 994             | 100 000  |          | 100 000 | 100 000 | 100 000   | 100 000   |
|                                             |                   |          |          | -50 000 |         |           |           |
| Utrykningskøyretøy                          |                   | 450 000  |          |         |         |           |           |
| Sløkkjeutstyr brannvern                     |                   |          |          | 100 000 | 100 000 |           |           |
| ENØK                                        |                   | 50 000   |          | 75 000  | 50 000  | 75 000    |           |
|                                             |                   |          |          |         |         |           |           |
| Kloakklysing Håneset                        | 50 000            |          |          |         |         |           |           |
| Til fiberprosjekt                           |                   |          | -50 000  |         |         |           |           |
| Vassforsyning Kolgrov                       | 50 000            |          |          |         |         |           |           |
| Vassforsyning Kolgrov – fond                | 3 000             |          | -3 000   |         |         |           |           |
| Til fiberprosjekt                           |                   |          | -50 000  |         |         |           |           |
| Vassforsyning Ytrøygrend                    | 100 000           |          |          |         |         |           |           |
| Oppgradering Hardbakke vassverk             | 22 489            | 200 000  |          | 200 000 |         |           |           |

# TERTIALRAPPORT 1. ÅR 2014

|                                                              | Overf.<br>Løyving | OB – 14    | RB – 14   | ØP - 15   | ØP - 16   | ØP - 17   | ØP - 18   |
|--------------------------------------------------------------|-------------------|------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
|                                                              |                   |            |           |           |           |           |           |
| Avkøyrslø Lending                                            | 93 000            |            |           |           |           |           |           |
| Vegkryss Solneset                                            | 73 150            |            |           |           |           |           |           |
| Oppgradering kommunale vegar                                 |                   | 470 000    |           | 250 000   | 250 000   | 250 000   | 250 000   |
| Oppgradering kaier                                           |                   | 150 000    |           | 100 000   | 100 000   | 100 000   | 100 000   |
|                                                              |                   |            |           |           |           |           |           |
| Gangveg Hardbakke sentrum                                    | 48 824            | 50 000     |           | 400 000   | 550 000   |           |           |
| Inkl.og omfrdelt i Tettstadformingsprosjekt                  |                   |            |           | -400 000  | -337 500  |           |           |
| Rassikring veg til Kverhella                                 |                   | 100 000    |           |           |           |           |           |
| Trafikktryggingstiltak                                       | -218              | 500 000    |           | 500 000   | 500 000   | 500 000   | 500 000   |
|                                                              |                   |            |           |           |           |           |           |
| Ekspressbåstopp Hardbakke                                    |                   |            |           | 100 000   |           |           |           |
| Forprosjekt Sjønesvegen                                      |                   |            |           |           |           |           |           |
| Veg Sjøneset                                                 |                   | 100 000    |           | 100 000   |           | 100 000   |           |
| Veg Skarnagel - egne midlar                                  |                   |            |           | 200 000   | 200 000   | 400 000   |           |
| Veg Skarnagel - tilskot frå private                          |                   |            | 60 000    | 900 000   | 900 000   | -400 000  |           |
| Veg Skarnagel – tilskot SMIL, SFE, Telenor                   |                   |            |           | 25 000    | 25 000    |           |           |
| Veg Dalesund - Tangenes/Leirvika                             | 84 725            | 1 260 000  |           | 800 000   |           |           |           |
| Veg Dalesund - Tangenes/Leirvika – fond                      | 2 000 000         |            |           |           |           |           |           |
| Bru Ytre Solund                                              | 14 592            |            |           |           |           |           |           |
|                                                              |                   |            |           |           |           |           |           |
| Nytt bustadfelt Hardbakke – lån                              |                   | 100 000    |           | 400 000   | 1 250 000 |           |           |
| Bustadfelt Storehaugen                                       | 97 682            | 450 000    |           | 50 000    |           |           |           |
| Bustadfelt Storehaugen – fond                                | 20 001            |            |           |           |           |           |           |
| Bustadfelt Ytrøygrend - sal eigedom                          | -39 782           |            |           |           |           |           |           |
| Ytrøygrend Tun+                                              |                   | 250 000    |           | 550 000   |           |           |           |
| Tilbakekjøp tomtar Eide                                      | 140 000           |            |           |           |           |           |           |
| Til fiberprosjekt                                            |                   |            |           |           |           |           |           |
| Kunstgras Idrettsbane – nettoløyving                         | 200 000           | 500 000    |           | 200 000   |           |           |           |
| Rassikring / grøfting                                        |                   |            |           | 200 000   |           |           |           |
|                                                              |                   |            |           |           |           |           |           |
| Investeringstilskot Solund Sokneråd                          |                   | 100 000    |           | 100 000   | 100 000   | 100 000   | 100 000   |
| Investeringstilskot med rentekompensasjon                    |                   | 335 000    |           | 235 000   | 430 000   |           |           |
| Uspesifisert nettoramme prosjekt år 2017                     |                   |            |           |           |           |           | 1 000 000 |
|                                                              |                   |            |           |           |           |           |           |
| EK KLP                                                       |                   | 180 000    |           | 180 000   | 180 000   | 180 000   | 180 000   |
| Betalte avdrag på utlån                                      |                   | 180 000    |           | 180 000   | 180 000   | 180 000   | 180 000   |
| Avsetnad til ubundne fond – Storehaugen                      |                   | Avslutta   |           |           |           |           |           |
| Tilb.ført forskottet bruk av disp.fond - mobilmast Kverhella |                   | Avslutta   |           |           |           |           |           |
|                                                              |                   |            |           |           |           |           |           |
| <b>SUM FINANSIERINGSBEHOV</b>                                | 7 521 973         | 11 202 000 | 1 275 750 | 8 507 500 | 6 793 750 | 4 558 000 | 3 660 000 |
| Utlån                                                        | 0                 | 0          | 1 400 000 | 500 000   | 500 000   | 500 000   | 500 000   |

# TERTIALRAPPORT 1. ÅR 2014

|                                           | Overf.<br>Løyving | OB – 14    | RB – 14 | ØP - 15    | ØP - 16    | ØP - 17    | ØP - 18    |
|-------------------------------------------|-------------------|------------|---------|------------|------------|------------|------------|
| <b>FINANSIERING:</b>                      |                   |            |         |            |            |            |            |
| <b>Bruk av lån:</b>                       |                   |            |         |            |            |            |            |
| Ordinært låneopptak                       |                   | -5 708 000 |         | -3 380 000 | -1 580 000 | -2 678 000 | -1 780 000 |
| Låneopptak Skule m/rentekompensasjon      |                   | -861 000   |         | -1 000 000 | -1 060 000 |            |            |
| Låneopptak Sokneråd m/rentekompensasjon   |                   | -335 000   |         | -235 000   | -430 000   |            |            |
| Vedtak låneopptak tidlegare år            | -3 117 637        |            |         |            |            |            |            |
| Bruk av unytta lånemidlar – eigedomsskatt | 93 367            | 80 000     |         |            |            |            |            |
| <b>Bruk av fond:</b>                      |                   |            |         |            |            |            |            |
| <i>Ubunde kapitalfond</i>                 |                   |            |         |            |            |            |            |
| Brannsyn                                  | -9 994            |            |         |            |            |            |            |
| Ny heis Solundheimen                      | -35 000           |            |         |            |            |            |            |
| Utvikling Solund Prestegård               | -76 904           |            |         |            |            |            |            |
| Kloakkløysing Håneset                     | -50 000           |            | 50 000  |            |            |            |            |
| Mobilutbygging Kverhella                  |                   |            | -50 000 |            |            |            |            |
| Vegkryss Solneset                         | -73 150           |            |         |            |            |            |            |
| Tilbakekjøp eigedom Eide                  | -140 000          |            |         |            |            |            |            |
| Veg Dalesund - Tangenes / Leirvika        | -2 000 000        |            |         |            |            |            |            |
| Bustadfelt Storehaugen                    | -20 001           |            |         |            |            |            |            |
| <i>Disposisjonsfond</i>                   |                   |            |         |            |            |            |            |
| Utvikling næringsareal                    | -100 000          |            |         |            |            |            |            |
| Vassforsyning Kolgrov                     | -3 000            |            | 3 000   |            |            |            |            |
| Mobilutbygging Kverhella                  | -74 714           |            |         |            |            |            |            |
| Mobilutbygging Strand                     | -213 348          |            |         |            |            |            |            |
| <i>Bunde kapitalfond</i>                  |                   |            |         |            |            |            |            |
| Snuplass Lending                          | -93 000           |            |         |            |            |            |            |
| Bru Ytre Solund                           | -14 592           |            |         |            |            |            |            |
| <b>Tilskot:</b>                           |                   |            |         |            |            |            |            |
| Ny heis Solundheimen                      | -556 000          |            |         |            |            |            |            |
| Mobiltelefoni Hersvik                     | -300 000          | -300 000   |         |            |            |            |            |
| Fiberprosjekt Hardbakke                   | -563 000          | -563 000   |         |            |            |            |            |
| Mobiltelefoni Strand                      | -175 000          |            |         |            |            |            |            |
| Forprosjekt næringshage                   |                   |            |         |            |            |            |            |
| Veg Tangenes - frå private                |                   | -1 210 000 |         |            |            |            |            |
| Veg Skarnagel - frå private               |                   |            | -60 000 | -900 000   | -900 000   |            |            |
| Veg Skarnagel - SMIL, SFE, Telenor        |                   |            |         | -25 000    | -25 000    |            |            |
| BULYST - Klatrepark - frå Sparebank       |                   | -250 000   |         |            |            |            |            |
| BULYST - Klatrepark – tippemidlar         |                   |            |         | -250 000   |            |            |            |

## TERTIALRAPPORTEN 1. ÅR 2014

|                                         | Overf.<br>Løyving | OB – 14     | RB – 14    | ØP - 15    | ØP - 16    | ØP - 17    | ØP - 18    |
|-----------------------------------------|-------------------|-------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| BULYST - Skateboardpark - tippemidler   |                   |             | -300 000   |            |            |            |            |
| BULYST - Tettstadforming - FK-tilskot   |                   | -75 000     | -225 000   | -381 250   | -293 750   |            |            |
| BULYST - Tilskot legat og fond          |                   |             | -37 500    | -62 500    | -50 000    |            |            |
| BULYST - Tilskot frå privat Næringsliv  |                   |             | -18 750    | -31 250    | -25 000    |            |            |
| BULYST – Næringsfond                    |                   |             | -37 500    | -62 500    | -50 000    |            |            |
| BULYST - Tettstadforming (eigeninnsats) |                   |             |            |            |            |            |            |
| Trafikktryggingstiltak                  |                   | -300 000    |            | -300 000   | -300 000   | -300 000   | -300 000   |
| Gangveg langs Fylkesveg                 |                   |             |            | -200 000   | -200 000   |            |            |
| Jf. Tettstadformingsprosjekt            |                   |             |            | 200 000    | 200 000    |            |            |
| Prosjekt nytt økonomisystem             |                   |             | -350 000   |            |            |            |            |
| <b>Sal av fast eigedom</b>              |                   |             |            |            |            |            |            |
| Sal av fast eigedom – Storehaugen       |                   | -300 000    |            |            |            |            |            |
| Sal av fast eigedom – Ytrøygrend        |                   | -300 000    |            | -300 000   |            |            |            |
| Sal av anna fast eigedom                |                   |             |            | -500 000   | -500 000   |            |            |
| <b>Frå drift:</b>                       |                   |             |            |            |            |            |            |
| Eigedomsskatteinntekter                 |                   | -720 000    |            | -970 000   | -1 220 000 | -1 220 000 | -1 220 000 |
| EK KLP                                  |                   | -180 000    |            | -180 000   | -180 000   | -180 000   | -180 000   |
| Formidlingslån                          |                   | -20 000     |            | -20 000    | -20 000    | -20 000    | -20 000    |
| Mottekne avdrag på utlån                |                   | -160 000    |            | -160 000   | -160 000   | -160 000   | -160 000   |
| <b>SUM FINANSIERING</b>                 |                   | -11 202 000 | -1 275 750 | -8 507 500 | -6 793 750 | -4 558 000 | -3 660 000 |
| <b>Låneopptak til vidare utlån</b>      | 0                 | 0           | -1 400 000 | -500 000   | -500 000   | -500 000   | -500 000   |

Det vert også lagt opp til ei løyving for å skape rom for å etablere eit nytt, moderne og brukarvenleg økonomisystem der alle naudsynte og saumlause fagsystem bind saman ytre einingar med administrasjonen på ein god måte.

Føresetnaden så langt, er at den ekstra prosjektsøknader vert fullfinansiert ved løyvingar av ekstra prosjektskjønsmidler. Difor er cella for dette prosjektet farga med lysegrøn farge.

## Epilog

Den dagen då tertialrapporten gjekk i trykken, presenterte den nye regjeringa eit forlik knytt til det framlagte kommuneopplegget i RNB / Kommuneøkonomiproposisjonen.

Dette syner ei mindre positiv endring i frie inntekter som gjer at tusen-avrundinga bikkar i riktig retning. Prognosemodellen syner no 0,1 mill. auke i frie inntekter for heile planperioden 2014-2018. Denne endringa vert innarbeidd i budsjettet ved neste tertialrapportering.



## Sakspapir

| SAKSGANG                  |         |            |               |
|---------------------------|---------|------------|---------------|
| Styre, utval, komite m.m. | Saksnr. | Møtedato   | Sakshandsamar |
| KOMMUNESTYRE              | 018/14  | 19.06.2014 | KJEMON        |

|                                            |                                      |                      |
|--------------------------------------------|--------------------------------------|----------------------|
| Avgjerd av: <del>Solund kommunestyre</del> | Arkiv: K1-033, K3-<br>&14<br>Objekt: | Arkivsaknr<br>14/115 |
|--------------------------------------------|--------------------------------------|----------------------|

### ÅRSMELDING 2013 KONTROLLUTVALET

#### KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Solund kommune vert godkjent.

#### 19.06.2014 KOMMUNESTYRE

*Votering:*

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### KOM-018/14 VEDTAK:

Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Solund kommune vert godkjent.

**DOKUMENTLISTE:**

| <b>Nr</b> | <b>T</b> | <b>Dok.dato</b> | <b>Avsender/Mottakar</b> | <b>Tittel</b>                                                                   |
|-----------|----------|-----------------|--------------------------|---------------------------------------------------------------------------------|
| 1         | I        | 17.03.2014      | SEKOM-sekreteriat        | KONTROLLUTVALET SI SAK<br>04/14 ÅRSMELDING 2013 FRÅ<br>KONTROLLUTVALET I SOLUND |

**VEDLEGG I SAKA:**

| <b>Nr</b> | <b>T</b> | <b>Dok.dato</b> | <b>Avsender/Mottakar</b> | <b>Tittel</b>                                                                   |
|-----------|----------|-----------------|--------------------------|---------------------------------------------------------------------------------|
| 1         | I        | 17.03.2014      | SEKOM-sekreteriat        | KONTROLLUTVALET SI SAK<br>04/14 ÅRSMELDING 2013 FRÅ<br>KONTROLLUTVALET I SOLUND |

**AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER M.M.:****KVA SAKA GJELD:**

Godkjenning årsmelding 2013 for kontrollutvalet i Solund kommune.

**SAKSUTGREIING:**

Sjå vedlegg.

**VURDERING:****ETTER ENDELEG VEDTAK UTSKRIFT TIL:**

SEKOM-sekreteriat, postboks 338, 6802 FØRDE



## Sakspapir

| SAKSGANG                  |         |            |               |
|---------------------------|---------|------------|---------------|
| Styre, utval, komite m.m. | Saksnr. | Møtedato   | Sakshandsamar |
| FORMANNSKAP               | 028/14  | 21.05.2014 | ERIASK        |
| KOMMUNESTYRE              | 019/14  | 19.06.2014 | ERIASK        |

|                                 |                          |                      |
|---------------------------------|--------------------------|----------------------|
| Avgjerd av: Solund kommunestyre | Arkiv: K1-601<br>Objekt: | Arkivsaknr<br>14/211 |
|---------------------------------|--------------------------|----------------------|

### GODKJENNING INNKJØPSSTRATEGI SOLUND KOMMUNE

#### ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Innkjøpsstrategi for Solund kommune vert vedteken slik den ligg føre.

#### 21.05.2014 FORMANNSKAP

##### *Votering*

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

#### FOR-028/14 VEDTAK:

Innkjøpsstrategi for Solund kommune vert vedteken slik den ligg føre.

#### 19.06.2014 KOMMUNESTYRE

*Representanten Irene Sanden ber om at kommunestyret vurderer hennar habilitet i saka.*

Representanten deltek ikkje i eiga vurdering og trær i frå, vararepresentant kjem til.

Kommunestyret vurderer representanten etter KommuneLOVA § 40, 3. ledd bokstav b og finn representanten samrøystes inhabil til å fatte vedtak i saka.

##### *Votering:*

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### KOM-019/14 VEDTAK:

Innkjøpsstrategi for Solund kommune vert vedteken slik den ligg føre.

## **DOKUMENTLISTE:**

| <b>Nr</b> | <b>T</b> | <b>Dok.dato</b> | <b>Avsender/Mottakar</b> | <b>Tittel</b>                      |
|-----------|----------|-----------------|--------------------------|------------------------------------|
| 1         | U        | 14.05.2014      | Solund kommunestyre      | INNkjøpsstrategi Solund<br>KOMMUNE |

## **VEDLEGG I SAKA:**

| <b>Nr</b> | <b>T</b> | <b>Dok.dato</b> | <b>Avsender/Mottakar</b> | <b>Tittel</b>                      |
|-----------|----------|-----------------|--------------------------|------------------------------------|
| 1         | I        | 14.05.2014      | Sanden Irene             | INNkjøpsstrategi Solund<br>KOMMUNE |

## **AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER M.M.:**

- Lov om offentlige anskaffelser, av 16.7.1999 (LOA)
- Forskrift om offentlige anskaffelser, av 7.4.2006 (FOA)
- Veileder til reglene om offentlige anskaffelser av 1.7 2012
- Kommunens etiske retningslinjer – jf. personalhandboka
- Miljø og regelverket for offentlige anskaffelser, Nærings- og Handelsdep. Jan 2004
- EU-kommisjonens miljøveileder
- Universell utforming i offentlige anskaffelser, Sosial og helsedirektoratet, Deltasenteret, desember 2006
- Strategi og tiltak for bruk av elektroniske forretningsprosesser og elektronisk handel i offentlig sektor, Moderniseringsdepartementet oktober 2005
- Økonomi- og finansreglement for Solund kommune, av 4.10.2012

## **KVA SAKA GJELD:**

### *Innkjøpsstrategi Solund kommune*

Fornyings- og administrasjonsdepartementet hadde som mål at i løpet av 2007 skulle alle offentlege verksemder ha ein strategiplan for innkjøp, inkludert bruk av elektroniske prosessar.

Meininga med å utarbeide ein strategiplan er å fastlegge mål og strategiar for korleis Solund kommune skal organisere sine innkjøpsprosessar frå 2014-2018.

## **SAKSUTGREIING:**

Solund kommune har per i dag ikkje noko innkjøpsstrategi. Kommunen har ein del innkjøpsavtalar, men er førebels ikkje med i innkjøpsavtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Den enkelte einingsleiar har sjølv hatt ansvar for innkjøp. Unnateke kjøp og investeringar innan IKT, dette er koordinert via rådgjevar/IKT-koordinator.

## **VURDERING:**

Solund kommune har fram til i dag ingen innkjøpsstrategi slik Fornyings- og administrasjonsdepartementet legg til grunn at kommunane skal ha.

Uavhengig av dette er det viktig at vi med knappe rammer og utfordringar i høve til prioriteringar stiller krav til profesjonalitet, effektivitet og kostnadsfokus innan innkjøpsområdet.

Framlegg til innkjøpsstrategi har følgjande føremål:

Solund kommune skal foreta sine innkjøp:

- ☐ Innan den ramme som LOA (lov om offentlege anskaffelsar) fastset.
- ☐ Alle einingar skal kunne gjere sine innkjøp så rimeleg og effektivt som mogleg.
- ☐ Rimelegare og meir effektive innkjøp gir auka økonomiske rammer til vår tenesteproduksjon.

## **Innsatsområde:**

- ☐ Avklare behov og løysing for å auke ressursbruken innan innkjøpsområdet.
- ☐ Betre kommunikasjon om kommunen sin trong ovanfor næringslivet.
- ☐ Etablere/oppdatere innkjøpsreglement i Solund kommune.
- ☐ Kompetanseheving blant innkjøparane i forhold til dei ulike rollene i innkjøpsprosessen.
- ☐ Få ned fakturamengda og redusere småkjøp for å minimalisere transaksjonskostnadane.
- ☐ Innføre og ta i bruk fleire elektroniske løysingar.
- ☐ Ta i bruk e-handelsløysingar.

## **ETTER ENDELEG VEDTAK UTSKRIFT TIL:**

# **INNkjøpsstrategi**

## **Solund kommune**



*Vedteke av Solund kommunestyre xx.xx.2014, sak xxx/14*

## **1. Innleiing**

Bakgrunn  
Mandat og gjennomføring  
Strategiske dokument

## **2. Innkjøpspraksis – no-situasjonen**

Statistikk  
Konkurransgjennomføring  
Ordre og fakturahandtering  
Kompetanse og organisering  
Samarbeid  
Oppsummering av no-situasjon

## **3. Mål og ambisjonsnivå**

Målsetting  
Strategisk posisjon  
E-handel  
Andre elektroniske verktøy

## **4. Handlingsplan**

Innleiing  
Handlingsplan  
Årleg aktivitet

# 1 INNLEIING

## 1.1 Bakgrunn

Solund kommune har per i dag ikkje noko innkjøpsstrategi. Kommunen har ein del innkjøpsavtalar, men er førebels ikkje med i innkjøpsavtalen med Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Den enkelte einingsleiar har sjølv hatt ansvar for innkjøp. Unnateke kjøp og investeringar innan IKT, dette er koordinert via rådgjevar/IKT-koordinator.

## 1.2 Mandat og gjennomføring

Fornyings- og administrasjonsdepartementet hadde som mål at i løpet av 2007 skulle alle offentlege verksemdar ha ein strategiplan for innkjøp, inkludert bruk av elektroniske prosessar.

Meininga med å utarbeide ein strategiplan er å fastlegge mål og strategiar for korleis Solund kommune skal organisere sine innkjøpsprosessar frå 2014-2018.

Planen skal ha følgjande føremål:

- ☐ Sikre at lov om offentlege innkjøp blir følgt i alle ledd i organisasjonen.
- ☐ Likebehandling av alle leverandørar.
- ☐ Sikre at innkjøp skjer ut frå kommunen sine interesser, ikkje personleg vinning.
- ☐ Auke avtalelojalitet til rammeavtalar som kommunen har inngått.
- ☐ Sikre Solund kommune sitt omdømme gjennom å vere krevjande og profesjonelle kundar.
- ☐ Effektivisere innkjøps- og betalingsrutinane.
- ☐ Sikre at omsyn til etikk, miljø og universell utforming blir ivareteke ved innkjøp.

Kapittel 4 i planen blir rullert kvart år i samband med arbeid med økonomiplanen.

## 1.3 Strategiske dokument

- ☐ Lov om offentlige anskaffelser, av 16.7.1999 (LOA)
- ☐ Forskrift om offentlige anskaffelser, av 7.4.2006 (FOA)
- ☐ Veileder til reglene om offentlige anskaffelser av 1.7 2012
- ☐ Kommunens etiske retningslinjer – jf. personalhandboka
- ☐ Miljø og regelverket for offentlige anskaffelser, Nærings- og Handelsdep. Jan 2004
- ☐ EU-kommisjonens miljøveileder
- ☐ Universell utforming i offentlige anskaffelser, Sosial og helsedirektoratet, Deltasenteret, desember 2006
- ☐ Strategi og tiltak for bruk av elektroniske forretningsprosesser og elektronisk handel i offentlig sektor, Moderniseringsdepartementet oktober 2005
- ☐ Økonomi- og finansreglement for Solund kommune, av 4.10.2012

## Andre aktuelle føringar innanfor innkjøpsområdet

- ☐ Økonomiplanen (årleg)
- ☐ Kommuneplanen (kvart 4. år)
- ☐ Energi-, klima- og miljøplan (kvart 4. år)

## 2. INNKJØSPRAKSIS – NO-SITUASJONEN

For å komme fram til målsetting og strategiar, er det føremålsteneleg å få fram ei oversikt over no-situasjonen. Skildringa er ikkje uttømmende, men peikar på vesentleg tilhøve som er viktig i det vidare arbeidet.

### 2.1 Statistikk

Solund kommune kjøpte varer og tenestar (total omsetning) i 2013 for 37 mill. kr., frå om lag 450 leverandørar<sup>1</sup> fordelt på ca. 2800 fakturaer. Omsetnaden gjeld både drift og investering.

- Omlag 60 leverandørar med leveransar over kr. 100 000,-.
- Omlag 50 leverandørar med leveransar mellom kr. 100 000,- og 500 000,-.
- Omlag 5 leverandørar med leveransar mellom 0,5 mill. og 1 mill.
- Omlag 5 leverandørar over 1 mill.

Vi har omlag 90 leverandørar med mottatt beløp under kr. 1.000,-. Ca. 390 av leverandørane har omsetnad under kr. 100.000,-. Småkjøp fordelt på mange leverandørar kan summere seg opp til store kjøp og gi betre prisar. Mange leverandørar gir høge transaksjonskostnadar per innkjøp og er eit uttrykk for at det manglar rammeavtalar på fleire område. Vi har ingen formalisert kontroll av lojalitet til inngåtte rammeavtalar hjå oss. Vi har heller ikkje føreteke noko kalkulasjon på transaksjonskostnadane, men andre kommunar opererer med beløp på kr. 200,- til kr. 400,- pr. kjøp/faktura.

Dersom vi ser på leverandørar med beløp/omsetning over kr. 50.000, utgjer dette totalt om lag 90 leverandørar og ein omsetnad på 34 mill. kr.

- |                                                  |                                             |
|--------------------------------------------------|---------------------------------------------|
| □ Leverandørar innan forsikring, bank og pensjon | 10 (utgjer ca. 11,5 mill. kr.) <sup>2</sup> |
| □ Leverandørar – ordinære                        | 410                                         |
| □ Leverandørar – internt*                        | 30                                          |

\* internt – betyr: interkommunale samarbeidsordningar, iks, tilskot til verksemder, lag og organisasjonar, driftsavtalar.

Leverandørar – ordinære på 21,5 mill. fordeler seg slik:

- |                       |           |
|-----------------------|-----------|
| □ Verksemder i Solund | 2,5 mill. |
| □ Andre               | 19 mill.  |

### 2.2 Konkurransgjennomføring

Konkurransgjennomføring skal gjennomførast i samsvar med Lov om offentlige innkjøp (LOA). Lova med forskrift og vegleiing gir regler for korleis vi skal gjennomføre ein konkurranse. Det er mange ulike måtar å lage ein konkurranse på, alt etter kva verdi innkjøpet har og kva produktgruppe desse tilhøyrar. Innkjøpet kan gjelde enkeltkjøp, rammeavtale eller leveringsavtale.

---

<sup>1</sup> Leverandørar er i denne samanheng eit vidt omgrep som og inkluderer støtte og tilskot til privatpersonar, lag og organisasjonar, her under næringsfond.

<sup>2</sup> Her ligg bl.a. kostnadane på låna, samt pensjonskostnadar.

## **BEHOV -> KONKURRANSEGRUNNLAG -> KUNNGJERING I DOFFIN -> INNSENDING OG MOTTA AV TILBOD – EVALUERING OG TILDELEING -> KONTRAKT KLAR FOR BESTILLING**

Det er ulike måtar å organisere konkurransane (anboda) på:

1. Felles konkurranse mellom fleire kommunar utført av ein av kommunane eller som et samarbeid
2. Solund kommune utførar konkurranse sjølv

### **Innkjøpssamarbeid (pkt. 1)**

*Erfaring når det gjelder innkjøpssamarbeid (ref. innkjøpsassistanse Vest og Rogalandsforskning si undersøking i 2003) konkluderte med at same leverandør som var ein betydeleg leverandør frå før til fleire av kommunane i samarbeidet gav inn vesentleg lågare prisar til samarbeidet enn til enkeltkommunar. Dette stadfestar at deltaking i nettverk/innkjøpssamarbeid med større samla volum gir store økonomiske effektar/innsparringar for den enkelte kommune.*

### **Om samarbeid mellom kommunar (pkt. 2)**

Noko av den same effekten som nemnd ovanfor, oppnår ein ved å organisere arbeidet tilsvarende som punkt 1. Ikkje alle varegrupper eller leverandørområde eignar seg for slik konkurranse. Det er difor viktig å ha kompetanse i eigen organisasjon til å kunne gjennomføre dei fleste konkurransar sjølv.

### **Lokalt næringsliv:**

Kor mykje kommunen kan kjøpe frå den lokale marknaden vil vere avhengig av omsyn til forskrift om offentlege anskaffelser – 2006, kor konkurransedyktige verksemdene er og kva tenestar og produkt som er tilgjengelege.

### **2.3 Ordre og fakturahandtering**

Kvar eining bestiller stort sett dei varene og tenestane dei har bruk for til ei kvar tid.

Einingsleiarane har mynde til å gjennomføre innkjøp og har kunnskap om kva reglar/lovverk som er gjeldande.

### **2.4 Kompetanse og organisering**

Solund kommune har ikkje noko stilling/avsett ressurs som jobbar med innkjøp. Rådgjevar , leiar for servicekontor har ansvar for administrasjon av avtalar innan innkjøpsordninga.

Når fleire skal utføre innkjøp, vil det sjølv om vi brukar fellessamlingar, vere ei utfordring å få ut god informasjon om regelverk, rammeavtalar og innkjøpsrutinar til alle.

### **2.5 Samarbeid**

Gjennom interkommunale samarbeidsløysingar som pr i dag er IKT samarbeid (10 kommunar), PPT (8 kommunar), Barnevern (4 kommunar) vil det vere innkjøp som vertskommunen gjer på vegne av fellesskapet/samarbeidet. NAV gjer sine innkjøp på staten sin innkjøpsavtale.

## 2.6 Oppsummering av no-situasjonen

- ☐ Innkjøpsfaglege roller er ikkje definert i dei enkelte einingane.
- ☐ Manglar ein ressurs i organisasjonen til å handtere innkjøpsavtalar.
- ☐ Innkjøpsreglement må oppdaterast/utarbeidast.
- ☐ Innkjøpssamarbeidet (SFFI) må vurderast.
- ☐ Varierende kompetansenivå hjå innkjøparane.
- ☐ Bestillingar blir gjennomført utan kjennskap til avtaleverk mv.
- ☐ Mange bestillarar, faktura og små beløp.
- ☐ Manglar program for elektronisk ordrehandtering.
- ☐ Ynskje frå lokalt næringsliv om å handle meir lokalt.

## 3 MÅL OG AMBISJONSNIVÅ

### 3.1 Målsetting

Solund kommune skal foreta sine innkjøp:

- ☐ Innan den ramme som LOA (lov om offentlige anskaffelser) fastset.
- ☐ Alle einingar skal kunne gjere sine innkjøp så rimeleg og effektivt som mogleg.
- ☐ Rimelegare og meir effektive innkjøp gir auka økonomiske rammer til vår tenesteproduksjon.

#### Innsatsområde:

- ☐ Avklare behov og løysing for å auke ressursbruken innan innkjøpsområdet.
- ☐ Betre kommunikasjon om kommunen si trong ovanfor næringslivet.
- ☐ Etablere/oppdatere innkjøpsreglement i Solund kommune.
- ☐ Kompetanseheving blant innkjøparane i forhold til dei ulike rollene i innkjøpsprosessen.
- ☐ Få ned fakturamengda og redusere småkjøp for å minimalisere transaksjonskostnadane.
- ☐ Innføre og ta i bruk fleire elektroniske løysingar.
- ☐ Ta i bruk e-handelsløysingar.

### 3.2 Strategisk posisjon

Leverandørstrategi er definert som ”Hvordan kjøpende virksomhet forholder seg til sin leverandør” (Persson og Virum 1995). Produkta kan være avgjerande for korleis den kjøpende verksemda forheld seg til aktuelle leverandørar. Solund kommune sine innkjøp kan delast inn i fire ulike produktgrupper . Med produkt eller artikkel meinast også tenester.

Døme:

#### Høg strategisk verdi og få leverandørar (strategiske produkt):

- Drift/serviceavtalar innan IKT
- Entreprenørar og leveransar der ein i griskrendte strøk har få tilbydarar
- Måltid institusjon
- Fagkonsulentar
- Institusjonsplassar
- Husleige

**Høg strategisk verdi og mange leverandørar (volumprodukt):**

- IKT utstyr
- Lisensar
- Kompetanseutvikling
- Medisin
- Bygningstryggleik

**Låg strategisk verdi og få leverandørar (flaskehalsprodukt)**

- Transport
- Spesialvedlikehald
- Tenestereiser

**Låg strategisk verdi og mange leverandørar (ikkje kritiske produkt):**

- Bøker, trykksaker mv.
- Kontorrekvisita
- Elektroinst.
- Kvite- og brunevarer
- Bilar
- PC'ar
- Byggevarer

Hovudtyngda av innkjøp indikerer at konkurranse og relativt kortsiktige avtaler gir størst økonomisk gevinst. Når det gjeld til dømes kjøp av konsulenttenester, er dette området så stort at det krev ei eiga analyse av kvar kategori for å få plassert desse tenestane korrekt i ei slik vurdering.

I forhold til meir strategiske og spesialiserte produkt/tenestar vil avhengigheita til leverandør vere vesentlig større enn der leverandørane er mange og produkta standardiserte. For dette produktområdet vil forholdet til leverandørane vere meir langvarig og prega av samarbeid og vidareutvikling av produkt/tenester.

Døme på dette kan vere arkiv og sakssystem, personal/lønnsystem, økonomisystem, sjukeheimplassar og middag til eldre.

**Fokus for Solund kommune vil derfor vere å sikre rammeavtalar på produktgrupper med mange leverandørar, standardiserte varer og tenestar og stor økonomisk omsetnad.****3.3 Elektroniske verktøy**

DIFI (Direktoratet for forvaltning og IKT) har etter 1.1.08 auka fokuset på e-handel og har etablert nettstaden [www.ehandel.no](http://www.ehandel.no) som skal bidra til å fremje bruk av elektronisk handel i offentlig sektor. Ehandel.no er det viktigaste initiativet frå Difi for å gjere det lettare å ta i bruk elektronisk handel. Offentlege verksemder vert her tilbydd kostnadseffektiv tilgang til heilheitlege e-handelstenester og vegleiing i korleis e-handelstenester kan bli eit effektivt verktøy for betre, enklare og sikrare innkjøp.

Solund kommune er med i IKT samarbeid med totalt 10 kommunar i Sunnfjord og ytre Sogn. Det vil vere naturleg å jobbe vidare med å utnytte elektroniske verktøy der det er formålstenleg.

I løpet av dei siste åra er det teke i bruk nye elektroniske løysingar slik alle einingar og fagområde er brukarar av elektroniske tenestar. Innsatsen framover vil vere integrasjon mellom løysingane, interne system og eksterne system samt opplæring. Det blir difor viktig å følgje med på kva som skjer framover og fortløpande vurdere dei moglegheiter som byr seg innan elektroniske tenestar.

## 4. HANDLINGSPLAN

### 4.1 Innleiing

For å nå dei måla som er satt opp under punkt 3.1, har vi følgjande handlingsplan. Det er ikkje sett av midlar til dei ulike tiltaka. Ved å effektivisere innkjøpa er det grunn til å tru at det blir frigjort midlar utan at ein kan talfeste dette.

Nokre punkt ynskjer vi å følgje opp årleg

- ☐ Redusere fakturamengda med 20% (i perioden).
- ☐ Redusere leverandørmengda på kjøp under 1000 kr. med 20% (i perioden)

| Oppgåve                                                                                                                      | Ansvar                                             | Periode        |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------|----------------|
| Bruke SNU som kanal for kommunikasjon med næringslivet når det gjeld kommunale innkjøpsbehov, samanheng med to siste punkta. | Rådgjevar økonomi og rådgjevar/leiar servicekontor | Kontinuerleg   |
| Avklare behov og løysing for ressursbruk.                                                                                    | Administrasjonssjef                                | 2. halvår 2014 |
| Lage skriftleg innkjøps reglement for Solund-kommune.                                                                        | Administrasjonssjef/<br>rådgjevar økonomi          | 1. halvår 2015 |
| Vurdere medlemskap i innkjøpssamarbeidet med Sogn og Fjordane Fylkeskommune (SFFI).                                          | Administrasjonssjef                                | 2. halvår 2014 |
| Kompetansheving blant innkjøparane i forhold til dei ulike rollene i innkjøpsprosessen.                                      | Rådgjevarar og einingsleiarar                      | 2015           |
| Få ned fakturamengda og redusere småkjøp for å minimalisere transaksjonskostnader                                            | Rådgjevar økonomi og einingsleiarar                | 2015-2017      |
| Implementere e-handelsløysingar                                                                                              | Rådgjevar økonomi                                  | 2015           |
| Vurdere andre elektronisk verktøy                                                                                            | Administrasjonssjef/<br>einingsleiarar             | 2014-2017      |

# SEKOM-sekretariat

|                                         |                               |                         |
|-----------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|
| <b>Saksgang</b><br>Solund kontrollutval | <b>Møtedato</b><br>04.09.2014 | <b>Saksnr</b><br>016/14 |
|-----------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|

|                                                 |                         |                              |
|-------------------------------------------------|-------------------------|------------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b><br>Audhild Ragni Vie Alme | <b>Arkiv:</b><br>FE-217 | <b>Arkivsaknr.:</b><br>14/94 |
|-------------------------------------------------|-------------------------|------------------------------|

## Forvaltningsrevisjonsprosjekt: Sjukefråvær og system for oppfølging

### Vedlegg:

| Dok.dato   | Tittel                                                                             | Dok.ID |
|------------|------------------------------------------------------------------------------------|--------|
| 14.07.2014 | Oversendingsbrev forvaltningsrevisjon - Solund kommune                             | 139    |
| 14.07.2014 | Forvaltningsrevisjonsrapport Solund kommune - Sjukefråvær og system for oppfølging | 140    |

### Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret).

Kontrollutvalet viser til forvaltningsrevisjonsrapport – Sjukefråvær og system for oppfølging, datert 11.7.2014, og ber administrasjonen ta tilrådingane frå revisor med seg i det vidare arbeidet med å utvikle eit godt system for oppfølging av sjukefråværet i Solund kommune i tråd med arbeidsmiljølov, folketrygdelov og eigne rutinedokument.

...

### Saksutgreiing:

Forvaltningsrevisjonsprosjektet, Sjukefråvær – årsak og system for oppfølging, vart tinga av kontrollutvalet i møte 5.6.2013 (sak 12/13), og bestillinga vart sendt til KRYSS-revisjon same dag. Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt, Sjukefråvær – kartlegging og system for oppfølging, vart handsam i møte 29.10.2013 (sak 18/13). Leveringsfristen var i tinginga sett til 31.5.2014.

KRYSS Revisjon leverte forvaltningsrevisjonsrapporten til SEKOM-sekretariat 11.7.2014.

Revisor har kome med følgjande konklusjon under problemstilling 1: Kartlegging av sjukefråvær:

*Hovedkonklusjonen er at sjukefråværet frå å vise ein aukande tendens i 2008 og 2009, viser ein fallande tendens fram mot 2012, der vi igjen får ein betydeleg auke. I 2013 ser det ut til at sjukefråværet har gått tilbake til litt under nivået frå 2011. Konkrete tal, tabellar og figurar som illustrerer utviklinga er stilt opp i kapittelet som omhandlar spørsmålet. Der ser vi at det er turnuspersonell som drar opp statistikken på sjukefråværet, der fråværet ligg godt over kommunen sitt samla sjukefråvær i 2010/2011 til 2012/2013. Elles ser vi at*

*undervisningspersonell saman med turnuspersonell drar opp snittet i 2011/2012, som var toppåret for sjukefråvær. Kvinner ligg heile tida ein del over sjukefråværet til menn.*

Under problemstilling 2: Kontrollere at Solund kommune har eit system for:

- a Arbeidsgjevar sin registrering av sjukefråvær ved varslings frå sjukmeldt
- b Rapportering i lønssystemet av sjukefråvær
- c Innkrevjing av refusjon frå NAV
- d Oppfølging av sjukmeldte

kjem revisor fram til følgjande konklusjonar:

- a) Det ligg føre eit system for registrering av sjukefråvær ved varslings frå sjukmeldt.
- b) Solund har ikkje eit godt nok system for registrering av sjukefråvær i lønssystemet.
- c) Ikkje tilfredsstillande system.
- d) Solund kommune har ikkje eit godt nok system for oppfølging av sjukmelde.

Revisor kjem med følgjande tilrådingar:

*Einingsleiar bør sikre at eigenmeldingsskjema blir undertekna så tidleg som mogeleg etter at arbeidet blir tatt opp igjen.*

*Revisor rår til at Solund kommune gjennomfører oppdatering av sin rutinedokumentasjon rundt handsaming av dokumentasjonsgrunnlag for sjukefråvær, registrering i økonomi- og personalsystemet, produksjon og utsending av refusjonskrav, samt oppfølging av uteståande refusjonskrav.*

*Revisor rår til at Solund kommune som del av sin internkontroll held fokus på utviklinga i restansar på utsendte refusjonskrav.*

*Revisor rår til at det blir sett i verk tiltak for å heve administrasjonen sin kompetanse på bruk av Agresso.*

*Revisor meiner at det er svært viktig at Solund kommune set i verk tiltak for å sikre at oppfølging av sjukmeldte blir dokumentert, og at oppfølginga er i tråd med arbeidsmiljølov, folketrygdelov og eige rutinedokument.*

Sekom sekretariat  
Ved  
6800 Førde

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
SÅ

Arkivkode:  
216

Journalnr.:  
014/2014

Dokumentdato:  
11.07.2014

## Oversendingsbrev forvaltningsrevisjon – Solund kommune

KRYSS- revisjon sender med denne ekspedisjonen over endeleg forvaltningsrevisjonsrapport for vidare handsaming i kontrollutvalet: «**Sjukefråvær og system for oppfølging**».

Elektronisk kopi av rapporten er sendt SEKOM sekretariat den 11.07.2014, medan formelt oversendingsbev og papirkopi av rapporten kjem postalt her.

Med helsing

  
Stig Årdal  
Kommunerevisjonen i  
Ytre Sogn og Sunnfjord  
Forvaltningsrevisor

---

### Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger  
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø  
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller  
57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27  
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;  
- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

### Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll  
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde  
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41  
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46  
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55  
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22  
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

### Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
Hyllstad kommune, 6957 Hyllestad  
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47  
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46  
- evt. mobiltlf. 99 23 52 16  
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;  
- evt. mobiltlf. 47 65 50 93

# **KRYSS Revisjon**

**Kommunerevisjonen i  
Ytre Sogn og Sunnfjord**

KOMMUNEREVISJONEN  
Ytre Sogn og Sunnfjord  
KRYSS-REVISJON

Dato: 11.07.14  
Sak nr. 014/2014  
Arkiv: 216  
Avd.kode: -  
Sakshandsamar: S/A

Off:  
Reg.nr: -

## **FORVALTNINGS- REVISJONSRAPPORT**

**Solund Kommune**

**”Sjukefråvær og system for oppfølging”**

**Rapport tinga av  
Kontrollutvalet den: 05.06.2013**

**Endeleg rapport levert den: 11.07.2014**

# **INNHALD**

|                                                                              |            |
|------------------------------------------------------------------------------|------------|
| <b>SAMANDRAG</b>                                                             | <b>3</b>   |
| <b>INNLEIING</b>                                                             | <b>5</b>   |
| <b>AVGRENSINGAR OG REVISJONSKRITERIER</b>                                    | <b>5</b>   |
| <b>METODE</b>                                                                | <b>6</b>   |
| <b>ORGANISASJON - SOLUND KOMMUNE</b>                                         | <b>7</b>   |
| <b>FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR</b>                                      | <b>8</b>   |
| <b>Problemstilling 1</b>                                                     | <b>8</b>   |
| <b>Kartlegging av sjukefråvær</b>                                            | <b>8</b>   |
| Kommunegruppe                                                                | 8          |
| KS og SSB                                                                    | 8          |
| Sjukefråvær Solund kommune                                                   | 9          |
| Sjukefråvær 2008 - 2012                                                      | 12         |
| <b>Problemstilling 2</b>                                                     | <b>13</b>  |
| <b>Arbeidsgjevars registrering av sjukefråvær ved varsling frå sjukmeldt</b> | <b>13</b>  |
| Fakta                                                                        | 13         |
| Funn                                                                         | 13         |
| Vurdering                                                                    | 14         |
| Konklusjon                                                                   | 14         |
| <b>Rapportering av sjukefråvær i lønssystem</b>                              | <b>14</b>  |
| Fakta                                                                        | 14         |
| Funn                                                                         | 15         |
| Vurdering                                                                    | 15         |
| Konklusjon                                                                   | 17         |
| <b>Innkrevjing av refusjon frå NAV</b>                                       | <b>17</b>  |
| Funn                                                                         | 18         |
| Vurdering                                                                    | 18         |
| Konklusjon                                                                   | 19         |
| <b>Oppfølging av sjukmeldte</b>                                              | <b>19</b>  |
| Fakta                                                                        | 19         |
| Funn                                                                         | 20         |
| Vurdering                                                                    | 20         |
| Konklusjon                                                                   | 20         |
| <b>TILRÅDINGAR</b>                                                           | <b>21</b>  |
| <b>SIDEORDNA FUNN</b>                                                        | <b>21</b>  |
| <b>RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR TIL HØYRINGA</b>                               | <b>22</b>  |
| <b>UNDERSKRIFT PÅ RAPPORTEN</b>                                              | <b>222</b> |
| <b>KJELDER OG REFERANSAR</b>                                                 | <b>23</b>  |
| <b>VEDLEGG:</b>                                                              |            |
| <b>Vedlegg 1: Uavhengigvurdering</b>                                         | <b>23</b>  |
| <b>Vedlegg 2: Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon</b>    | <b>23</b>  |
| <b>Vedlegg 3: Generelt om revisjonsskjelder og revisjonskriterium</b>        | <b>24</b>  |
| <b>Vedlegg 4: Revisjonsskjelder og kriterium i dette prosjektet</b>          | <b>25</b>  |
| <b>Vedlegg 5: Rutinedokument for oppfølging av fråvær</b>                    | <b>29</b>  |
| <b>Vedlegg 6: Kommunegruppe 5b</b>                                           | <b>30</b>  |

# SAMANDRAG

## Problemstilling 1: Kartlegging av sjukefråvær

Som det går fram av kapittel om avgrensingar og revisjonskriterier oppfattar revisor problemstilling om kartlegging av sjukefråvær som ei skildrande, eller deskriptiv, problemstilling, der det ikkje kan utleiast kriterier frå autoritative kjelder som tilfredsstiller krava i RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon. Det blir difor ikkje utleia revisjonskriterier for denne problemstillinga, og konklusjonane/utgreiinga i denne delen av rapporten tilfredsstiller då ikkje krava i RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon<sup>1</sup>. Revisor går heller ikkje inn på vurderingar og analyser av årsaksforhold rundt fråværet.

I arbeidet med kartlegging av sjukefråvær har vi henta inn tal frå KS sine statistikkar med tillegg av nokon opplysningar frå Solund kommune sine oversikter. I kapittel om kartlegging av sjukefråvær blir det gått nærare inn på føresetnadar for bruk av tal og statistikkar frå ulike kjelder.

## Konklusjon:

*Hovudkonklusjonen er at sjukefråværet frå å vise ein aukande tendens i 2008 til 2009, viser ein fallande tendens fram mot 2012, der vi igjen får ein betydeleg auke. I 2013 ser det ut til at sjukefråværet har gått tilbake til litt under nivået frå 2011. Konkrete tal, tabellar og figurar som illustrerer utviklinga er stilt opp i kapittelet som omhandlar spørsmålet. Der ser vi at det er turnuspersonell som drar opp statistikken på sjukefråværet, der fråværet ligg godt over kommunens samla sjukefråvær i 2010/2011 til 2012/2011<sup>2</sup>. Elles ser vi at undervisningspersonell saman med turnuspersonell drar opp snittet i 2011/2012, som var toppåret for sjukefråvær. Kvinner ligg heile tida ein del over sjukefråværet til menn.*

## Problemstilling 2: Kontrollere at Solund kommune har eit system for:

- a Arbeidsgjevars registrering av sjukefråvær ved varslings frå sjukmeldt
- b Rapportering i lønssystemet av sjukefråvær
- c Innkrevjing av refusjon frå NAV
- d Oppfølging av sjukmeldte.

I denne delen av prosjektet er det nytta informasjon frå kommunens personal- og økonomisystem (Agresso), NAV, offentleg statistikk, samtalar og e-postutveksling med m.a reviderte tenesteeiningsleiarar og administrasjonssjef. Det er også blitt gjennomført dokumentanalyse av interne styringsdokument.

Under arbeidet blei det plukka ut eit utval personalmapper som blei vurdert opp mot kommunens eige rutinedokument for oppfølging ved fråvær. Utveljing av saker blei gjort etter liste over sjukefråvær i 2013 som revisjonen fekk sendt over frå Solund kommune. Lista blei henta ut frå Agresso.

Når det gjeld spørsmål om refusjonar blei det frå driftsrekneskapen henta inn opplysningar om inntektsført refusjonskrav på sjukepengar. Vidare blei det henta inn opplysningar om restansar på

---

<sup>1</sup> Meir om dette i kapittel om avgrensingar og revisjonskriterier, samt i vedlegg 4 til denne rapporten

<sup>2</sup> Tabellane frå KS viser tal frå og med 4. kvartal til og med 3. kvartal, dvs frå og med 01.10. føregåande år til og med 30.09 året etter.

refusjonskrav frå balanserekneskapen. Innbetalt refusjonskrav er då utsendt krav med fråtrekk av restanse.

Metode og tilnærming blir nærare presentert under eige kapittel i rapporten.

**Tilrådingar:**

*Einingsleiarar bør sikre at eigenmeldingsskjema blir underteikna så tidleg som mogeleg etter at arbeidet blir tatt opp igjen.*

*Revisor rår til at Solund kommune som del av sin internkontroll held fokus på utviklinga i restansar på utsendte refusjonskrav.*

*Revisor rår til at Solund kommune gjennomfører oppdatering av sin rutinedokumentasjon rundt handsaming av dokumentasjonsgrunnlag for sjukefråvær, registrering i økonomi- og personalsystemet, produksjon og utsending av refusjonskrav, samt oppfølging av uteståande refusjonskrav.*

*Revisor rår til at det blir sett i verk tiltak for å heve administrasjonen sin kompetansen på bruk Agresso.*

*Revisor meiner at det er svært viktig at Solund kommune set i verk tiltak for å sikre at oppfølging av sjukemeldte blir dokumentert, og at oppfølginga er i tråd med arbeidsmiljølov, folketrygdelov og eige rutinedokument.*

# INNLEIING

Ifølgje tingsdokumentet som ligg til grunn for dette prosjektet er føremålet med undersøkinga å kontrollere at Solund kommune har system for kartlegging av sjukefråvær, rapporteringar av sjukefråvær og oppfølging av sjukmeldte.<sup>3</sup> Dei konkretiserte problemstillingane går fram av nemnde tingsdokument:

Problemstilling 1: Kartleggje sjukefråvær

Problemstilling 2: Kontrollere at Solund kommune har eit system for:

- a Arbeidsgjevars registrering av sjukefråvær ved varsling frå sjukmeldt
- b Rapportering i lønssystemet av sjukefråvær
- c Innkrevjing av refusjon frå NAV
- d Oppfølging av sjukmeldte.

Oppdraget er formalisert gjennom vedtak i kontrollutvalet og eiga skriftleg tinging. Ifølgje tingsdokumentet er prosjektet avgrensa til sjukefråvær i 2013.

## Faguttrykk og forkortingar

- Revisjonskriterium: Krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsarbeidet skal reviderast, eller vurderast, i forhold til.<sup>4</sup>
- System: I vår samanheng forstått som styringssystem som styrer arbeidet gjennom faste nedskrivne rutinar og instruksar.
- Agresso: Økonomi- og personalsystem. Agresso er lønn og personalsystem som mellom anna inkluderer lønnsadministrasjon, personaloppfølging, fråvær og refusjon. Blir i ulike interne dokument og i informasjon frå kommunen omtalt både som økonomisystem og personalsystem. I denne teksten blir systemet omtalt både som Agresso og økonomi- og personalsystem. Kommunen brukar ikkje andre elektroniske system for registrering av fråvær og produksjon av refusjonar.
- Aml: Arbeidsmiljølov
- Ftrl: Folketrygdelov
- KS: Kommunenes sentralforbund
- SSB: Statistisk sentralbyrå
- IA: Inkluderande arbeidsliv
- HMS: Helse- miljø og sikkerhet
- BHT: Bedriftshelseteneste

## AVGRENSINGAR OG REVISJONSKRITERIER

### Avgrensingar

Problemstilling 1 etterspør kartlegging av sjukefråvær. Ifølgje standard for forvaltningsrevisjon skal det i ein revisjonsprosess etablerast revisjonsriterier som skal vere grunngeve i, og utleia frå, autoritative kjelder innanfor det reviderte området.<sup>5</sup> Revisor forstår problemstillinga slik at det skal gjennomførast ei undersøking av storleiken på sjukefråvær i Solund kommune. Denne må nødvendigvis vurderast i høve til samanliknbare storleikar for å kunne sjå ei retning eller utvikling i fråværet. Men storleiken på sjukefråværet er i seg sjølv ikkje lovregulert, sjølv om Solund kommune som IA kommune som del av arbeidet med IA har satt mål for gjennomsnittleg nærvær på 92,57 %

---

<sup>3</sup> Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt «Sjukefråvær – kartlegging og system for oppfølging», datert 05.06.2013

<sup>4</sup> RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon

<sup>5</sup> RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon pkt 22.

pr 31.12.2013. Revisor oppfatar difor problemstillinga som skildrande, eller deskriptiv, der det ikkje kan utleiast kriterier som tilfredsstiller krava i RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon. Det blir difor ikkje utleia revisjonskriterier under denne problemstillinga. Revisor vil heller ikkje ha nokon oppfatningar av årsaksforhold rundt sjukefråværet.

Problemstilling 2 etterspør system for registrering og rapportering av sjukefråvær, refusjonsinnkrevjing og oppfølging av sjukmeldte. I vår samanheng forstår revisjonen «system» som styringssystem som styrer arbeidet gjennom faste rutinar og instruksar. Det er då eit krav at aktuelle rutinar og instruksar er skriftleg nedfelt.

For både problemstilling 1 og 2 føreset vi at prosjektet omfattar sjukefråvær grunngjeve med arbeidstakarens eigen sjukdom, og såleis ikkje sjukdom til barn av tilsette, barnepassars sjukdom, permisjon, eller anna fråvær med eller utan lønn.

Ingen av punkta handlar, slik vi ser det, om kontroll av faktisk utbetalt sjukelønn til den einskilde, eller kontroll av kvart enkelt beløp det blir kravd refusjon på.

Problemstilling 2 a forstår vi slik at det handlar om registrering av eigenmeldt sjukefråvær.

Pkt 2 b forstår vi slik at det handlar om registrering av eigen- og legemeldt sjukefråvær i Agresso, som er lønns- og personalsystem som kommunen brukar.

Pkt 2 c handlar om kommunens rutinar for produksjon, utsending og inntektsføring av refusjonskrav, samt oppfølging av uteståande krav.

Pkt 2 d les revisor til å handle om lovheimla og IA-baserte rutinar rundt oppfølging ved sjukefråvær, dvs kartleggingssamtaler, dialogmøte, oppfølgingsplan og rapportering til NAV.

### **Revisjonskriterier <sup>6</sup>**

- |                    |   |                                                                                       |
|--------------------|---|---------------------------------------------------------------------------------------|
| Problemstilling 1: | - | Ingen revisjonskriterier, jf ovanfor                                                  |
| Problemstilling 2: | - | Kommunelova sitt krav i § 23 nr. 2, jf sitat «betryggende kontroll»                   |
|                    | - | Solund kommune sitt rutinedokument «Rutinar ved oppfølging av fråvær, endra 01.07.11. |
|                    | - | Forskrift om føring av statistikk, § 4                                                |

## **METODE**

Vi føreset at vi i arbeidet med dette revisjonsprosjektet har fått tilgang til all relevant etterspurt dokumentasjon og at dokumentasjonen som elles er stilt til rådvelde er komplett og dekkjande. I prosjektet er det nytta informasjon frå kommunens personal- og økonomisystem (Agresso), offentlig statistikk, samtalar og e-postutveksling med m.a reviderte tenesteeiningsleiarar og administrasjonssjef. Det er også blitt gjennomført dokumentanalyse av interne styringsdokument. I arbeidet med kartlegging av sjukefråvær har vi brukt tal henta frå KS med tillegg av informasjon frå Solund kommune. Nedanfor kjem vi nærare inn på føresetnadar for bruk av statistikk materialet.

Når det gjeld spørsmål om refusjonar blei det frå driftsrekneskapen henta inn opplysningar om inntektsført refusjonskrav på sjukepengar. Vidare blei det henta inn opplysningar om restansar på refusjonskrav frå balanserekneskapen. Innbetalt refusjonskrav er då utsendt krav med fråtrekk av restanse.


---

<sup>6</sup> Kjeldegrunnlag og utleiing av kriterier går fram av vedlegg 4

Under arbeidet med problemstillingane i 2 a og d vart det plukka ut 13 personalmapper som blei vurdert opp mot kommunens eige rutinedokument for oppfølging ved fråvær. Utveljing av saker blei gjort etter liste over sjukefråvær i 2013 som revisjonen fekk sendt over frå Solund kommune. I første omgang blei det plukka ut to saker kvar frå 4 av einingane med mest langtidssjukefråvær, det vil seie samla 8 saker fordelt på servicekontor, grunnskule, drift og vedlikehald av skulelokale, samt helse- og omsorgstenester i institusjon. Berre to av desse var registrert med eigenmeldt sjukefråvær. I tillegg blei det difor plukka ut fem personar med eigenmeldt sjukefråvær for å undersøkje kor vidt desse hadde signert skjema for eigenmeldt sjukefråvær i tråd med rutinedokumentet til kommunen.

## ORGANISASJON – SOLUND KOMMUNE

Solund kommune har i dag ein flat organisasjonsstruktur (2-nivå-modell), med eit leiarteam beståande av administrasjonssjefen og denne sin stab og støttefunksjonar som inngår i stabsfunksjonen.<sup>7</sup> Kommunen har offentleg servicekontor med eigen leiar. Overgang til flat organisasjonsstruktur har ført til at oppgåver som tidlegare var ein del av stabsfunksjonen er sett ut til dei ulike driftseiningane/tenestoområda, eller er koordinert gjennom rådgjevarteamet i administrasjonssjefen sin stabsfunksjon. Dette gjeld mellom anna oppfølging av budsjett/rekneskapsrapporteringar, tilvising av timelister/fakturaer, og oppfølging av ulike refusjonsordningar, samt handtering av regelverk knytt til dette. Dette betyr òg at relativt mange tilsette må vere oppdatert på det same regelverket. Einingane har ansvar for sitt budsjett, med rapporteringsansvar inn mot toppleinga, som igjen syr dette saman i standardrapporteringar til dei politiske styringsorgana (formannskapet og kommunestyret).



Organisasjonskart Solund kommune<sup>8</sup>

Einingsleiar har personalansvar for sine tilsette, og hovudregelen er at det er dei som følgjer opp eigne tilsette. I administrasjonssjefen sin stab er det likevel plassert rådgjevarfunksjon med overordna personalansvar. Her er ansvarsområdet mellom anna rettleiing, informasjon og innspel til

<sup>7</sup> Overordna analyse Solund 2012

<sup>8</sup> Jf solund.kommune.no pr. 28.02.2014. Ifølge nettside oppdatert pr. 31.05.2013. Sjå også overordna analyse Solund kommune 2012.

eventuelle løysingar rundt aktuelle problemstillingar. I enkelte saker blir rådgjevar med overordna personalansvar direkte involvert i konkrete saker, som til dømes ved spørsmål om omplassering av sjukmeldt på grunn av vanskar med å føre vedkomande tilbake til opphavleg arbeid. Vidare skal rådgjevarfunksjonen sikre kontinuitet i oppfølgingsarbeidet når einingsleiar sluttar, har permisjon eller av andre grunnar er borte frå arbeidsplassen. Rådgjevar skal også følge opp og sikre overføringsinformasjon ved tilsetting av nye personar i leiarfunksjonar.<sup>9</sup>

## FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR

I dette kapitlet går vi igjennom innsamla materiale og vurderer dette opp mot kriteria som er lista opp ovanfor. Når det gjeld spørsmål om kriterier for problemstilling 1 viser vi til informasjonen ovanfor. Revisor skildrar her utviklingstrekk i sjukefråværet og jamfører dette med andre aktuelle storleikar, men har utover dette ingen kommentarar, meiningar eller analyser av årsaksforhold rundt sjukefråværet. Det blir heller ikkje gitt tilrådingar.

For problemstilling 2 blir det under kvar delproblemstilling presentert ein faktadel, funn, vurdering og konklusjon. Revisors tilrådingar blir presentert til slutt i rapporten.

### Problemstilling 1 - Kartlegging av sjukefråvær

Nedanfor følgjer oppstillingar over sjukefråvær i Solund kommune. Fråværet blir også sett i forhold til utviklinga for kommunane i Norge totalt sett, og med kommunegruppe 5b, som Solund kommune høyrer til.<sup>10</sup> Alle tal- og statistikkopplysningar er henta frå KS sine fråværsstatistikkar. Avslutningsvis blir det henta informasjon frå årsmeldinga til Solund kommune.

### Kommunegruppe

Statistisk sentralbyrå grupperer kommunar og fylkeskommunar etter folkemengd og økonomiske rammevilkår. Dette for å kunne danne seg eit betre statistisk bilete av kommunar med felles kriterier og føresetnadar. Kommunane under dei enkelte grupperingane vil slik sett «bli plukka» frå områder over heile landet, og representerer i vår samanheng då ikkje berre ein region, område eller fylke. Ifølgje opplysingane til SSB blir kommunane delt inn i 10 hovudkategoriar, der kvar hovudkategori blir delt inn i opp til tre underkategoriar. Solund kommune er blitt plassert i kategori 5b, som betyr kommunar med høge bundne kostnader, og med middels frie disponible inntekter.<sup>11</sup> Det blir presisert at sjølve talgrunnlaget for kommunane som høyrer til gruppa som går fram nedanfor, er henta ut frå KS sine statistikkar.<sup>12</sup>

### KS og SSB

Før vi går nærare inn på statistikkaterialet kan det vere nødvendig med nokon kommentarar til korleis datagrunnlaget er henta inn. Både KS, SSB og dei fleste av kommunane utarbeider fleire ulike statistikkar for å kunne måle sjukefråværet. På grunn av noko ulike metodar for innsamling av informasjon, om sjukefråvær, definisjonar og datagrunnlag, vil det alltid vere noko skilnad mellom statistikkaterialet til KS og SSB. For dei fleste periodane på 12 månadar er skilnaden mellom 0,5 og 1 prosentpoeng. I fleirtalet av sine rapportar er det KS som rapporterer høgst sjukefråvær. Det

---

<sup>9</sup> Brev frå Solund kommune av 13.03.2014

<sup>10</sup> Kommunegruppe – kommunar delt inn i grupper med felles variablar etter SSB sine definisjonar. Sjå meir om dette nedanfor.

<sup>11</sup> Oversikt kommunegruppe 5b jf vedlegg. Både oversikt og informasjon om inndeling i kommunegrupper er henta frå Utdanningsforbundet sine nettsider [www.utdanningsforbundet.no](http://www.utdanningsforbundet.no)

<sup>12</sup> Jf [www.ks.no](http://www.ks.no)

same gjeld for enkeltkommunar; KS har ofte eit noko høgare sjukefråvær enn det kommunane sjølv rapporterer. Her kan avviket varierer frå kommune til kommune.

Skilnaden mellom KS og SSB er størst på legemeldt sjukefråvær. SSB hentar inn sine data for arbeidstakarar frå Arbeidstakarregisteret. For legemeldt sjukefråvær gjeld dette alle arbeidstakarar i alderen 16 – 69 år som er busett i Noreg og registrert i arbeidstakarregisteret med eit aktivt arbeidsforhold i aktuell periode.

KS sine data blir anten henta inn direkte frå kommunane/fylkeskommunane, eller frå selskap som driflar lønns og rekneskapssystema til kommunane. I sin statistikk tar KS kunn inn arbeidstakarar som var i eit fast arbeidsforhold med førehandsbestemt arbeidstid pr veke både ved starten og utløpet av ein 12 månadsperiode. KS sine statistikkar omfattar ikkje arbeidstakarar under 18 år, og heller ikkje lærlingar. Dette gjer at vikariat, timelønne og dei fleste som er tilsett i eit engasjement ikkje blir omfatta av KS sin statistikk. Dette på grunn av at KS i utgangspunktet ønskjer å vise sjukefråvær knytt til ei stilling, og ikkje til vikariat når den tilsette er ikkje er i arbeid. Generelt betyr dette at SSB inkluderer nokon fleire grupper av arbeidstakarar enn KS. Unnataket er tilsette på permisjon, der SSB ekskluderer tilsette raskare enn KS. Resultatet av dette er moglege skilnader i statistikk på sjukefråvær om sjukefråværet for desse gruppene ikkje er i tråd med gjennomsnittet.

I tillegg til dette opererer KS og SSB med ulik tilnærming for korleis ein vurderer arbeidsdagar/dagsverk. KS inkluderer sjukefråvær på offisielle fridagar, noko som SSB ikkje gjer. Vidare kan det vere forskjellar i korleis KS og SSB justerer tal moglege dagsverk i høve til ferie, sjukdom i ferien og liknande. Det må også takast høgde for risiko for inkonsekvens i kommunane si rapportering av graderte sjukmeldingar.

Summen av dette betyr altså at det kan vere skilnader i det statistiske materialet på sjukefråvær mellom KS og SSB. Som nemnt ligg KS som regel 0,5 til 1 prosentpoeng over materialet til SSB. Revisor har ikkje vurdert materialet mellom SSB og KS for Solund kommune opp mot kvarandre. Hovudpoenget frå revisor si side er at bruken av talgrunnlaget, og jamføringane mellom dei ulike grupperingane, er konsekvent. Talgrunnlaget må såleis komme frå same kjelde. Oppstillingane nedanfor er difor henta frå KS sine oppgåver for sjukefråvær for fylkeskommunar og kommunar.<sup>13</sup>

### **Sjukefråvær Solund kommune**

Fråværsdata blir samla inn av KS i juni og desember kvart år. Innsamlinga i juni dekkjer perioden frå og med 2. kvartal føregåande år, til og med 1. kvartal året etter. Desemberinnsamlinga dekkjer perioden frå og med 4. kvartal føregåande år til og med 3. kvartal året etter.<sup>14</sup> Tabellane nedanfor har henta ut tal som viser frå og med 4. kvartal til og med 3. kvartal, dvs frå og med 01.10. føregåande år til og med 30.09 året etter.

Tabellen under er satt opp med alle kategoriane som går fram av KS sine statistikkar.<sup>15</sup> Undervisningspersonell er lærarar i barne- og ungdomsskule, samt vidaregåande skule. Det betyr at tilsette med arbeidsoppgåver tilsvarande førskulelærar, styrar i barnehage, assistent i barnehage, skuleinspektør, musikk og kulturskulelærar, musikkskulerektor, eller skulesjef ikkje er tatt med her, men er ført opp i kategorien «Annet personell». <sup>16</sup> Med turnuspersonell meinast personell med 35,5

---

<sup>13</sup> Sjukefråværsprosentar for fylkeskommunar og kommunar, aggregert og for kvart enkelt fylkeskommune og kommune. Oppgåvene omfattar legemeldt og eigenmeldt sjukefråvær, sjukefråvær i og utanfor arbeidsgjevarperiode, samt oppstillingar for ulike arbeidstakargrupper og sektorar, jamfør tabell 1.

<sup>14</sup> Artikkel på [www.ks.no](http://www.ks.no). «Datainnsamling: PAI og fraværsstatistikk»

<sup>15</sup> [www.ks.no](http://www.ks.no). Sjukefråværsprosentar for fylkeskommunar og kommunar

<sup>16</sup> Artikkel på [www.ks.no](http://www.ks.no). «Veiledning for KS' fraværsstatistikk for perioden 2. kvartal 2013 – 1. kvartal 2014.»


eller 33,5 timar pr veke. Anna personell er alle tilsette som ikkje kan reknast som undervisningspersonell eller turnuspersonell.

### Sjukefråvær Solund kommune 2010/2011 – 2012/2013

|                         | 2010/2011 | 2011/2012 | 2012/2013 |
|-------------------------|-----------|-----------|-----------|
| Legemeldt               | 9,99      | 12,47     | 9,14      |
| Eigenmeldt              | 0,79      | 0,7       | 0,78      |
| Samla                   | 10,78     | 13,17     | 9,93      |
| I arb.gj.per.           | 3,93      | 2,61      | 3,34      |
| Utanfor arb.gj.per      | 6,85      | 10,56     | 6,58      |
| Undervisnings personell | 10,7      | 17,87     | 9,06      |
| Turnus personell        | 19,04     | 19,47     | 13,3      |
| Anna personell          | 6,34      | 7,41      | 8,24      |
| Kvinner                 | 11,7      | 13,58     | 11,68     |
| Menn                    | 4,98      | 11,24     | 3,71      |
| Adm.                    | 7,3       | 3,56      | 4,07      |
| Undervisning            | 10,08     | 14,96     | 12,07     |
| Barnehagar              | 7,11      | 17,37     | 8,09      |
| Helse/pleie/o msorg     | 14,2      | 15,21     | 12,54     |
| Samferdsle/te - knikk   | -         | -         | -         |
| Anna                    | -         | -         | -         |

Tabellen viser ein topp i samla sjukefråvær på vel 13 prosent i perioden 4. kvartal 2011 til og med 3. kvartal 2012. Året før og etter viser noko lunde same nivå. Eigenmeldt sjukefråvær utgjer ca 0,7 prosent av sjukefråværet kvart år. Dette går også fram av diagrammet nedanfor.

### Eigenmeldt/legemeldt sjukefråvær Solund 2011 – 2013




Arbeidsgjevarperioden for betaling av sjukepengar er 16 dagar, deretter kan arbeidsgjevar søkje om refusjon på utbetalte sjukepengar.<sup>17</sup> Ifølgje tabellen ovanfor utgjer sjukefråvær i

<sup>17</sup> Ftrl § 8-19.

arbeidsgjevarperioden noko mindre del i 2011/2012 enn for året før og etter, samstundes som at det totale sjukefråværet dette året er på sitt største. Vi ser også at sjukefråværet blant menn ligg ein del under sjukefråvær hjå kvinner, med eit betydeleg mindre skilnad for året 2011/2012.<sup>18</sup> Her bør ein vere merksam på at langtidssjukefråvær til enkeltpersonar i ein mindre kommuneadministrasjon som Solund, kan gje betydelege utslag i tabellen.<sup>19</sup>

Forholdet mellom sjukefråvær innanfor/utanfor arbeidsgjevarperioden blir synleggjort i figuren nedanfor.

### Sjukefråvær Solund 2011 – 2013. Innafor/utanfor arbeidsgjevarperiode



Som nemnt ovanfor er Solund kommune plassert i kommunegruppe 5b. Kommunegruppe 5b er definert som små kommunar med høge bundne kostnader og låge frie disponible inntekter. Det kan vere av interesse å jamføre Solund kommune med situasjonen i denne gruppa, og med det samla sjukefråværet for norske kommunar. Talmaterialet for kvar kommune i gruppe 5b, totalt 40 kommunar, er henta inn frå KS sine statistikkar.<sup>20</sup> Snittala er rekna ut av revisor.

### Totalt sjukefråvær 2011 – 2013. Solund kommune, norske kommunar og gruppe 5b

|                 | 2010/2011 | 2011/2012 | 2012/2013 |
|-----------------|-----------|-----------|-----------|
| Solund          | 10,78     | 13,17     | 9,93      |
| Norske kommunar | 9,73      | 9,8       | 9,78      |
| Kommunegr.5 b   | 8,43      | 8,36      | 8,32      |


Her ser vi at Solund kommune heile vegen ligg noko over sjukefråværet i norske kommunar og gruppe 5b. Differansen er større mellom Solund og dei andre gruppene i 2011/2012. Denne situasjonen blir også gjort synleg i figuren nedanfor.

<sup>18</sup> Desse tala viser sjukefråværet i gruppa, slik at summen av desse to fråværsprosentane ikkje blir det same som det totale sjukefråværet i kommunen.

<sup>19</sup> Dette blir også kommentert i Årsmelding 2012 Solund kommune.


<sup>20</sup> Jf vedlegg.

## Sjukefråvær Solund kommune, Norske kommunar, kommunegruppe 5b.



Tabellen under syner samla sjukefråvær i Solund kommune jamført med gruppene undervisning, turnus, anna personell, samt kvinner og menn.

## Samla sjukefråvær Solund kommune jamført med ulike grupper




Figuren synleggjer at det er turnuspersonell som drar opp statistikken, der fråværet i alle tre åra ligg godt over kommunens samla sjukefråvær. Elles ser vi at undervisningspersonell saman med turnuspersonell drar opp snittet i 2011/2012, som er toppunktet for sjukefråvær i Solund kommune. Kvinner ligg heile tida en del over sjukefråværet til menn. I gruppa menn var sjukefråværet spesielt stort i 2011/2012.

## Sjukefråvær 2008 – 2012

I årsmelding for 2012 er det satt opp ei oversikt over sjukefråvær i Solund kommune for perioden 2008 til 2012. Her blir det peika på at sjukefråvær sidan 2009 til ein viss grad har gått ned. Året 2012 viser likevel ei negativ utvikling, noko som skuldast auka langtidssjukefråvær som gjer betydelege utslag på statistikkar i ein liten kommuneadministrasjon. Av same årsak blir det forventa nedgang på statistikken for 2013. Her må det peikast på at det også her blir spørsmål om kor vidt det er samsvar mellom grunnlaget for taloppgåvene frå dei ulike aktørane. Ein bør difor vere varsam med å direkte

jamføre det konkrete talmaterialet mellom kommunen og KS. Ei «stikkprøve» viser at kommunens tal for 2012 viser i overkant av 12 prosent sjukefråvær, medan oversikta til KS for 4. kvartal 2011 til og med 3. kvartal 2012 viser i overkant av 13 prosent. Men vi kan likevel slå fast at tendensen er samanfallande. Ifølgje KS sine tal kan det sjå ut til at kommunen har rett i at sjukefråværet gjekk ned i 2013 i høve til 2012.

### Sjukefråvær 2009 - 2012<sup>21</sup>



Avslutningsvis kan det nemnast at målet for gjennomsnittleg nærværspersent<sup>22</sup> pr 31.12.2013 ved legemeldt sjukefråvær i Solund kommune var 92,57 %.<sup>23</sup>

### Problemstilling 2:

#### a. Arbeidsgjevars registrering av sjukefråvær ved varsling frå sjukmeldt

#### Fakta

I Solund kommune blir skjemaet «Skjema for fråværsregistrering og eigenerklæring for tilsette» brukt ved eigenmeldt sjukefråvær. Ifølgje informasjon på skjemaet skal første del av skjemaet fyllast ut og signerast av næraste leiar/anna utpeika person. Arbeidstakar signerer på skjemaet første arbeidsdag etter sjukmelding. Etter 8 dagar skal det kryssast av på kor vidt vedkomande framleis kan utføre aktuelle arbeidsoppgåver, eller har behov for tilrettelegging. Alle einingane skal bruke det same skjemaet.

#### Funn

Som nemnt under metodekapittelet blei det plukka ut sju personar med eigenmeldt sjukefråvær. Samla representerte desse 19 eigenmeldingsperiodar. Alle skjema som blei undersøkt var signert, både av leiar og sjukmeldt. I nokon av tilfella ser det ut til at det er blitt «samla opp» skjema for underskriving. Dette gjeld ein person med fleire eigenmeldingar der vi mellom anna ser at det i ein periode frå byrjing av april til midten av mai var tatt ut tre eigenmeldingsperiodar, der sjukmeldt hadde skrive under alle på same dato, den 14.05. Dèt betyr at første periode blei signert nesten seks veker etter gjenoppstart av arbeidet. Ein annan person hadde signert nesten ein månad etter siste eigenmeldingsdag. Vi kan ikkje sjå at ovannemnde periodar blir følgt av legemeldt sjukefråvær som skulle medføre at vedkomande i mellomtida ikkje har vore på arbeid. Vel halvparten var kryssa av for spørsmål om funksjonsgrad og eventuell behov for oppfølging.

<sup>21</sup> Figuren er kopiert inn som bilete frå årsmeldinga til Solund kommune 2012.

<sup>22</sup> Nærværspersent: Arbeidstid med fråtrekk av sjukefråvær. Høg nærværspersent gir låg sjukefråværsprosent.

<sup>23</sup> Arbeidsmiljø og hms plan Solund kommune 2011 - 2013

## Vurdering

Dei fleste eigenmeldingsskjema i materialet som blei gjennomgått var underteikna av både leiar og arbeidstakar når sjukmeldt var tilbake på jobb. Det er likevel uheldig at det kan ta mange veker før enkelte eigenmeldingsskjema blir signert, og at det dermed tar vesentleg lenger tid enn nødvendig før fråværet blir registrert i økonomi- og personalsystemet. (Agresso)

## Konklusjon

I og med at det her ligg føre skriftlege rutinar for registrering av sjukefråvær, og at dette i det store og heile blir følgt opp, vil vi på dette punktet kunne seie at det ligg føre eit system for registrering av sjukefråvær ved varsling frå sjukmeldt. Når det gjeld sjølve registreringa av fråværet i lønssystem, altså i Agresso, syner vi til problemstilling 2 b nedanfor.

### b. Rapportering av sjukefråvær i lønssystem

#### Fakta

Skjema for eigenmeldt sjukefråvær blir sendt Servicekontoret for registrering i Agresso. Legemeldt sjukefråvær (legerklæringar) blir sendt til økonomikontoret for registrering i Agresso der. Det er einingsleiarane som har ansvar for vidaresending av både eigenmeldingsskjema og legeerklæring. Det er også økonomikontoret som produserer refusjonskrav, jf pkt c. Skjema for legeerklæring består av fire delar, A, B, C og D. Vanleg prosedyre er at legen eller sjukmeldt sender del A av legeerklæring til NAV, og del C til arbeidsgjevar. Del B er den sjukmeldte sin kopi. Arbeidsgjevar mottar også del D, der arbeidstakar har fylt ut sitt krav om sjukepengar i arbeidsgjevarperioden. Ved fråvær utover dette blir del D lagt ved som dokumentasjon ved oversending av refusjonskrav til NAV<sup>24</sup>. Solund kommune har utarbeidd rettleiing for utfylling av del D.<sup>25</sup> Rettleiinga følger punktvis eigenerklæringa på D-delen av sjukmeldingsblanketten.

Økonomikontoret mottar informasjon frå NAV om maks dato for utbetaling av sjukepengar for kvar enkelt langtidssjukmeldt. Dette blir då lagt inn i Agresso. Økonomikontoret legg også inn endringar i sjukmeldingsgrad. I tillegg til at den enkelte eining då finn informasjon om dette i Agresso, brukar økonomikontoret også å sende e-post om endringar til aktuelle leiarar. Det er utarbeida rutinar på oppfølging av den sjukmelde, jf pkt d, og i denne dialogen blir informasjon om endringar/behov for korrigeringar i sjukmeldingsstatus også ofte gjeve munnleg og direkte til leiar.<sup>26</sup>

Under arbeidet med denne rapporten fekk revisor sendt over liste over sjukefråvær 2013 i Solund kommune. Lista var henta ut frå Agresso, og viser at det i tillegg til namn og fødselsnummer blir lagt inn kodar for kva sjukefråvær det er snakk om<sup>27</sup>. Dei mest vanlege er 1010 og 1030, altså eigenmeldt/legemeldt sjukefråvær. I tillegg brukar ein kodar for eigenmelding kronisk sjuk, sjuk med legemelding – kronisk sjuk, samt for svangerskapsrelatert sjukdom og barns sjukdom. Vidare viser sjukefråværslista lengda på sjukefråværet, sjukmeldingsgrad, teneste- og ressursnummer, samt kode for ansvar.

Det må her nemnast at Solund kommune er med i eit kommunesamarbeid med felles IKT-løysing, og som då også nyttar det same økonomi- og personalsystemet. Samarbeidet består av 10 kommunar.

Etter eigen informasjon har Solund kommune ikkje vore igjennom grunnopplæring i Agresso<sup>28</sup>, men det er blitt gjennomført informasjon/opplæring om sjukefråvær på leiar- og personalmøte.<sup>29</sup> Ifølgje

---

<sup>24</sup> Nav.no

<sup>25</sup> Solund kommune. Rutine ved eigenerklæring sjukmelding

<sup>26</sup> Brev frå Solund kommune av 13.03.2014

<sup>27</sup> Liste oversendt i papirformat frå Solund kommune til revisor.

<sup>28</sup> E-post frå Solund kommune av 02.05.2014

same brev har den einskilde eining intern praksis/rutine på å vidaresende underskrive skjema. Vi får opplyst at nokre einingar har skuggeregistrering til eige bruk.

### **Funn**

På oversendt liste over sjukefråvær 2013 fann vi tre fråvær på personar som var oppført på tilsendt fråværsliste, men som ikkje var registrert på tilsendt eigenmeldingsskjema. Omvendt fann vi to tilfelle av fråvær på eigenmeldingsskjema som ikkje var oppført i Agresso.

Under arbeidet med å hente fram informasjon om sjukefråvær i 2013 viste det seg at det blei gjort dobbeltregistrering av fråvær for personar som var tilsett i fleire deltidstillingar. Rapportane på sjukefråvær som blei henta ut av systemet var difor upålitelege, og det var nødvendig med manuell kvalitetssikring av fråværsregistreringane.<sup>30</sup> Det kan her føyast til at ovannemnte liste over sjukefråvær 2013 på grunn av dette blei manuelt korrigert av Solund kommune før den blei sendt over til revisor.

Når det gjeld problem med dobbeltføring har revisor vore i kontakt med fagleg koordinator ved SYS-IKT. SYS-IKT driftar ikt-løysinga i kommunesamarbeidet som Solund kommune er ein del av. Det blir her stadfesta at det generelt har vore eit problem med dobbeltføring av sjukefråvær for deltidstilsette i fleire stillingar i same kommune. Dette har då ikkje vore eit spesifikt problem for Solund åleine, men ei utfordring for alle kommunane i kommunesamarbeidet. Men på nyåret 2014 blei det gjort ei opprydding i systemet, og det skal no ikkje lenger vere mogeleg å dobbeltføre fråvær i Agresso. Korrekt statistikkdata, totalt for kommunen så vel som på einings- og funksjonsnivå skal no kunne takast ut. Dette gjeld både for 2013 og fleire år baketter. Oppdateringa skal vere gjort for alle kommunar i kommunesamarbeidet, og blei utført av Evry i samarbeid med fagleg koordinator ved SYS-IKT. Evry er IT-selskapet bak Agresso, og som då også står for brukarstøtte og oppfølging. Arbeidet blei avslutta 21.02.2014.

Revisor kan ikkje sjå at det er utarbeidd skriftlege rutinar på handsaming av underteikna skjema og registrering av sjukefråvær på servicekontor og økonomikontor. Dette blir også stadfesta i brev frå Solund kommune.<sup>31</sup> Som nemnt ovanfor blir det her understreka at det er gjennomført informasjon/opplæring på leiar- og personalmøte.

### **Vurdering**

Ovannemnte tre registreringar av eigenmeldt fråvær i Agresso utan underskriving av skjema kan forståast slik at revisor ikkje har fått tilgang til aktuelle skjema, eller at det blitt registrert sjukefråvær utan at aktuelle skjema er underskrive. I så fall er dette eit brot på rutinar som går fram av kommunens rutineskjema.<sup>32</sup> Dei to døma på underteikna skjema som vi ikkje fann att i Agresso kan forståast i retning av underskrive eigenmeldingsskjema blir liggande utan at det blir registrert i økonomi- og personalsystemet. I så fall representerer dette ein svakheit i registreringsrutinane rund eigenmeldt sjukefråvær.

Solund kommune stadfestar at dei har vore gjennom ovannemnte oppdateringsprosess på Agresso, men meiner likevel det er behov for dobbeltsjekking av opplysningar. Dette på grunn av «gamle» stillingar som kjem med ved registrering av sjukefråvær, anten dei har vore i eininga eller ikkje.<sup>33</sup> Revisor forstår informasjon frå fagleg koordinator ved SYS-IKT at også slike problem skal vere løyst.

---

<sup>29</sup> Brev frå Solund kommune av 13.03.2014

<sup>30</sup> Brev frå Solund kommune av 13.03.2014

<sup>31</sup> Brev frå Solund kommune av 13.03.2014

<sup>32</sup> jf problemstilling 2 a.

<sup>33</sup> E-post frå Solund kommune av 02.05.2014

Det er nødvendigvis arbeidskrevjande å måtte dobbeltsjekke informasjon som blir tatt ut frå det elektroniske systemet. Ifølgje informasjon frå kommunen brukar ein mykje tid og ressursar på å få sendt ut statistikkdata som til dømes til KS. Her blir det også peikt på nytt personale som ikkje kjenner tidlegare system og historikk.<sup>34</sup> Etter revisors oppfatning må dette gjere det vanskelegare å oppfylle mål om kartlegging av eigen- og legemeldt sjukefråvær, slik det er formulert i dokumentet «Arbeidsmiljø og hms plan Solund kommune 2011 – 2013».

Slik revisor forstår informasjon frå fagleg koordinator bør det no vere mogeleg å finne løysingar for å unngå behov for å dobbeltsjekke informasjon frå Agresso om sjukefråværet i Solund kommune. Spørsmålet blir då kor vidt kommunane oppdaterer seg på dette, og i neste omgang set i verk tiltak for å skaffe seg god nok kompetanse til å kunne bruke systemet mest mogeleg effektivt. Som nemnt ovanfor har kommunen enno ikkje vore gjennom grunnopplæring i Agresso.

Karakteren av opplysningar som kan hentast ut frå Agresso er i tråd med forskrift om statistikk ved sjukefråvær, § 4. Ut frå dette kan det seiast at ein har eit system for registrering av sjukefråvær. Men vi har også erfart at behov for manuell gjennomgang av informasjon frå systemet tar tid og ressursar. I kapittel om avgrensingar og kriterier blir «system» i vår samanheng forstått som styringssystem som styrer arbeidet gjennom faste rutinar og instruksar. Det er då eit krav at aktuelle rutinar og instruksar er skriftleg nedfelt. I same kapittel er kommunelovas § 23 pkt 2 si formulering om at administrasjonssjefen skal sjå til at administrasjonen mellom anna er gjenstand for «betryggende kontroll», brukt som kriterium. Etter revisors oppfatning er nedskrivne rutinar ein føresetnad for å kunne tilfredsstille eit slikt krav. Kontroll med at funksjonar blir følgt opp og utført på rett måte i tråd med aktuelle rutinar, instruksar og overordna retningslinjer, føreset eit skriftleg rutineverk som praksis kan målast opp mot. I vår samanheng har vi sett at det ikkje ligg føre felles skriftlege rutinar med skildring av oppgåver og konkretisering av ansvar rundt registrering av sjukefråvær i Agresso. Vi får opplyst at den einskilde eining har intern praksis/rutine på å vidaresende underskrive skjema, og at nokre einingar har skuggeregistrering til eige bruk.<sup>35</sup>

Det dannar seg då eit bilete av at registrering av sjukefråvær skjer på bakgrunn av etablert praksis i dei ulike einingane utan at det ligg til grunn eit heilskapleg og forpliktande rutineverk som definerer framgangsmåte og ansvar for utføring av dei einskilde oppgåver, og som praksis kan målast opp mot. Revisor ser at det daglege arbeidet i ein mindre kommuneadministrasjon vil kunne fungere utan eit fullt utbygt rutineverk. Men etter revisors oppfatning vil likevel eit manglande felles og forpliktande rutineverk rundt sentrale funksjonar kunne medføre ulik praksis i dei ulike einingane, med varierende kvalitet i oppfølging av aktuell fråværsdokumentasjon. Med tanke på bruk av Agresso viser kommunen som nemnt ovanfor til kompetansesvinn som følgje av at personar har avslutta sitt arbeidsforhold. Etter revisor sin oppfatning vil eit godt utarbeida rutineverk, med skildring av rutinar, funksjonar og ansvar, vere eit godt hjelpemiddel også for overføring av kunnskap og kompetanse. Manglande kompetanse på eit område vil nødvendigvis auke sjansen for avvik, feilføringar eller manglande oppfølging av lovpålagte funksjonar.

Oppsummeringsvis har vi sett at karakteren av opplysningane som kan hentast ut frå Agresso er i tråd med forskrift om føring av statistikk. Men gjennomgangen ovanfor viser at fråværslistar henta ut frå Agresso, sjølv etter manuell gjennomgang, nødvendigvis ikkje korresponderer med aktuelt dokumentasjonsgrunnlag. I tillegg har organisasjonen manglande skriftleg rutineverk for føring av sjukefråvær.

---

<sup>34</sup> Brev fr Solund kommune datert 13.03.14. Også e-post av 02.05.14. Dette går også fram av årsmelding 2012.

<sup>35</sup> Brev frå Solund kommune av 13.03.2014

## Konklusjon

Manglande nedfelt rutineverk gjer at kommunens registrering av sjukefråvær ikkje kan seiast å tilfredsstille innhaldet i omgrepet «system», slik det er definert og kommentert tidlegare i framstillinga. Dette kan etter revisors oppfatning også ha konsekvensar for korleis kommunelovas krav om «betryggende kontroll» på dette området kan følgjast opp. Det same gjeld manglande kompetanse på bruk av Agresso. Konklusjonen må difor bli at Solund ikkje har eit godt nok system for registrering av sjukefråvær i lønssystemet.

### c. Innkrevjing av refusjon frå NAV

#### Fakta

Økonomireglementet pkt 8.3 seier at all dokumentasjon på refusjonskrav for sjukepengar skal bli henta inn av den personalansvarlege sjølv, og fortløpande sendast økonomikontoret for sentral registrering. Ifølgje pkt 8.4 er det den budsjettansvarlege sjølv (einingsleiar), i samråd med økonomikontoret, som står for utsending av refusjonskrav. I praksis er det fast person/tilsett på økonomikontoret som produserer, sender ut og inntektsfører refusjonskrav på utbetalt sjukelønn. Ifølgje informasjon frå kommunen skal alle ledd handle snarast råd og fortløpande,<sup>36</sup> og einingsleiar skal fortløpande sende dokumentasjon på refusjonskrav til økonomikontoret. Revisor forstår det slik at det ikkje er lagt varsling i Agresso på overgang frå arbeidsgjevarperiode til folketrygdperiode, men at økonomikontoret sjølv held kontroll på dette. Einingsleiarane er kjent med at arbeidsgjevarperioden er 16 dagar.<sup>37</sup>

Konkret blir inntektsopplysingar ved første fråvær laga ved bruk av standardskjema i systemet og sendt NAV saman med D-delen av sjukmeldingsblanketten. Dette blir gjort om lag ein gong i månaden. Kopi av D-delen av sjukmeldingsblanketten blir oppbevart i eigen perm på økonomikontoret. Refusjonar blir bokført i Agresso knytt til den eininga/det ansvarsområdet den sjukmelde er tilsett ved. Innbetaling skjer til kommunen sin sentrale driftskonto, og vert fordelt vidare til den einskilde eining som den sjukmeldte er tilsett gjennom utlikning i personalsystemet.<sup>38</sup>

Generelt for alle typar refusjonskrav skal gjennomgang av uteståande refusjonspostar og utsending av krav etter økonomireglementet skje i samband med kvar tertialrapportering og seinast innan den 15.6 og 15.2 kvart år.<sup>39</sup> Ifølgje opplysningar frå Solund kommune blir uteståande refusjonskrav på sjukepengar i praksis purra pr telefon. Etter informasjon frå kommunen er sakshandsamingstid i NAV for refusjon av sjukepengar på 10 veker<sup>40</sup>. Om kommunen ikkje innan rimeleg tid etter dette har motteke refusjon blir det teke ein telefon for å undersøker kvifor.

---

<sup>36</sup> Brev frå Solund kommune av 13.03.2014

<sup>37</sup> Brev frå Solund kommune av 13.03.2014

<sup>38</sup> Økonomireglement kap 8.5 og brev frå Solund kommune av 13.03.2014.

<sup>39</sup> Økonomireglement Solund kommune kap. 8.2

<sup>40</sup> E-post frå Solund kommune av 02.05.2014

Oppstillinga nedanfor viser oversikt over utsendt refusjonskrav, restansar og innbetalt refusjonskrav pr. 31.12 dei enkelte åra.<sup>41</sup>

|                         | 2011      | 2012      | 2013      |
|-------------------------|-----------|-----------|-----------|
| Utsendt refusjonskrav   | 2 562 899 | 3 529 813 | 3 180 515 |
| Restanse                | 155 498   | 473 303   | 714 774   |
| % av krav               | 6,1       | 13,4      | 22,5      |
| Innbetalt refusjonskrav | 2 407 401 | 3 056 510 | 2 465 741 |

### Funn

Utover det som går fram av økonomireglementet er det ikkje nedfelt skriftlege rutinar på produksjon, utsending og purring på refusjonskrav.

Av tabellen ovanfor ser vi at restansar på utbetalt refusjonskrav aukar frå 2011 til 2013. Vi legg likevel merke til at utsendt refusjonskrav frå 2012 til 2013 i beløp går noko ned. Dette betyr at restansar rekna i prosent av utsendt refusjonskrav ved årsskiftet dei respektive år aukar frå 6,1 % i 2011, til 13,4 % i 2012, og til 22,5 % i 2013.

Liste over utsendte refusjonskrav i 2013 viser at det er sendt krav om refusjon på alle fráværperiodane til det same utvalet som går fram av kapittel om metode<sup>42</sup>. (åtte langtidssjukemeldte) Ein nærare gjennomgang av to av desse personane viser at alle fráværperiodane på tilsendt liste over sjukefrávær 2013 er registrert på liste frå NAV «K27 Sentral rapport», som viser utbetalingar til kommunen.<sup>43</sup> Desse to personane var sjukmeldt frå januar til midten og slutten av november. Dette betyr nødvendigvis også at fristane for innsending av refusjonskrav til NAV er følgt opp. Det kan nemnast at det her blei funne eit avvik, der krav på ein fráværperiode fram til 27.12.2013 ikkje er inntektsført på 2013. Pengane er utbetalt, men er ført på 2014.

### Vurdering

Som nemnt ovanfor har NAV ifølgje informasjon frå kommunen sakshandsamingstid på 10 veker, medan Solund kommune sjølv sender ut krav om refusjonar ein gong i månaden. Det vil difor alltid vere eit etterslep på utbetaling av refusjonskrav. Auke i restansar kan ha fleire årsaker, som til dømes større sjukefrávær, noko som då ikkje treng å bety at oppfølging av refusjonskrav er blitt dårlegare. Tidspunktet for innmeldt sjukefrávær har også betyding, sjukmeldingar som blir meldt inn på slutten av året kan nødvendigvis dra med seg restansar til på utbetaling av sjukepengar til året etter. Likevel viser ovannemnte oversikt at det kan vere mogeleg å hente inn gevinstar ved å ha fokus på kontroll av utvikling mot større refusjonsrestansar.

Opplysningane ovanfor peikar i retning av at kommunen sender ut refusjonskrav innan frist på 3 mnd, og at desse er blitt utbetalt frå NAV.

I og med at det ser ut til at refusjonar blir sendt ut innan frist, og at kommunen får inn aktuelle refusjonsbeløp, kan ein seie at det er til stades eit system for innkrevjing av refusjonar frå NAV, jf problemstilling. Med tanke på skriftlege rutinar som føresetnad for at det er til stades eit system, jf

<sup>41</sup> Tal for utsendt refusjonskrav er inntektsført refusjon sjukepengar frå folketrygda som er inntektsført i driftsrekneskapen. Tal for restanse er henta frå balanserekneskapen. Innbetalt refusjonskrav er då utsendt krav med fråtrekk av restanse. Prosent av krav er rekna restanse i prosent av utsendt refusjonskrav.

<sup>42</sup> Liste over utsendt refusjonskrav sett opp mot korrigert fráværliste tilsendt frå kommunen. Begge henta ut frå Agresso.

<sup>43</sup> Lister nemnt under note 25, sett i forhold til liste frå NAV over utbetalte refusjonar i 2013.

tidlegare definisjon, meiner revisor at rutineverket på produksjon, utsending og oppfølging av uteståande refusjonskrav, til liks med konklusjonen under 2 b, er for svak. Økonomireglementet skisserar nokon hovudpunkt ved utsending av refusjonskrav, men desse er etter revisors oppfatning lite konkrete med tanke på ansvars plassering og funksjonsskildring. Etter revisors oppfatning gjer eit svakt rutineverk at kommunen blir sårbar for endringar i personalsituasjonen. Også her kan kommunens eigen informasjon om kompetansesvinn som følgje av avslutning av arbeidsforhold, stå som døme på potensiell inntening av tid og ressursar ved utarbeiding av eit godt rutineverk. Dette bør også vere ein sikkerhet med tanke på å «omsetningshastigheita» på utsending av refusjonskrav, og oppfølging av uteståande krav.

På bakgrunn av dette er det, til liks med problemstilling 2 b, revisor si oppfatning at oppgåvene blir utført på bakgrunn av innarbeidd praksis, utan at funksjonsskildringar og ansvar for dei ulike funksjonane er tilstrekkeleg konkretisert og nedfelt. Dette gjer og at kommunens praksis på området ikkje kan seiast å tilfredsstille omgrepet «system» slik dette er definert tidlegare i denne framstillinga, jf også 2 b.

### **Konklusjon**

Det ser ut til at kommunen sender ut refusjonskrav innan frist, og at Solund kommune får inn beløpa det er sendt krav på. Likevel må det peikast på at restansar i prosent av utsendt refusjonskrav veks.

Hovudkonklusjonen under dette punktet må likevel bli tilsvarende som under problemstilling 2 b. Mangel på nedfelt rutineverk gjer at kommunen også dette området ikkje kan seiast å tilfredsstille innhaldet i omgrepet «system», slik det er definert og kommentert tidlegare i framstillinga. Dette kan etter revisors oppfatning også ha konsekvensar for korleis kommunelovas krav om «betryggende kontroll» på dette området kan følgjast opp.

### **d. Oppfølging av sjukmeldte**

#### **Fakta**

Som del av sitt IA-arbeid har Solund kommune utarbeidd rutinedokument for oppfølging av fråvær<sup>44</sup>. Første del av rutinedokumentet, som omhandla mottak, utfylling og signering av eigenerklæring ved eigenmeldt sjukefråvær, er skildra under problemstilling 2 a. Resten av rutinedokumentet stiller krav om å utarbeide individuell oppfølgingsplan innan fire veker etter første fråværsdag, dialogmøte innan sju veker, utsending av rapport om oppfølging til NAV innan ni veker, oppfølging av tidlegare dialogmøte, nytt dialogmøte innan seks månadar for avklaring av framtidig arbeidssituasjon, samt avklaring av framtidig arbeids/livssituasjon innan 12 månadar. Bortsett frå dei to siste punkta er det ifølgje skjemaet arbeidsgjevar som er oppført som ansvarleg for oppfølging. Ved dialogmøte innan 6 månadar heiter det at det er NAV som kallar inn partane, men at alle partar kan ta initiativ til møte. Ved krav om avklaring av framtidig arbeids/livssituasjon innan 12 månadar, er det arbeidsgjevar/NAV som tar ansvar. Vi viser elles til vedlagte rutinedokument.

Som nemnt under metodekapittelet blei det valt ut mapper for gjennomgang av dokumentasjon på oppfølging av sjukefråvær etter ovannemnte rutinedokument. Det blei tatt ut to saker kvar frå 4 av einingane med mest langtidssjukefråvær. Dvs servicekontor, grunnskule, drift og vedlikehald av skulelokale, samt helse- og omsorgstenester i institusjon. Utvalet, som samla blei på 8 mapper, blei gjort etter liste over sjukefråvær for 2013 som revisor fekk sendt over frå Solund kommune. Lista blei henta ut frå økonomi- og personalsystemet, Agresso.

---

<sup>44</sup> Rutinar ved oppfølging av fråvær, endra 01.07.2011.

## **Funn**

I ei av sakene som blei gått igjennom hadde arbeidstakar sagt opp stillinga si i sjukmeldingsperioden. Denne saka låg difor på vent for tilbakemelding frå NAV på kva som er mest lønsam framgangsmåte ved søknad om pensjon, og det er difor ikkje utarbeidd oppfølgingsplan for denne personen.

Berre ei av dei andre mappene dokumenter oppfølgingsplan og dialogmøte innan frist. (4 og 7 veker) Ingen av dei andre mappene dokumenterer tilsvarande i tråd med rutinedokument. Det kan sjå ut til at det ofte blir skriving av oppfølgingsplan først ved varsel om sanksjon frå NAV (manglande rapportering etter 9 veker), eller i samband med 6 mnd dialogmøte i regi av NAV, samt i samband med søknad om tilretteleggingstiltak. I tre av mappene er det sendt varsel frå NAV om sanksjon på grunn av manglande oppfølging/rapportering. Alle blei etter tilbakemelding frå Solund kommune trekt tilbake.

I fire av sakene går det likevel fram at det har vore tett oppfølging av sjukmeldt. (I brev til sjukmeldt, NAV og i oppfølgingsplan i samband med søknad om tilretteleggingstilskot) Men dette er altså ikkje dokumentert som del av ein oppfølgingsprosess i tråd med rutinedokumentet.

Berre to av mappene dokumenterer dialogmøte i løpet av 7 veker.

## **Vurdering**

Innhaldet i rutinedokumentet for oppfølging av fråvær er etter revisors meining i tråd med aktuelt lovverk, dvs folketrygdelov og arbeidsmiljølov. I og med at det her ligg føre eit rutinedokument tilfredsstiller dette også eit av vilkåra for «system», slik dette tidlegare er definert. Gjennomgang av mapper for langtidssjukmeldte viser likevel betydelege manglar på dokumentasjon av kor vidt rutinane i praksis blir følgt opp. Gjentekne varsel om sanksjon frå NAV på manglande rapportering byggjer opp under inntrykket av å vere «bakpå» i oppfølgingsarbeidet.

Manglande dokumentasjon betyr likevel ikkje at langtidssjukmeldte ikkje blir følgt opp. Frå dokumentasjonen i enkelte mapper får vi vite at det har vore tett kontakt med sjukmeldt. Men denne kontakten er ikkje dokumentert å vere i tråd med rutinedokumentet. Revisjonen ser også at kommunen har utarbeida mål og handlingsplan HMS, IA og BHT som set ulike aktivitetar knytt til HMS og IA arbeid inn i eit årshjul. Ifølgje denne skal det gjennomførast faste evalueringar av sjukefråvær på einingane. Dette viser at kommunen ønskjer å følgje opp fråværsarbeidet på ein god og systematisk måte. Mangel på dokumentert oppfølging av sjukefråvær er likevel så gjennomgåande at det må vurderast som alvorleg i og med at dette også representerer brot på arbeidsmiljølov og folketrygdelov. Krava i kommunelovas § 23 pkt 2 om «betryggende kontroll» kan etter revisors vurdering difor ikkje seiast å vere følgt opp.

## **Konklusjon**

Kommunens rutinedokument for oppfølging av fråvær er i tråd med aktuelle lover. Revisor meiner likevel å sjå ein gjennomgåande mangel på oppfølging av rutinedokumentets innhald, og at krava i kommunelovas § 23 pkt 2 om «betryggende kontroll» såleis ikkje er følgt opp. Etter det som går fram ovanfor kan det difor ikkje seiast at Solund kommune har eit godt nok system for oppfølging av sjukmeldte.

## TILRÅDINGAR

*Einingsleiarar bør sikre at eigenmeldingsskjema blir underteikna så tidleg som mogeleg etter at arbeidet blir tatt opp igjen.*

*Revisor rår til at Solund kommune gjennomfører oppdatering av sin rutinedokumentasjon rundt handsaming av dokumentasjonsgrunnlag for sjukefråvær, registrering i økonomi- og personalsystemet, produksjon og utsending av refusjonskrav, samt oppfølging av uteståande refusjonskrav.*

*Revisor rår til at Solund kommune som del av sin internkontroll held fokus på utviklinga i restansar på utsendte refusjonskrav.*

*Revisor rår til at det blir sett i verk tiltak for å heve administrasjonen sin kompetansen på bruk Agresso.*

*Revisor meiner at det er svært viktig at Solund kommune set i verk tiltak for å sikre at oppfølging av sjukemeldte blir dokumentert, og at oppfølginga er i tråd med arbeidsmiljølov, folketrygdlov og eige rutinedokument.*

\*\*\*\*\*

## SIDEORDNA FUNN

Langs med i denne revisjonen har vi gjort følgjande funn som vi ikkje har analysert nærare, men som kan vere utgangspunkt for eigne, framtidige forvaltningsrevisjonsoppdrag:

Manglande oppdatering av interne styringsdokument.

Døme: Tiltak for IA arbeidet som går fram av dokumentet «Livsfaseplan for Solund kommune» som ikkje er oppdatert i tråd med IA avtalen for aktuell periode, dvs 2009 – 2013. Solund kommune bør oppdatere interne styringsdokument, slik at informasjon rundt same tema i dei ulike dokument korresponderer med kvarandre.

## RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR TIL HØYRINGA


Rådmannen har desse merknadene til høyringa på forvaltningsrevisjons-rapporten: (Rådmannens merknadar i eige brev er lagt ved til slutt i rapporten)

- 1) Har rådmannen kommentarar til **informasjonen** revisor gav på oppstartsmøtet om føremålet med forvaltningsrevisjonen og den vidare saksgangen, eller til referatet frå oppstartsmøtet?
- 2) Har rådmannen kommentarar til revisor si **innhenting av data** i kommunen i samband med forvaltningsrevisjonen? I tilfelle kva?
- 3) Har rådmannen kommentarar til **revisjonskriteria** som ligg til grunn for konklusjonane våre? I tilfelle kva?
- 4) Kva er rådmannen sine samla vurderingar av rapportens **konklusjonar** og **anbefalingar**?
- 5) Vil rådmannen vurdere **framlegg til tiltak** på bakgrunn av anbefalingar i rapporten der desse måtte vere gjeve? I tilfelle kva?
- 6) Korleis vurderer rådmannen **oppbygging og språkbruk** i rapporten?
- 7) Har rådmannen **andre** merknader?

## UNDERSKRIFT PÅ RAPPORTEN

Denne rapporten er utarbeidd av Stig Årdal i Kryss Revisjon

Førde, den 11.07.2014

  
(underskrift)

## KJELDER OG REFERANSAR:

Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (Arbeidsmiljølova)  
Lov om folketrygd (Folketrygdlova)  
Lov om kommuner og fylkeskommuner (Kommunelova)  
Forskrift om føring av statistikk over sykefravær og fravær ved barns sykdom  
RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon  
IA-avtale 01.mars 2010 – 31.desember 2013  
Samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv  
Arbeidsmiljø- og hms-plan for Solund kommune 2011 – 2013  
Handlingsplan 2012 – 2014 Hjelp 24 HMS  
Livsfaseplan Solund kommune  
Mål og handlingsplan HMT IA BHT  
Overordna analyse Solund kommune 2012  
Personalpolitisk plan Solund kommune  
Økonomi- og finansreglement for Solund kommune  
Årsmelding 2012 Solund kommune  
Liste over sjukefravær 2013 Solund kommune  
Nettsider til Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon [www.ks.no](http://www.ks.no)  
Nettsider til Statistisk sentralbyrå [www.ssb.no](http://www.ssb.no)  
Nettsider til NAV [www.nav.no](http://www.nav.no)  
Nettsider til Solund kommune [www.solund.kommune.no](http://www.solund.kommune.no)  
Underteikna eigenmeldingsskjema ved eigenmeldt sjukefravær  
Eigenerklæringar legemeldt sjukefravær  
Rutineskjema for oppfølging av fravær  
Dokumentasjon på oppfølging av rutinedokument  
Informasjon frå Solund kommune pr e-post og brev

## VEDLEGG:

### 1. VURDERING AV UAVHENGIGHEIT

*Uavhengigvurdering av prosjektdeltakarane i denne forvaltningsrevisjonen*

Etter RSK 001 punkt 8 er det eit ufråvikeleg krav at revisor i utføring av revisjonsarbeidet skal vere uavhengig og objektiv. For kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt skal det difor gjerast ei vurdering av revisor sin om revisor er uavhengig. Vi har nytta kommunelova § 79 og forskrift om revisjon mv § 13 som grunnlag for vår uavhengigvurdering. Vi kan ikkje sjå at det etter kriteria i ovannemnde rettskilder er forhold som svekkjar vår uavhengigheit i utføringa av denne forvaltningsrevisjonen.

### 2. RETTSLEG FORANKRING AV REVISJON OG FORVALTNINGSREVISJON

KRYSS-Revisjon er eit interkommunalt samarbeid oppretta etter Kommunelova § 27, og verksemda er resultatet av samanslåinga av dei tre tidlegare revisjonsdistrikta i Ytre Sogn, Ytre Sunnfjord og Indre Sunnfjord. Samarbeidet har tilsett to *forvaltningsrevisorar* på heiltid.

Denne rapporten er utarbeidd av KRYSS- Revisjon på oppdrag frå kontrollutvalet i Solund kommune. Oppdraget vart formalisert gjennom vedtak i kontrollutvalet og eiga skriftleg tinging. Kravet om *revisjon* av kommunal verksemd er heimla i Kommunelova § 78, og i Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar, fastsett av KRD den 15. juni 2004.

*Forvaltningsrevisjon* er ein sjølvstendig disiplin innan revisjonsfaget, og er rettsleg forankra i Kommunelova § 78 og Forskrift om revisjon, § 6. I Forskrift om revisjon § 7 vert det fastslått at intensjonen med ein forvaltningsrevisjon er å gjennomføre *systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader* ut frå kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og føresetnader. Vidare at forvaltningsrevisjonen skal skje etter god kommunal revisjonsskikk og etter anerkjende standardar. I dette prosjektet er den såkalla ”**RSK 001 – standard for forvaltningsrevisjon**” (pr. 01.02.2011) nytta som basis for å svare på tinginga, om ikkje anna er presisert.

### 3. GENERELT OM REVISJONSKJELDER OG REVISJONSKRITERIUM

I dette forvaltningsrevisjonsprosjektet har KRYSS-Revisjon nytta anerkjende metodar for forvaltningsrevisjon slik dei går fram av RSK 001 og fagartiklar med utgangspunkt i denne standarden:

- ❖ I RSK 001, pkt 21, heiter det om **problemstillingar** i det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt m.a. at *revisor må ta utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet og sikre at problemstillinga er eigna til å svare på bestillinga.*
- ❖ I RSK 001, punkt 24, er dei – generelt – viktigaste **kjeldene** for aktuelle revisjonskriterium ved forvaltningsrevisjonar lista opp, og her blir nemnt mellom anna: Lover, forskrifter, forarbeid, rettspraksis, politiske vedtak, mål og føringar, administrative retningsliner m.v. I mange tilfelle vil ”beste praksis” også kunne fungere som eit revisjonskriterium.
- ❖ RSK 001, punkt 22 seier at **revisjonskriteria** er dei *krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal reviderast/vurderast i forhold til.* Revisjonskriteria skildrar altså korleis det som blir undersøkt, *bør* fungere eller være. Revisjonskriteria dannar såleis eit målegrunnlag som relevante faktiske tilhøve innafor området problemstillinga dekkjer, vert vurdert og målt mot, for å kunne trekkje konklusjonar basert på funna i revisjonen.
- ❖ SK 001, pkt 23 seier at desse revisjonskriteria skal vere *grunngjeve i, eller utleia av, autoritative kjelder* innanfor det reviderte området.

## 4. REVISJONSKJELDER OG KRITERIUM I DETTE PROSJEKTET

Rammeverket for utarbeiding av revisjonskriterium i dette prosjektet er lover og føreskrifter, i vår bestilling i hovudsak kommunelov, arbeidsmiljølov og folketrygdlov, samt politisk vedtekne og administrative styringsdokument og rutineverk.

Nedanfor går vi først igjennom det lov- og kjeldemessige rammeverket for undersøkinga. Deretter blir revisjonskriteria konkretisert.

### **Rammelover/forskrifter**

Når det gjeld ansvarsforholdet mellom kommunal politikk og administrasjon viser vi til kommunelova § 1 som mellom anna seier at formålet med lova er å leggje til rette for effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteressene. I kommunelova § 6 vert det slått fast at det er kommunestyret som er det øvste kommunale organet. I same lov § 6, 2. setning, står det at det er kommunestyret som fattar vedtak. Sett i samanheng med forvaltningslova § 2, som mellom anna definerer omgrepet "vedtak", betyr dette at kommunestyret sin vedtakskompetanse er juridisk heimla. Vidare finn vi i kommunelova § 23 nr 2 at «Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter, og overordnede instruksar, og at den er gjenstand for betryggende kontroll». Føremålsparagrafen i kommunelova og premissane i rådmannsansvaret etter kommunelova § 23 nr. 2 gjer det såleis klart at ansvaret for rapportering og oppfølging i samband med sjukefråvær er ankra i kommunelova.

Det er folketrygdlova (ftrl.) som regulerer retten til lønn under sjukdom, der formålet med sjukepengar å gje kompensasjon for bortfall av arbeidsinntekt for yrkesaktive medlemmer som er arbeidsuføre på grunn av sjukdom eller skade<sup>45</sup>.

Arbeidsmiljølova (aml) har mellom anna som føremål å bidra til eit inkluderande arbeidsliv<sup>46</sup>. Same lov stiller også krav til at det blir utført systematisk helse-, miljø- og tryggingarbeid (HMS-arbeid) på alle plan i verksemda<sup>47</sup>. Dette skal gjerast i samarbeid med arbeidstakarar og tillitsvalte, og arbeidsgjevar skal mellom anna syte føre eit systematisk arbeid med førebygging og oppfølging av sjukefråvær.<sup>48</sup> Også folketrygdlova stiller krav til oppfølging av sjukmeldte.<sup>49</sup>

Etter forskrift om statistikk over sjukefråvær pliktar arbeidsgjevar å føre statistikk over sjukefråvær og fråvær ved barns sjukdom for alle som har arbeida opp rett til lønn under sjukdom.<sup>50</sup>

### **HMS og IA**

Som del av arbeidet med HMS (helse- miljø og sikkerheit) er det det utarbeida arbeidsmiljø- og HMS-plan for Solund kommune 2011 – 2013 der mellom anna målsettingar for arbeid i høve til sjukefråvær blir fastlagt. I tråd med organisasjonsstrukturen (linjeansvar) er det einingsleiar som er ansvarleg for å følgje opp HMS-planen, og arbeidsmiljø skal vere tema på einingsnivå, der mellom anna sjukefråvær skal takast opp<sup>51</sup>.

Intensjonsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen) har som overordna mål å «førebygge og redusere sykefravær, styrke jobbnærveret og betre arbeidsmiljøet, samt hindre

---

<sup>45</sup> Ftrl § 1-1 og 8-1

<sup>46</sup> Aml § 1-1 pkt e

<sup>47</sup> Aml § 3-1

<sup>48</sup> Aml § 3-1 og 4-6

<sup>49</sup> Ftrl § 25-2

<sup>50</sup> Forskrift om statistikk over sykefravær § 1 og 2

<sup>51</sup> Arbeidsmiljø- og hms plan Solund kommune 2011 – 2013

utstøting og frafall fra arbeidslivet». I og med at vår undersøking gjeld for 2013, baserar denne undersøkinga på intensjonsavtalen for perioden 01.03.2011 – 31.12.2013. IA-avtalen seier at det kan brukast eigenmelding i til saman 24 kalenderdagar i løpet av ein 12 månaders periode<sup>52</sup>. Eigenmelding kan ikkje nyttast meir enn i åtte dagar pr sjukefråvær.

Som del av IA arbeidet har Solund kommune utarbeidd eige rutinedokument for oppfølging av sjukmeldte<sup>53</sup>

### **Økonomi- og personell**

Kommunens økonomi- og finansreglement er utarbeidd på bakgrunn av kommunelova, som legg opp til at kommunane skal drive mål- og rammestyring<sup>54</sup>. Her er mellom anna rutinar for refusjon og å fakturere kommentert.

Dagens forskrifter stiller krav om plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.<sup>55</sup> Overordna analyse blir nytta som grunnlag for utveljing av forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontroll/selskapskontroll.<sup>56</sup> Dokumentet seier også noko om administrativ organisering av Solund kommune.

Personalpolitisk plan skisserar personalpolitiske retningslinjer. Denne kommenterer også oppfølging av sjukmelde/inkluderande arbeidsliv, og skisserar pliktar til både arbeidsgjevar og arbeidstakar i samband med målsetting for eit slikt arbeid.<sup>57</sup> Planen skal rullerast ein gong kvar valperiode.

Livsfaseplan for Solund tar også opp i seg mål og tiltak rundt IA avtalen.<sup>58</sup> Her er ny plan under utarbeiding.

Årsmelding 2012 kommenterer mellom anna utvikling i sjukefråvær<sup>59</sup>, og er utarbeidd i samsvar med kommunelova § 48 nr. 5. Under denne revisjonsprosessen er årsmelding for 2013 er enno ikkje ferdig utarbeidd.

### **Utleiing og kriterier**

Nedanfor følgjer utleiing av kriterier basert på ovannemnte kjeldemateriale:

#### **Kartleggje sjukefråvær**

Revisor oppfattar spørsmål om kartlegging av sjukefråvær som ei skildrande, eller deskriptiv, problemstilling, der det ikkje kan utleiast kriterier frå autoritative kjelder som tilfredsstiller krava i RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon. Det blir difor ikkje utleia revisjonskriterier for denne problemstillinga.<sup>60</sup> Revisor går heller ikkje inn på vurderingar og analyser av årsaksforhold rundt fråværet, og det blir ikkje gitt tilrådingar rundt denne problemstillinga.

Vår tilnærming til spørsmålet rundt kartlegging av sjukefråvær er KS sine statistikkar, med tillegg av opplysningar henta inn frå Solund kommune.

---

<sup>52</sup> Intensjonsavtale om et meir inkluderende arbeidsliv 1. mars 2010 – 31. desember 2013.

<sup>53</sup> Rutinar ved oppfølging av fråvær, endra 01.07.2011

<sup>54</sup> Økonomi- og finansreglement for Solund kommune, kap. 1.1

<sup>55</sup> Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10

<sup>56</sup> Overordna analyse. Grunnlagsmateriale for plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt Solund kommune. 2012.

<sup>57</sup> Personalpolitisk plan for Solund kommune, s. 12

<sup>58</sup> Livsfaseplan for Solund kommune, vedteken 29.04.2008

<sup>59</sup> Årsmelding 2012 Solund kommune, kap. 7.

<sup>60</sup> Meir om dette i kapittel om avgrensingar og revisjonskriterier.

## 1. Kontrollere at Solund kommune har eit system for:

- a Arbeidsgjevars registrering av sjukefråvær ved varsling frå sjukmeldt
- b Rapportering i lønssystemet av sjukefråvær
- c Innkrevjing av refusjon frå NAV
- d Oppfølging av sjukmelde

### ad. 2 a.

Etter ftrl kan ein nytte munnleg eller skriftleg eigenmelding, men ved munnleg melding kan arbeidsgjevar krevje skriftleg stadfesting på fråværet ved tilbakekomst til arbeidsstaden.<sup>61</sup> Solund kommune har som del av IA arbeidet utarbeidd eige rutinedokument for oppfølging av sjukmeldte.<sup>62</sup> Dokumentets krav til at arbeidstakar første arbeidsdag skriv under eigenmeldingsskjema høver som kriterium under punkt 2 a.

### ad.2 b

Solund kommune brukar Agresso som personal- og økonomisystem, og sjukefråvær blir registrert der. Det er også i Agresso at krav om refusjonar blir produsert, jf pkt c. Det blir ikkje brukt andre datasystem ved føring av fråvær og produksjon av refusjonar. Opplysningane om sjukefråvær som blir lagt inn må nødvendigvis då også tilfredsstillе krav om registrering i forskrift om statistikk over sjukefråvær. Ifølgje forskrifta skal følgjande opplysningar registrerast:

- moglege dagsverk fordelt etter kjønn i registreringsperioden
- tal fråværstilfelle ved eigen eller barns sjukdom fordelt etter kjønn
- tal fråværsdagar i det enkelte fråværstilfellet skal registrerast etter lengda på fråværet. Dvs
  - Inntil tre dagar (vanlegvis eigenmelding)<sup>63</sup>
  - Fire dagar til og med 16 dagar (arbeidsgjevarperioden)
  - Meir enn 16 dagar (fråvær utover arbeidsgjevarperioden og maks inn til 52 veker)

Som IA-verksemnd har kommunen mellom anna anledning til utvida bruk av eigenmelding. (opp til 24 eigenmeldingsdagar).<sup>64</sup>

Arbeidsgjevar er ansvarleg for sjukepengar dei første 16 dagane av ein sjukmeldingsperiode<sup>65</sup> (arbeidsgjevarperioden) Deretter er det folketrygda som overtar ansvaret<sup>66</sup>.

Maksimumsdato for utbetaling av sjukepengar er 248 dagar.<sup>67</sup> Dvs 50 veker. I tillegg kjem arbeidsgjevarperioden på 16 dagar.

Som nemnt i kapittel om kriterier forstår revisor i vår samanheng «system» som styringssystem som styrer arbeidet gjennom faste skriftlege rutinar og instruksar. Dei ulike registreringsfunksjonane bør difor vere tufta på skriftlege rutineskildringar. Dette er etter revisors oppfatning også ein føresetnad for å fullt ut kunne tilfredsstillе kommunelova sitt krav til «tilstrekkelig kontroll». <sup>68</sup>

Punkta ovanfor dannar såleis grunnlag for revisjonskriterium under pkt b.

---

<sup>61</sup> Ftrl § 8-24 og 8-26

<sup>62</sup> Rutinar ved oppfølging av fråvær, endra 01.07.2011

<sup>63</sup> Ifølgje aktuell IA-avtale kan arbeidstakarar ved IA-verksemnder ta ut 8x 3 eigenmeldingsdagar i løpet av eitt år.

<sup>64</sup> Intensjonsavtale 01.03.10 – 31.12.14

<sup>65</sup> Ftrl 8-18 og 8-19

<sup>66</sup> Ftrl 8-17

<sup>67</sup> Ftrl 8-12

<sup>68</sup> Kommunelova § 23 pkt 2.

#### **ad. 2 c**

For sjukmeldingsperioden utover arbeidsgjevarperioden kan arbeidsgjevar søke NAV om refusjon for utbetalte sjukepengar. For at kommunen skal få utbetalt refusjon må kravet vere NAV i hende tre månadar etter at kravet oppstod.<sup>69</sup>

Også her viser vi til revisors forståing av «system», og kommunelovas krav til «tilstrekkelig kontroll», jf pkt 2 b.

Ovannemnde punkt dannar grunnlaget for revisjonskriteria under pkt 2 c.

#### **Ad 2 d**

Ifølgje arbeidsmiljølova skal det ved sjukefråvær seinast etter 4 veker utarbeidast oppfølgingsplan med vurdering av arbeidstakers arbeidsoppgåver og arbeidsevne, samt aktuelle tiltak i arbeidsgjevars regi, aktuelle tiltak med bistand frå styresmaktene, og plan for vidare oppfølging. Oppfølgingsplanen skal sendast til sjukmeldar så snart den er utarbeida, og seinast etter 4 veker. Den skal også sendast til NAV. Etter 7 veker skal det kallast inn til dialogmøte der bedriftshelsetenesta også skal vere representert.<sup>70</sup> Sjukmeldar kan også vere representert med mindre arbeidstakar ikkje ønskjer det eller det ikkje er hensiktsmessig.<sup>71</sup> Arbeidsgjevar skal gje informasjon til NAV om oppfølgingsplan og dialogmøte innan 9 veker.<sup>72</sup> Seinast etter 26 veker skal NAV arrangere eit dialogmøte mellom sjukmeldt arbeidstakar og arbeidsgjevar. Det er NAV som tar initiativ til dette. Før utløpet av sjukepengeperioden ved eitt års fråvær, skal det igjen vurderast om arbeidsretta tiltak skal prøvast om tiltak på arbeidsplassen ikkje fører fram. Arbeidstakar, arbeidsgjevar eller sjukmeldar kan krevje at dialogmøte 2 blir arrangert tidlegare enn fristen på 26 veker, eller at det blir arrangert eit dialogmøte 3 seinare i sjukefråværsperioden.<sup>73</sup>

Solund kommune har som del av IA-arbeidet utarbeida rutinedokument for oppfølging av fråvær. Dokumentet skisserer opp krava som nemnt ovanfor.<sup>74</sup>

Punkta ovanfor dannar grunnlag for revisjonskriterium under pkt 2 d.

---

<sup>69</sup> Ftrl § 22-3 og 22-13.

<sup>70</sup> Ftrl § 25-2 pkt 4, aml § 4-6.

<sup>71</sup> Jf også ftrl 25-5a

<sup>72</sup> Jf ftrl 25-2.

<sup>73</sup> Ftrl § 8-7a

<sup>74</sup> Rutinar ved oppfølging av fråvær, endra 01.07.2011

## 5. RUTINEDOKUMENT FOR OPPFØLGING AV FRÅVÆR

### RUTINAR VED OPPFØLGING AV FRÅVÆR, endra 01.07.11

| NÅR                                      | KVA GJER VI                                                                                                                                                                                        | ANSVARLEG                                                                                                            | STATUS |
|------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------|
| I heile fråværsperioden                  | Samtale med jamne mellomrom.<br>Invitere til lunsj og andre sosiale hendingar.<br>Sende relevant post og informasjon                                                                               | Næraste leiar                                                                                                        |        |
| 1. fråværsdag.                           | Arbeidstakar gjev beskjed til næraste overordna/arbeidsplassen.<br>Meldinga vert skriftleg dokumentert ved bruk av skjema "Eigenmelding ved fråvær"                                                | Arbeidstakar<br><br>Den som tek i mot meldinga.                                                                      |        |
| 1. arbeidsdag                            | Arbeidstakar skriv under skjema "Eigenmelding ved fråvær"                                                                                                                                          | Arbeidstakar                                                                                                         |        |
| Innan 8 dagar etter første fråværsdag.   | Samtale mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar.<br>Avklare funksjonsevne, kva kan gjerast av gamle/nye arbeidsoppgåver. Evt utarbeide individuell plan, nytte mal/skjema "Oppfølgingsplan sjukmelde" | Arbeidsgjevar<br><br>Arbeidstakar og arbeidsgjevar                                                                   |        |
| Innan 4 veker etter første fråværsdag    | Utarbeide individuell oppfølgingsplan, nyttar mal "Oppfølgingsplan sjukmelde" <a href="#">NAV</a>                                                                                                  | Arbeidsgjevar kallar inn arbeidstakar.<br>Utarbeidast i fellesskap<br>Sender kopi av oppfølgingsplan til sjukemeldar |        |
| 1.dialogmøte innan 7 veker               | Arbtakar, arbgjevar og sjukmeldar (arbt må informerast på førehand), BHT og evt TV/VO som avklarar framtidig restarbeidsevne<br>Iverksette interne tiltak.                                         | Arbgjevar kallar inn partane                                                                                         |        |
| Innan 9 veker                            | Sende rapport om oppfølging til NAV                                                                                                                                                                | Arbeidsgjevar                                                                                                        |        |
| Følgjande dialogmøte                     | Følgje opp 1. /tidlegare dialogmøte.                                                                                                                                                               | Arbgj kallar inn partane                                                                                             |        |
| Innan 6 månadar etter første fråværsdag: | Avklare framtidig arbeidssituasjon, arbeidstakar, arbeidsgjevar, evt med lege,                                                                                                                     | NAV kallar inn partane, men alle partar kan ta initiativ til møte                                                    |        |

|                                                               |                                                                                                           |                   |  |
|---------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------|--|
| dialogmøte 2                                                  | NAV                                                                                                       |                   |  |
| Innan 12 månadar<br>etter første<br>fråværsdag:<br>dialogmøte | Avklare framtidig<br>arbeids/livssituasjon,<br>arbeidstakar, arbeidsgjevar,<br>NAV, evt med lege og TV/VO | Arbeidsgjevar/NAV |  |

## 6. KOMMUNEGRUPPE 5b

|      |            |      |    |
|------|------------|------|----|
| 0121 | Rømskog    | 649  | 5b |
| 0436 | Tolga      | 1697 | 5b |
| 0441 | Os         | 2047 | 5b |
| 0541 | Etnedal    | 1388 | 5b |
| 0615 | Flå        | 974  | 5b |
| 0827 | Hjartdal   | 1619 | 5b |
| 0912 | Vegårshei  | 1884 | 5b |
| 0929 | Åmli       | 1836 | 5b |
| 0935 | Iveland    | 1211 | 5b |
| 1021 | Marnardal  | 2178 | 5b |
| 1027 | Audnedal   | 1613 | 5b |
| 1034 | Hægebostad | 1597 | 5b |
| 1145 | Bokn       | 823  | 5b |
| 1151 | Utsira     | 212  | 5b |
| 1231 | Ullensvang | 3415 | 5b |
| 1234 | Granvin    | 964  | 5b |
| 1265 | Fedje      | 596  | 5b |
| 1412 | Solund     | 874  | 5b |
| 1413 | Hyllestad  | 1505 | 5b |
| 1438 | Bremanger  | 3894 | 5b |
| 1444 | Hornindal  | 1211 | 5b |
| 1545 | Midsund    | 1901 | 5b |
| 1571 | Halsa      | 1671 | 5b |
| 1613 | Snillfjord | 1022 | 5b |
| 1622 | Agdenes    | 1758 | 5b |
| 1633 | Osen       | 1041 | 5b |
| 1723 | Mosvik     | 864  | 5b |
| 1725 | Mandalseid | 1717 | 5b |
| 1743 | Høylandet  | 1273 | 5b |
| 1748 | Fosnes     | 687  | 5b |
| 1749 | Flatanger  | 1138 | 5b |
| 1816 | Vevelstad  | 485  | 5b |
| 1848 | Steigen    | 2672 | 5b |
| 1852 | Tjeldsund  | 1338 | 5b |
| 1853 | Evenes     | 1358 | 5b |
| 1857 | Værøy      | 743  | 5b |
| 1859 | Flakstad   | 1441 | 5b |
| 1867 | Bø         | 2867 | 5b |
| 1927 | Tranøy     | 1579 | 5b |
| 1938 | Lyngen     | 3208 | 5b |



KRYSS REVISJON  
Postboks 487

6802 FØRDE

Arkivsaknr.:  
13/270

Journalnr.:  
14/1907

Arkivkode:  
K1-217

Dato:  
03.07.2014

### MERKNAD TIL HØYRING FORVALTNINGSRAPPORT

Administrasjonssjef sin kommentarar til høyringa:

1. Administrasjonssjef har ikkje kommentarar
1. Administrasjonen opplever at det i noko grad var vanskeleg å fange opp kva som eigentleg vart etterspurt. Det vert opplevd at *innhaldet* i det som vart etterspurt var det same opp til fleire ganger.  
Innhentinga av data har vore mykje skriftleg, og truleg ville fleire fysiske besøk eller telefonmøte med muntleg kommunikasjon ført til oppklaringar og kanskje færre misforståingar.
2. Administrasjonssjef har ikkje kommentarar
3. Administrasjonssjef er stort sett samd i den samla vurderinga av rapporten, men har følgjande merknad:
  - a. Viser til fakta under problemstilling 2b, side 14: Solund kommune har delteke på grunnopplæringa, men dei som er tilsett pr dd, og som registrerer i Agresso, har ikkje gjennomført denne grunnopplæringa. Tilsette har stor nytte av samarbeidet gjennom SYS IKT ved erfaringsdeling, hospitering og rettleiing.
  - b. Viser til funn under problemstilling 2b, side 15:
    - i. Solund kommune har utarbeida skriftlege interne rutinar på handsaming av underteikna skjema og registrering av sjukefråvær på servicekontoret og økonomikontor. Rutinen er vedlagt.
    - ii. SYS IKT har gjennomført rydding i dobbelføringa i AGRESSO, men Solund kommune opplever framleis at det må gjennomførast meir opprydding knytt til vår organisasjon. Solund kommune opplever at Agresso er lite brukarvenleg opp mot våre behov knytt til ein liten organisasjon.
  - c. Viser til vurdering under problemstilling 2b, avsnitt 4 side 16: Registrering av sjukefråvær vert gjort på økonomikontoret/SSK og ikkje ute på einingane.
  - d. Viser til konklusjon under problemstilling 2b, side 17: Med grunnlag i merknadane over meiner administrasjonssjefen at konklusjonen må takast opp til ny vurdering.

- e. Viser til fakta under problemstilling 2c, side 17: Tabell over refusjonskrav, restanse og innbetalt refusjonskrav. Dette er no rydda opp og restansen på utsendte refusjonskrav er, pr juni 2014, redusert til kr 79 637,-.
4. Administrasjonssjef vil vurdere og gjennomføre tiltak på bakgrunn av tilråding i rapporten. På bakgrunn av egne observasjonar har Solund kommune i 2014 allereie sett i verk/planlagt tiltak som skal sikre oppfølging av sjukmelde
- Årshjul basert på IA-arbeid og «ARBEIDSMILJØ OG HMS PLAN FOR SOLUND KOMMUNE 2011 – 2013». Leiargruppa utarbeida årshjulet for 2014. Årshjulet var oppe som skriv og melding i AMU 29.01.2014.
  - På bestilling frå Solund kommune gjennomfører Arbeidslivsenteret i Sogn og Fjordane IA –grunnkurs for leiarar med personalansvar, tillitsvalde og verneombod. Lokalt NAV kontor deltek på kurset. Organiseringa er 3 dagar fordelt i perioden mars – september. Kurset vert følgt opp med internt arbeid i perioden september – desember. Her vil fokus vere på rutinar og system.
  - Ved intervju knytt til tilsetjing vert det særskilt informert om at Solund kommune er IA –bedrift og kva dette betyr for både den tilsette og leiar.
  - I kompetanseutviklingsplanane for den einskilde eining vert styrking/ kompetanseheving av leiar-rolla eige satsingsområde. Konkret skal nye leiarar delta på KS leiarprogram hausten 2014 – vår 2015, jf linken <http://www.ks.no/Regioner/Vest-Norge/Arbeidsgjevar/Grunnkompetanse-for-leiarar-i-kommunen---nytt-opplaringsprogram/>
  - Fokus på å dokumentere ulik aktivitet og møteverksemd opp mot oppfølging av sjukemeldte
  - Styrka personalressursar ved økonomikontoret/SSK for å legge til rette for kompetanseheving/-deling.
  - Oppdatere og evaluere «Livsfaseplanen for Solund kommune» er sett på dagsorden
5. Administrasjonssjef har ikkje kommentarar
6. Solund kommune er ein liten organisasjon der små endringar kan få store konsekvensar. Hausten 2011 opplevde vi auke av sjukefråvær både i stab og i ulike einingar. Samstundes opplevde vi at «sentrale» personar slutta i arbeidsforholdet. Vi fekk nyrekruttering, men har også fått kompetansesvinn slik det vert kommentert i rapporten. Å kome ajour tek tid i ein liten organisasjon, fordi når det manglar personalressursar ein stad, må andre trø til. *Ting Tek Tid*. Den einskilde tilsette er ei svært viktig brikke i vårt tannhjul. Når det stoppar opp ein stad, får dette konsekvensar for andre.

Administrasjonssjefen meiner at tiltak som er i verksett/planlagt for 2014 langt på veg støttar opp om framlegg til tiltak som kjem fram i rapporten. Vidare vil den framlagde høyringsrapporten vere eit viktig reiskap i det vidare arbeidet med å utvikle system for oppfølging av sjukefråværet i Solund kommune.

Med helsing

Erik Askeland  
Administrasjonssjef

# SEKOM-sekretariat

|                                         |                               |                         |
|-----------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|
| <b>Saksgang</b><br>Solund kontrollutval | <b>Møtedato</b><br>04.09.2014 | <b>Saksnr</b><br>017/14 |
|-----------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|

|                                                 |                         |                              |
|-------------------------------------------------|-------------------------|------------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b><br>Audhild Ragni Vie Alme | <b>Arkiv:</b><br>FE-217 | <b>Arkivsaknr.:</b><br>14/95 |
|-------------------------------------------------|-------------------------|------------------------------|

## Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsrapport: Vurdere bemanninga og ressursbruken på ulike tenesteområde

### Vedlegg:

|                               |                                                                                                            |                      |
|-------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------|
| <b>Dok.dato</b><br>26.08.2014 | <b>Tittel</b><br>Prosjektplan - Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenesteområde - Solund kommune | <b>Dok.ID</b><br>339 |
|-------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------|

### Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Prosjektplan for forvaltningsrevisjon – Vurdere bemanninga og ressursbruken på ulike tenesteområde, vert godkjent.

...

### Saksutgreiing:

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 11/14 Forvaltningsrevisjon – val av nytt prosjekt, som vart handsama 10.6.2014:

1. *Kontrollutvalet tingar følgjande revisjonsrapport: Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenesteområde.*
2. *Rapporten tek utgangspunkt i KOSTRA si kommunegruppe, gjennomsnitt i fylket og nokre kommunar som det er naturleg å samanlikne med. I rapporten bør ein legge spesielt vekt på å samanlikne med øykommunar med tilnærma likt busetnadsmønster som Solund.*
3. *Rapporten skal gi eit overordna bilete av tenestene i Solund kommune med utvalde indikatorar.*
4. *Framlegg til prosjektplan skal ligge føre til handsaming i kontrollutvalet sitt møte den 4. september 2014. Frist for prosjektrapport: 30.4.2015.*
5. *Kryss revisjon får fullmakt til å gjere avgrensingar og tilpassingar i prosjektet.*

Tinging og møtebok frå saka vart sendt i e-post til KRYSS-Revisjon 11.6.2014.

Revisor er kalla inn til møte for å gå gjennom prosjektplanen.

Solund  
kontrollutval  
Ved SEKOM sekretariat  
6800 Førde

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
cl

Arkivkode:  
216

Journalnr.:  
015/2014

Dokumentdato:  
26.08.2014

## ***PROSJEKTPLAN – Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenesteområde – Solund kommune***

| DOKUMENTOPPLYSNINGAR:           |                                                                  |
|---------------------------------|------------------------------------------------------------------|
| <b>Tittel på prosjektet:</b>    | <i>Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenesteområde</i> |
| <b>Tingar:</b>                  | Kontrollutvalet i Solund kommune                                 |
| <b>Revisjonseining:</b>         | KRYSS - Revisjon                                                 |
| <b>Oppdragsansvarleg:</b>       | Revisjonssjef forvaltning Charles Litsheim                       |
| <b>Dato for prosjektplanen:</b> | 26.08.2014                                                       |
| <b>Versjon av prosjektplan</b>  | Versjon I                                                        |

| TINGINGA – KONKRET:                    |                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |                                                                         |
|----------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------|
| Tematikk i analysa:                    | - Gje eit overordna bilete av ressursbruken i tenestene i Solund kommune med utvalde indikatorar henta frå KOSTRA- rapporteringa. Vi vil gjere ein komparativ analyse av ressursbruken i Solund kommune der kommunegruppa, Sogn og Fjordane fylke og likeeinse øykommunar inngår i analysegrunnlaget. |                                                                         |
| Tidsrommet revisjonen femnar om:       | Vi vil i utgangspunktet nytte innrapporterte tal frå 2013                                                                                                                                                                                                                                             |                                                                         |
| Målegrunnlag/utgangspunkt for analysa. | KOSTRA rapportering                                                                                                                                                                                                                                                                                   | - Utvalde indikatorar for kommunegruppa, fylket og likeeinse øykommunar |

|                       |                                                                        |
|-----------------------|------------------------------------------------------------------------|
| Metodebruk            | KOSTRA analyse.                                                        |
| Tidsbruk i prosjektet | I mehald til dei tildelte ressurstimane i avtala med KRYSS – Revisjon. |

Tidsbruken er planlagt og estimert slik:

| TIDSBRUKEN I PROSJEKTET:                                                            |           |
|-------------------------------------------------------------------------------------|-----------|
| Arbeidsoppgåver:                                                                    | Timebruk: |
| Melding om oppstart til rådmannen der vi viser til tinginga, og mandatet gjeve der. | 7,5       |
| Innsamling og analyse av data frå KOSTRA.                                           | 112,5     |
| Rapportskriving                                                                     | 75        |
| Avsluttande arbeid inkl handsaming og møte i kontrollutvalet                        | 7,5       |

### Milepælar i prosjektet

1. Oppstart av prosjektet der vi i brev gjer rådmannen merksam på tinginga, kva som er tematikken, og litt om korleis vi har tenkt å gjere analysa.
2. Innsamling og analyse av data frå KOSTRA.
3. Rapportskriving.
4. Oversending av endeleg rapport til kontrollutvalet i
5. Evt møtedeltaking i samband med handsaming av rapporten.

### Viktig presisering

I tingsingsvedtaket frå kontrollutvalet i Solund er mandatet presisert til å vere å lage ein revisjonsrapport. Vi skal med det ikkje lage ein forvaltningsrevisjon etter RSK 001. I det ligg det at vi står noko friare i vår tilnærming til oppdraget. Vi har i samråd med SEKOM valt denne tilnærminga, då oppdragsmandatet ikkje lar seg foreine med krava til revisjonskriterier, slik dei er fast sett i RSK 001 punkt 23.

### Tidsrom

Vi reknar med å vere ferdig med prosjektet innan tidsfristen sett i tinginga. Framdrift i forhold til milepælane kan rapporterast til kontrollutvalet i form av e-postar til sekretariatet. Det vert å gjere i samarbeid med sekretariatet, og kan tilpassast undervegs.

Mvh

  
Charles Litsheim  
Rev.sjef forvaltning

# SEKOM-sekretariat

|                                         |                               |                         |
|-----------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|
| <b>Saksgang</b><br>Solund kontrollutval | <b>Møtedato</b><br>04.09.2014 | <b>Saksnr</b><br>018/14 |
|-----------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|

|                                                 |                         |                              |
|-------------------------------------------------|-------------------------|------------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b><br>Audhild Ragni Vie Alme | <b>Arkiv:</b><br>FE-040 | <b>Arkivsaknr.:</b><br>14/96 |
|-------------------------------------------------|-------------------------|------------------------------|

## Oppfølgingsliste 3-2014

### Vedlegg:

### Tilråding:

(Kontrollutvalet gjør endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

### Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følge opp eller sjekke ut seinare.

| Sak                                                                      | Dato                                                | Status                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |
|--------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 06/09<br>Kontrollutvalsarbeid – tiltak                                   | 11.02.09                                            | Informasjon frå rådmannen/einingane.<br>Kvartalsrapportar som skriv og melding.<br>Tilsynsrapportar frå fylkesmannen som skriv og melding.<br>Orientering frå revisor.<br>Kvalitetsrapportar frå revisor som gjeld Solund.<br>Årleg orientering om byggjerekneskap.                                                                                                                                                                                                                                                           |
| 12/13<br>Forvaltningsrevisjon<br>«Sjukefråvær og system for oppfølging». | 5.6.2013<br><br>5.6.2013<br>29.10.2013<br>11.7.2014 | Vedtak :<br><ol style="list-style-type: none"><li>1. Tinginga for prosjektet "Sjukefråvær – årsak og system for oppfølging" vert godkjent.</li><li>2. Tingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering.</li><li>3. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding på tingsdokument i samsvar med RSK001 til neste møte i kontrollutvalet.</li></ol> <b>Tinging sendt til KRYSS-revisjon. Leveringsfrist: 31. mai 2014.</b><br>Sak 018/13 Prosjektplan godkjent.<br>Revisjonsrapport levert av KRYSS-revisjon. |
| 03/14 Møteplan for kontrollutvalet i Solund 2014                         | 13.3.2014                                           | Vedtak: Møteplan for kontrollutvalet i Solund for 2014 vert godkjent med følgjande vidare datoar: 10. juni, 4. september og 28. oktober.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| 04/14 Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Solund                       | 13.3.2014<br>17.3.2014<br>19.6.2014                 | Vedtak: Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Solund vert godkjent.<br>Sendt Solund kommune/kommunestyret<br>Handsama i kommunestyret sak 018/14                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |

|                                                    |                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |
|----------------------------------------------------|----------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 10/14 Årsrekneskapen 2014 – Solund kommune         | 10.6.2014<br><br>19.6.2014 | Vedtak:<br><ol style="list-style-type: none"> <li>1. Uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2013 for Solund kommune vert vedteken.</li> <li>2. Kontrollutvalet tilrår at rekneskapen for Solund kommune vert godkjent slik han ligg føre.</li> </ol> Handsama i kommunestyret sak 015/14                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| 11/14 Forvaltningsrevisjon – val av nytt prosjekt. | 10.6.2014<br><br>11.6.2014 | Vedtak:<br><ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kontrollutvalet tingar følgjande revisjonsrapport: Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenesteområde.</li> <li>2. Rapporten tek utgangspunkt i KOSTRA si kommunegruppe, gjennomsnitt i fylket og nokre kommunar som det er naturleg å samanlikne med. I rapporten bør ein legge spesielt vekt på å samanlikne med øykommunar med tilnærma likt busetnadsmønster som Solund.</li> <li>3. Rapporten skal gi eit overordna bilete av tenestene i Solund kommune med utvalde indikatorar.</li> <li>4. Framlegg til prosjektplan skal ligge føre til handsaming i kontrollutvalet sitt møte den 4. september 2014. Frist for prosjektrapport: 30.4.2015.</li> <li>5. Kryss revisjon får fullmakt til å gjere avgrensingar og tilpassingar i prosjektet.</li> </ol> Sendt til KRYSS Revisjon |
|                                                    |                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |

# ***SEKOM-sekretariat***

|                                         |                               |                         |
|-----------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|
| <b>Saksgang</b><br>Solund kontrollutval | <b>Møtedato</b><br>04.09.2014 | <b>Saksnr</b><br>019/14 |
|-----------------------------------------|-------------------------------|-------------------------|

|                                                 |                      |                               |
|-------------------------------------------------|----------------------|-------------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b><br>Audhild Ragni Vie Alme | <b>Arkiv:</b><br>FE- | <b>Arkivsaknr.:</b><br>14/190 |
|-------------------------------------------------|----------------------|-------------------------------|

## **Eventuelt**

### **Vedlegg:**

### **Tilråding:**

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*